

Syriske kvinner og Orientalismen.

*Framstilling av Midtaustens kvinner i
reisebøker 1807-1900.*

Silje Domben da Silva



Masteroppgåve i historie

Det humanistiske fakultet,
Institutt for arkeologi, konservering og historie,
UNIVERSITETET I OSLO.

[25.05.2018]

Osmanske kvinner i provinsen Syria og Orientalismens grep.

Framstilling av kvinner i vestlege reisebøker i Den osmanske provinsen Syria.

© Silje Domben da Silva

2018

Syriske kvinner og Orientalismen

Silje Domben da Silva

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprocentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

I denne masteroppgåva gjennomgår eg framstillingar frå reisebøker skrevet på 1800-talet. Bøker som omtalar lokale kvinner i Den osmanske provinsen Syria. Det er eit utval av 14 forfattarar som reiser over eit tidsspenn på ca.90 år, som er belyst med Edward Saids teori Orientalismen om korleis fagfeltet orientalisme har blitt til som ein måte å tenke på, basert på eit ontologisk og erkjennelsesteoretisk skilje mellom ‘Orienten’ og ‘Oksidenten’, og kjønnsperspektivet som Said er blitt kritisert for å mangle, og eg vil vise at det å ta inn eit kjønnsperspektiv faktisk endrar heile diskusjonen når eg samanliknar både menn og kvinner.. Gjennom analysen går eg gjennom dei mest omtala tema i dette kjeldegrunnlaget: harem, arbeid, adskilt, tilslørting, utsjåande og klede, som er delt opp i sko og tantour. Gjennom oppgåva vil eg vise at Said hadde rett i at Orientalismen var ein integrert del av europeisk materiell sivilisasjon og kultur, og at den ikkje var basert på særleg ny kunnskap om orienten, men ein stadfesting av det ein hadde. Tema vise at dei søkte etter å bekrefte tidlegare ‘kunnskap’, sjølv om den kunne vere utdatert, og la ikkje til rette for ny kunnskap sjølv om det hadde skjedd endringar i samfunnet og kulturen. Fokuset for oppgåva handle om korleis vesten såg på dei lokale syriske kvinnene, enn om korleis det faktisk var.

Forord

Det har vert ein glede å få lov til å utforske eit så spennande tema som dette. Det har vert ein berg og dalbane i reisebøkenes verden, der eg har fått lov til å gå i djupet, og saman med reisebokforfattarane treffe desse lokal syriske kvinnene. Først og fremst vil eg takke min fantastiske mann Sandro som har haldt ut med meg i to år i alle mine følelsemessige svingingar, støtta meg og hjelpt meg der det trengs. Takk til min vegleiar Toufoul Abou-Hodeib som alltid klart å dra meg inn på rett spor og klarna opp tankane mine når eg har køyrt meg fast. Takk til alle mine venner som har tolmodig og interessert høyrte på meg bable i veg om oppgåva og små detaljar som gir ingen mening for dei. Takk til mine fantastiske foreldre for den gode støtta og gjentatte spørsmål om: «Korleis går det?», med eit oppriktig ønske om å vite korleis oppgåva går. Ein stor takk til mine systrer for støtte, gode råd og retting. Og sist men ikkje minst takk til eit fantastisk masteseminar som har gitt meg så mange gode tilbakemeldingar og tips. Takk til pauserommet for alle gode pratar og pausar.

Silje Domben da Silva,

Mai 2018.

Innholdsfortegnelse

1	Innleiing	11
1.1	Eit århundre i endring	12
1.2	Orientalismen og kvinnekultursperspektiv	14
1.3	Kjeldar og metode	18
1.4	Oppbygging	21
2	Syria i det 19.århundre	23
2.1	Syria – Bilad al-Sham	23
2.2	Politisk – Det osmanske riket	26
2.3	Reform og forandring	29
2.4	Vestleg innflytelse og interesse i området	31
3	Å reise i tid og rom	36
3.1	Turisme	39
3.2	Stopp på vegen	40
4	Synleg og usynleg	42
4.1	Harem	43
4.2	Menn i harem	45
4.3	Kvinner i kvinnernas rom	51
4.3.1	Eit hovud av tre: oppsedding i harem	52
4.3.2	Oppsedding i det offentlege rom	58
4.4	Eit liv i separasjon	60
4.4.1	Liv i basaren	62
4.4.2	Arbeide dagen lang	64
4.5	Oppsummering:	66
5	Å verte sett eller ikkje verte sett	67
5.1	Tilsløring	70
5.2	Utsjåande	74
5.2.1	Tatovering og smink	78
5.3	Jerusalem	81
5.4	Accessories	85
5.4.1	Sko	86
5.4.2	Tantour	90

5.5	Avslutning	97
6	Konklusjon	100
	Litteraturliste	106
	Vedlegg 1	111
	Vedlegg 2	117

No table of figures entries found.

1 Innleiing

" It may, I think, be justly observed, that few books disappoint their readers more than the narrations of travellers. (...) Every writer of travels should consider, that, like all other authors, he undertakes either to instruct or please, or to mingle pleasure with instruction. He that instructs must offer to the mind something to be imitated, or something to be avoided; he that pleases must offer new images to his reader, and enable him to form a tacit comparison of his own state with that of others."

- Samuel Johnson (February 23, 1760)¹

Har du nokon gong hatt den skuffelsen av å lese om ein fantastisk stad, som setter i gang din eventyrlyst, for så å oppdage når du kjem ditt, at det ikkje var sånn du hadde sett det for deg? Eg trefte ei venninne nyleg i Luanda, Angola, som delte kor veldig annleis byen var enn det ho hadde fått intrykk av gjennom flyselskapets bilete av byen. For vi vil gjerne framstille det perfekte, det fine, det som treffe oss, og for flyselskapets del, selje flybillettar. Og når vi skal formidle noko til andre endar vi nesten alltid opp med å ikkje skildre heile biletet. For vi kan ikkje fortelje alt vi ser, skildre alle detaljar og forme eit biletet for lesaren, slik lesaren ville sett det om han hadde vert der sjølv. Vi skriv frå vårt subjektive ståstad og dermed vert framstillinga subjektiv. Fordi vi i våre subjektive fordommar, opplevingar og tankesett, ser ulike ting, vert ikkje to skildringar like (om ein då ikkje kopierer kvarandre).

Og i det vi ser leitar vi etter det som er likt, det kjente, det som for oss gir mening i alt det ukjente, og dette er då det som vi ofte skildrar tilbake til andre i ulike formar. Ein av desse formane er reisebøker, der dei reisande kunne vidareformidle dei eventyr dei hadde vert ute for over sanddyner, i Egypts pyramidar, på besøk hos sultanar og hans harem. I dag er kunnskap om verda lett tilgjengeleg, men det fantes ei tid då kunnskap om andre stadar baserte seg på slike forteljingar og skildringar som reisande tok med seg tilbake. Med nye teknologiske nyvinningar og politiske endringar var ein av dei meir aktuelle stadene på 1800-talet Midtausten med sin nærleik til Europa, som kristendommens fødestad og ein del av den

¹ Johnson, Samuel. «Narratives of travelers considered.» *Samuel Johnson's Essays (blogg)*. 08.11.2016. <http://www.johnsonessays.com/the-idler/narratives-travellers-considered/>

mest vanlege ruta frå Europa til aust mot India og Kina. Mange av desse reisande skreiv reisebøker om kva dei opplevde og såg.

Med eit større antal reisande fekk ein eit større antal reisebøker, som gjev oss eit større grunnlag å samanlikne med. Ettersom det vart tryggare og meir komfortabelt for kvinner å reise, fekk ein eit større antal kvinnelege forfattarar, som no kunne fortelje meir om dei lokale kvinnene, om den kvinnelege posisjon, den kvinnelege kropp og heimen som ein institusjon. Det var, og er blant ein del forskrarar, ein vanleg oppfatning at menn ikkje fekk tilgang til dei kvinnelege områda i eit samfunn der menn og kvinner vart konsekvent adskilt, både offentleg og privat, og dermed at kvinnelege reisande kunne fortelje meir om dette ukjente området. Gjennom ulike reisebøker vil eg derimot vise at så ikkje var tilfelle at ingen menn fekk tilgang.

Det er og ein oppfatning at kvinnene normaliserte og domestiserte det mystifiserte og seksualiserte haremets. At dei menneskjeleggjorde haremets og dess bebuarar, men eg vil vise at kvinnene til dels avkrefta mange mytar om dei osmanske kvinnene og deira private områder, men at dei like mykje som mennene objektifiserte kvinnene. Dette vil eg gjere gjennom å vise eksemplar på framstillingar av lokale kvinner i reisebøker frå Midtausten. Eg har ville sette fokus på kva desse reisebøkene seier oss om desse kvinnene, og korleis forfattarane framstille dei. Desse ulike framstillingane har eg samanlikna opp mot kvarandre og over tid for å sjå endringar i måten ein omtaler kvinnene på, og om eventuelle element i framstillinga forsvinn eller kjem til. Det leiar fram til forskingsspørsmålet:

Korleis framstille reisebøkene dei lokale syriske kvinnene på 1800-tallet?

For å kunne svare på dette vil eg spørje: *Kva fortel reisebøkene oss om kvinner i Syria? Kva endrar seg i måten ein skriv om kvinnene? Er det element som forsvinn eller kjem til?*

1.1 Eit århundre i endring.

Det osmanske rikets siger mot Safavid riket i Persia i 1514 resulterte i ein front som nokon lunde korresponderer med dagens grense mellom Tyrkia og Iran. For å beskytte denne nye grensa erobra Det osmanske riket områder heilt til den iransk-persiske grensa i aust, den arabiske halvøya i sør og grensa mot Marokko i Nord-Afrika. Dette inkluderte område som denne oppgåva tar for seg, Syria. Syria var delt opp i ulike provinsar til ulike tider under Det

osmanske riket, og var under 1800-talet forholdsvis ganske stabilt, med unntak av ein liten periode der Syria var okkupert av Egypt i 1831-1840.²

Reisebøkene som utgjer kjeldekontekstet oppstår i ei tid der Vestens dominans er i frammarsj, og globalisering i form av dampskip og jernbanen er i stor framgang. Verda vert mindre og man kan lettare reise langt, og på tvers av klasseskilje, forutsett at ein hadde midlar eller kunne jobbe for seg. Den allmenne borgar med midlar eller moglegheiter fikk ein større interesse for Midtausten, og spesielt det bibelske området. Pilegrimsreiser og danningsreiser for unge menn i ‘Østens mystikk’ fikk ein oppsving, i tillegg til den intellektuelle- og oppdagingsreisande, med teknologiske nyvinningar og utviklingar som kunne bringe den allmenne borgar komfortabelt endå lengre rundt i verda.³

Det dei fleste ville utforske i Midtausten vart logisk nok dei bibelske områda som dei aller fleste *kjente* frå forteljingane i Bibelen. Heilag for tre monoteistiske religionar, med mange forventningar og meiningar om kva som er *kjent* og kva som *ikkje er kjent*, står Palestina i ein særstilling på 1800-talet. Den europeiske imperialismens interesse for 1800-talets Palestina var ofte farga av hennar status som Det Heilage landet. Det kom mange turistar og pilegrimar til området, som førte til mange reisebøker, -skildringar og -litteratur.⁴

Reisebøkene er framstillingar som spenner over eit stort tidsrom og eit stort område. Midtausten som eit omgrep er sagt å ha oppstått i 1850-åra i det Britiske India Office. Det var først i 1902, når den amerikanske marine strategen Alfred T. Mahan brukte omgrepet for første gong for å omtale eit område mellom Arabia og India, at omgrepet vart meir allmenn kjent. Området har hatt ulike grenser til ulike tider. Regionen i dagens terminologi består av Tyrkia, Iran, Syria, Irak, Jordan, Israel, staten Palestina, den arabiske halvøya og Egypt. Nokre anglosaksiske geopolitiske definisjonar av Midtausten reknar og med Pakistan og Afghanistan i terminologien, og ekskluderer dei Nordafrikanske landa.⁵

Med dagens terminologi er Midtausten eit alt for stort område for ei masteroppgåve. Derfor har eg valt, i tillegg til å avgrense meg språkleg, å avgrense meg til områda som i dag er kalla

² Gelvin, *The Modern Middle East*, s.57.

³ Forsdick, Charles. *Travel Writing. Critical Concepts in Literary and Cultural Studies*, bind 4, red. Tim Youngs og Charles Forsdick, *Approaches to Travel*. London: Routledge, 2012, s.20, 49-50, 54.

⁴ Haider-Wilson, Barbara, and Dominique Trimbur. *Europa Und Palästina 1799-1948: Religion, Politik, Gesellschaft = Europe and Palestine 1799-1948: Religion, Politics, Society*. Wien: Verlag Der Österreichischen Akademie Der Wissenschaften, 2010, s.22-23.

⁵ Bonine, M., Amanat, S. og Gasper, M.E. *Is There a Middle East?: The Evolution of Geopolitical Concept*. Stanford, Stanford University Press, 2012, s.2-4; Koppes, C.R. «Captain Mahan, General Gordon, and the origins of the term ‘Middle East’». *Middle Eastern Studies* 12, nr.1, 1976, s.95; Corm, G. *A History of the Middle East*. Reading: Garnet Publishing Limited, 2010, S.21

Israel, Palestina, Syria, den jordanske ørken og Libanon. Dette har ikkje alltid hatt dei namn eller dei grensene dei har i dag, og fram til 1900-talet var dette området omtala som *Syria*, *Levanten* eller *Bilad al-Sham* (landet i nord) av Europearar, osmanske styresmakter og lokalbefolkinga. Det var eit område som hang saman økonomisk og politisk, og som mange reiste til i tillegg til Egypt.⁶ Derfor har eg valt eit større område for oppgåva som eg vil vidare i oppgåva omtale med omgrepet ‘*Syria*’, enn å berre avgrense meg til eit mindre område som Palestina. Det gjev eit større kjeldegrunnlag og ein større variasjon i framstillingar, og ikkje berre med eit fokus på «Det Heilage Landet» og religiøse aspekt.

1.2 Orientalismen og kvinnekritikk.

Samuel Johnson(1709-1784) var ein av Englands viktigaste og mest innverknadsrike forfattar, diktar, essayist og litteraturkritikkar på 1700-talet. Han meinte at som forfattar av eit kva som helst stykke litterært arbeid skulle ein til ein kvar tid ha lesaren i sinnet, og gjere ein av tre ting: lære bort, gjere til lags eller blande fornøyelse med instruksjon. Det han skriv vart mykje av den tankegangen som vart gjeldande utover 1800-talet. Johnson gjorde narr av dei som reiste og meldte tilbake om at ørkenen var sandete og at dalen var grøn. Den reisande som reiste for å underhalde andre, måtte huske på at hans største objekt var menneskeleg liv. Kvar ein nasjon ville ha noko underleg i sin medisin, jordbruk, manerar, skikkar og lovar, og den reisande er berre ein god reisande når han bringe med seg heim noko som ville gagne sin eigen nasjon; noko som ville skape ein etterspørsel, eller lindre vondskap, som ville gje lesaren ein plattform å samanlikne seg med andre, slik at han kunne endre seg der det visste seg å vere verre eller glede seg over der han hadde det betre.⁷

⁶ Rasmussen, Rugberg og Andersen, Erslev. *Mellemøst Håndbogen. Fakta om Landene i Mellemøsten og Nordafrika*. 2.utg., København: Systime, 1995, s.311; Bosworth, C.E. *The Encyclopaedia of Islam: 5: Khe-Mahi*, bind 5, red. C.E. Bosworth et.al. Leiden: Brill, 1986, s. 787; Bosworth, C.E. *The Encyclopaedia of Islam: 9: San-Sze*, bind 9, red. C.E. Bosworth et.al. Leiden: Brill, 1997, s. 261; Palestine Royal Commission, (July, 1937). *Report (CMD 5479)*. London: His Majesty's Stationary Office. 25.04.2017.

[https://palestinianmandate.files.wordpress.com/2014/04/cm-5479.pdf_s.6, 25, 27, 59. Palestine Royal Commission, \(1937\). Report \(CMD 5479\). London: His Majesty's Stationary Office. 25.04.2017;](https://palestinianmandate.files.wordpress.com/2014/04/cm-5479.pdf_s.6, 25, 27, 59. Palestine Royal Commission, (1937). Report (CMD 5479). London: His Majesty's Stationary Office. 25.04.2017;)
<https://palestinianmandate.files.wordpress.com/2014/04/cm-5974.pdf, s.12.>

Syria var på arabisk kjent som Sham, som betyr nord på arabisk, og omfatta eit mykje større område enn landet Syria gjer i dag. Det var heile det levantiske området Syria, Libanonfjella, den jordanske ørken og Palestina.

⁷ Folkenflik, Robert. «Samuel Johnson», i *Encyclopædia Britannica*. 08.11.2016
[https://www.britannica.com/biography/Samuel-Johnson; Matt Kirkland, «About Dr.Johnson.» Samuel Johnson's Essays \(blogg\). 04.05.2016. http://www.johnsonessays.com/about-dr-johnson/](https://www.britannica.com/biography/Samuel-Johnson; Matt Kirkland, «About Dr.Johnson.» Samuel Johnson's Essays (blogg). 04.05.2016. http://www.johnsonessays.com/about-dr-johnson/)

Edward Said påpeiker denne tankegangen gjennomgåande i si bok «Orientalismen» som han gav ut i 1978. Han såg på korleis orientalismen har blitt til som eit fagfelt som er blitt trekt ned over hovudet på orientalaren av orientalisten. Om forfattaren av litteratur om Orienten skriv han: «Hver eneste lærde (og ikke fullt så lærde) reisende i Orienten følte seg som en representativ vestlig som hadde klart å trenge igjennom uklarhetene.»⁸ Ein kunne føle det presset og ansvaret som låg på eins skuldrer om å, som Johnson skreiv, bringe med seg heime noko som han landet ville ha nyte av, for «[d]et å skrive om Egypt, Syria eller Tyrkia, i like stor grad som å reise i dem, var et spørsmål om å være på rundreise i en sfære av politisk vilje, politisk styring, politisk definisjon.»⁹

‘Orientalism’ markerte eit paradigmeskifte i korleis ein tenkte på vesten og ikkje-vesten. Det hadde vert diskusjonar og debattar rundt omgrepet orientalismen forut, men Saids skarpe kritikk av orientalismen førte til ein mangfaldig debatt rundt boka, med ulike aktørar og mykje meininger, kritiske og positive. Said definerte orientalismen veldig breitt som ikkje berre ein akademisk disiplin, men som «en måte å tenke på, basert på et ontologisk og erkjennelsesteoretisk skille mellom ‘Orienten’ og (som regel) ‘Oksidenten’». ¹⁰ Said ville vise korleis orientalismen var skapt for og av vesten, og at den var ein integrert del av europeisk *materiell* sivilisasjon og kultur. Han prøvde å vise samanhengen mellom individ, politikk, institusjonar og makt, og utfordra dermed teorien om ein verdinøytral og politisk uavhengig forsking.¹¹

Orientalisme som teori er ein europeisk diskurs av kunnskap skapt av vesten om den ‘andre’, orientalaren i dette tilfelle, som ikkje får sjølv vere med i omtalen om seg sjølv, sjølv om dei prøvde. Kunnskap og teori om den andre skapast på bakgrunn av tekst og lingvistikk, ut i frå den kunnskap ein allereie innehar, ikkje basert på den ‘andres’ forklaring, men einsidig på vestens forståing, konklusjon og tolking, ut i frå vestens synspunkt. Dette tyda at om ein skribent omtala noko som ‘orientalsk’, vart det tatt som ein objektiv nemning, i følgje professor Valerie Kennedy. ¹² Er det mogleg då å seie, med dette som utgangspunkt, at desse reisebøkenes framstilling av kvinnene er eit bilet av korleis vesten såg på kvinnene enn eit

⁸ Said, Edward. *Orientalismen*. Oslo, De norske boklubbene, 2001, s.251.

⁹ Said, *Orientalismen*, s.191; Johnson, «Narratives of travelers considered».

¹⁰ Said, *Orientalismen*, s.4-5.

¹¹ Said, *Orientalismen*, s.5-5; Thorbjørnsrud, B. «Innledende Essay». I: *Orientalismen: vestlige oppfatninger av Orienten*, Edward Said, VII-XLII. Oslo, De norske boklubbene, 2001, s.XV-XVI, XXVI-XXVII; Kennedy, V. *Edward Said: A Critical Introduction*. Cambridge: Polity Press, 2000, s.16-17, 21-22.

¹² Kennedy, *Edward Said: A Critical Introduction*, s.29.

faktisk bilete av kvinnene? Vil desse framstillingane forandre seg over tid etter kvart som imperialismen og det politiske overtaket frå Vesten tok over meir og meir?

Eit eksempel er Asher Ben-Arieh, som eg vidare i den historiske bakgrunnen vil bruke ganske mykje, som skriv: «At the beginning of the 19th century Palestine was but a *derelict* province of the *decaying* Ottoman Empire». ¹³ Det er typisk for orientalistar å framstille Det osmanske riket og dess områder som usiviliserte, umoderne og i ferd med å gå i oppløysning. Barbara Haider-Wilson påpeiker nettopp dette poenget med at det har vert ein utdatert opplysning som har gått på rundgang lenge om at Det ssmanske riket var i nedgang, mens faktum er at det først gjekk i oppløysing etter første verdskrig, ikkje før. Haider-Wilson viser og til at studiefeltet for Det Osmanske Riket har pløgd vegen for at ‘Det Osmanske Riket steig til makt, falt og gjekk i oppløysning, og det er alt vi treng å vite om det’. ¹⁴

Gjennom min analyse vil eg vise at Said hadde rett i at orientalismen var ein integrert del av europeisk materiell sivilisasjon og kultur, og at den ikkje var basert på særleg ny kunnskap om orienten, men ein stadfesting av det ein hadde. Noko som bidrog til ein orient fastlåst i tid og rom, ein orient som aldri endra seg og som var underlegne vesten i sivilisasjon og framgang. I analysen av reisebøkene oppdagar ein at det er ulike tema som harem, tilslørting og klede som går igjen. Tema som vise at dei søkte etter å bekrefte tidlegare ‘kunnskap’, sjølv om den kunne vere utdatert, og la ikkje til rette for ny kunnskap sjølv om det hadde skjedd endringar i samfunnet og kulturen. Fokuset for oppgåva vil handle om korleis vesten såg på Det osmanske riket, enn om korleis det faktisk var.

Samtidig er det avgrensingar til bruk av Orientalismen. Ei mangel på kjønnsperspektiv var noko som Said fekk mykje kritikk for, som Berit Thorbjørnsrud påpeikar i innleiinga til den norske omsetjinga av boka med at: «Det eksisterer intet kjønnsperspektiv i Orientalismen.»¹⁵ Valerie Kennedy er ein av dei som har kritisert Said for dette, og argumentera sterkt for at om ein legg kjønn til som ein definierande faktor i ein diskusjon om orientalismen, endrar det heile diskusjonen.¹⁶ Historikar Nancy L. Stockdale viser til ein god del akademikarar som tar opp dette problemet med kjønnsperspektiv, og Reina Lewis er ein av dei, som, i følgje Stockdale, i sit arbeid utfordra Said på hans poeng om at orientalismen er ein homogen

¹³ Ben-Arieh, Asher. *The Rediscovery of the Holy Land in the nineteenth century*. Jerusalem: Magnes Press, Hebrew University, 1983, s.11. Ord i kursiv av meg.

¹⁴ Haider-Wilson, Barbara, and Dominique Trimbur. *Europa Und Palästina 1799-1948: Religion, Politik, Gesellschaft = Europe and Palestine 1799-1948 : Religion, Politics, Society*. Wien: Verlag Der Österreichischen Akademie Der Wissenschaften, 2010, s.21.

¹⁵ Thorbjørnsrud, «Innledende Essay», s.XVI.

¹⁶ Kennedy, Edward Said: *A Critical Introduction*, s.37-44.

diskurs forkynt av ein samla, målbevisst og unekteleg mannleg kolonialborgar.¹⁷ Andre akademikarar, som Shirley Foster, viser til ulike representasjonar vestlege kvinner har framstilt den orientalske kvinne i, i form av reisebøker, maleri osv., og til deira tilgang til kvinnernas sfære, til forskjell frå sine samtidige menn. Desse påpeiker dei er representasjonar som viser sympati og eit søstersamhald som motvise Saids teori om orientalismens makt hevding gjennom kunnskap.¹⁸

Andre igjen snur biletet og ber oss om å ikkje la oss sjølve verte lurt av desse representasjonane og den større sfære dei vestlege kvinnene kunne ferdast i. Stockdale støtte seg fullt og heilt til dette synspunktet om å ikkje la oss lure, ettersom det kritiserer og setter spørsmålsteikn ved ein antatt haldning til at kvinner ikkje kunne bidra til endring på grunn av sin underordna sosiale og politiske posisjon. Ho bruker sterkt Saids teori i si bok om engelske kvinnernas møte med palestinske kvinner i perioden 1800-1948. Hennar formål er å forsøke å avdekke dei mange måtar dei engelske kvinnene gjorde dei innfødde til dei ‘andre’, gjennom gjentekne møter med og representasjonar av palestinske kvinner og jenter. Ho beskriv dei engelske kvinnenes intensjonar, metodar, skrifter osv. mot og om dei palestinske kvinnene, heile tida med orientalismen i bakgrunnen. Stockdale peiker mot det ho kallar Saids fundamentale argument; at gjennom Vestens akademikarar kunne ein bruke kunnskapen om austen til først å hevde vitskapeleg, og seinare politisk makt i den imperialistiske dominansens namn.¹⁹

Om kjeldene eg brukar her har vert brukt politisk, er vanskeleg å sei, men at dei har vert brukt som kunnskap om austen vil vise seg i at forfattarane bygde på kvarandre i tema som gjekk igjen. Eit av desse tema er haremet, ein stad som vekke assosiasjonar til for eksempel ‘1001 natt’, ein stad som i følgje Billie Melman har vert argumentert for å verte representert i menn sin fantasi. Men å redusere haremet til berre ein plass i menn sitt sinn, var å avskrive eit klasse- og kjønnsperspektiv, meinte ho. Det er nettopp biletet som kom fram frå både eit kvinneleg og eit mannleg perspektiv som avgjorde korleis kvinner møtte den ‘andre’. I min analyse vil eg som Stockdale vise til korleis dei gjorde kvinnene til dei ‘andre’, men ikkje berre dei kvinnelege reisande, dei mannlege og.²⁰

¹⁷ Stockdale, *Colonial Encounters among English*, s.5-6.

¹⁸ Foster, Shirley. "Colonialism and Gender in the East: Representations of the Harem in the Writings of Women Travellers." *The Yearbook of English Studies* 34, 2004, s.6-7.

¹⁹ Stockdale, N.L. (2007). *Colonial Encounters among English and Palestinian Women, 1800-1948*. Gainesville: University Press of Florida. S.1-3

²⁰ Melman, Billie. *Women's Orient: English women and the Middle East, 1718-1918: sexuality, religion and work*. Basingstoke: Macmillian, 1995, s.61.

Shirley Foster peikar på to område av framstilling, klede og kvinnernas kropp, som kan verte sett på som paradigmatiske i kvinnernas engasjement med haremets som en stad med det ho kallar kulturelle ulikskapar. Ettersom kulturelle verdier er for dei reisande skrive på kroppen, er klede og utsjåande kulturelle indikatorar på verdisystem og sosiale ideologiar. Foster vise til Judith Butler som argumentera for at for den reisande kan klede vere ein performativ handling, både for å beskytte seg sjølv og som eit synleg teikn på autoritære forskjellar med den andre. Det vil seie at klede og utsjåande kunne verte brukt til å argumentere for ein usivilisert og umoralsk befolkning, der ein i møte med kvinnene kunne verte utsett for å vere ikkje berre observatøren, men også den som vert observert. Denne eksponering kunne true med å de-stabilisere den kjønnssbaserte identitet der ein vart invitert til å re-evaluere sitt eige samfunns verdisystem.²¹ Gjennom då å ikkje samanlikne med heime og seg sjølv, og framheve forskjellane, skapar ein avstand som hjelpe å bevare eins identitet intakt mot dette truande og framande.

Tidlegare forsking har tatt for seg mykje om kvinner i Midtausten, og kvinner framstilt i reisebøker. Det finst lite generell forsking på reisebøker som ikkje er for generell og eventuelt gjev berre teori. Det meste av litteraturen er forsking av kvinner om kvinner, med fokus på kvinner. Det verkar som forskinga trekk eit skilje mellom kvinner og menn sin framstilling av kvinner i Midtausten, og det kan verke logisk om man tar for gitt at menn ikkje hadde tilgang til den sfæren kvinner i Midtausten bevega seg i. Dette utelukke likevel dei områder der menn faktisk såg kvinner. Både Kennedy og Stockdale påpeike at om ein tek med faktoren kjønn, vil dette gi eit større komplisert heilskapleg bilet og endre heile diskusjonen. Mange manglar faktisk å få kjønn inn i diskusjonen; dei ser på to halver av eit puslespel, menn eller kvinner, men set det ikkje saman for å få heile bilet.

Så i tillegg til å vise med orientalismen korleis kunnskap var resirkulert, vil eg ikkje la kvinner som ser på kvinner vere mitt fokus, men verkeleg ta inn eit kjønnsperspektiv og samanlikne framstillingar på tvers av kjønn. Eg vil vise at det å ta inn eit kjønnsperspektiv faktisk endrar heile diskusjonen når eg samanliknar både menn og kvinner.

1.3 Kjeldar og metode.

²¹ Foster, "Colonialism and Gender in the East", s.11.

Det har vert ein god del diskusjon på korleis ein skal definere reiselitteraturen.

Litteraturvitaren Jan Borm argumenterer for at reiselitteratur ikkje er ein sjanger i det heile tatt, men ein samlande terminologi for ein mengde tekst, både fiktive og ikkje-fiktive, som har til felles at hovudtema er reise.²² Keighren, Wither og Bell tar opp Borms poeng i si bok, der dei argumenterer for at dette er ein utilstrekkeleg forklaring. I sin argumentasjon nemnar dei fleire karakteristikkar ved studien av reiselitteratur, ein litteratur som dei presiserer har vert objekt for undersøking i fleire vitskaplege tidsskrift. Fleire av desse karakteristikkane er: forfattarskap, skrivestil, dess motiv og den tekstlege og stilistiske analysen av reise- og oppdagingsverk, og krafta i slik skriving til å avgrense, forklare eller feilrepresentere objektet i fokus. Desse karakteristikkane vart nemnt som om dette var bevis nok for at reiselitteratur er ein sjanger.²³

Den store mengda med termar som er å finne rundt reiselitteraturen gjer det vanskeleg å definere reisebok til noko konkret og handterbart. Jan Borm nemner termer som: ‘travel narrative’, ‘journeywork’, ‘travel memoir’, ‘travelogue’, ‘travel book’ og ‘travel narrative’. Korleis skilje man for eksempel mellom reisebok og reiseforteljing? Ut i frå diskusjonen rundt dette temaet meiner eg det verke som Keighren, Wither og Bell blande saman studiet om ‘reiselitteratur’ med kategorien ‘reiselitteratur’, og eg må seie meg einig med Jan Borm om at reiselitteratur er ein samlebetegnelse for litteratur skrevet om reising, derunder kor reisebok er ein sjanger.²⁴ Reisebok vert her definert som ei bok utgitt på eit forlag basert på ikkje-fiktive forteljingar om eigne reiser til underhaldning for lesaren, ikkje eit vitskapleg verk der ein har reist for å måle geografiske områder osv.

Ein diskusjon rundt reiselitteratur, og spesielt ikkje-fiktive reisebøker, har vert sentrert rundt sanning i teksten. Keighren, Wither og Bell bruker eit heilt kapittel til dette temaet. Dette er ikkje ein diskusjon som påverke noko av det eg skriv om, og ikkje har så mykje å seie for min forsking ettersom eg ikkje ser etter sanninga, men kva framstilling av kvinner i Midtausten som skribenten ynskjer å vise fram. Dermed blir det meir om motivet, bakgrunnen og kva dei ynskje å få fram, enn om dette var eit sant og ekte bilet av kvinner i Midtausten på 1800-

²² Borm, Jan. «Defining Travel: On the Travel Book, Travel Writing and Terminology», i *Travel Writing. Critical Concepts in Literary and Cultural Studies*, bind 4, redigert av Tim Youngs og Charles Forsdick, 1-14. London: Routledge, 2012, s.1.

²³ Keighren, Innes, Charles W.J. Wither og Bill Bells. *Travels into Print: Exploration, Writing and Publishing with John Murray, 1773-1859*. Chicago: University of Chicago Press, 2015, s.7.

²⁴ Borm, «Defining Travel », s.1.

talet eller ei. Framstillingane fortel meir om dei reisande enn det gjer om dei som vert beskrive.²⁵

Med min mangel på språkkunnskapar utanfor dei skandinaviske og det engelske språk, snevra det inn kjeldematerialet mitt allereie til amerikanske, britiske og skandinaviske reisebøker, og eventuelt dei som var oversett til engelsk. Etter kvart som eg leita fram eit kjeldegrunnlag å jobbe med, var det ikkje eit lite antal reisebøker som dukka opp. Det verka som det var ein forventning om å skrive ei reisebok når ein hadde vert ute og reist, og til og med fleire unnskylda seg og sa at det hadde aldri vert deira intensjon å skrive eller å legge til endå ei reisebok, men at dei var iherdig bedt om å gjere det av vennar eller kjenningar.²⁶

Det var eit stort antal reisebøker eg hadde å velje mellom, som samtidig som det måtte ha relevant stoff til mi problemstilling, måtte det vere ei reisebok. Det kan kanskje høyrist merkeleg ut, men ein del bøker som utgje seg for å vere reisebøker, var faktisk biletbøker, faktabøker eller gjengjeving av andres stoff. Etter å ha samla inn kjeldematerialet av reisebøker, gjekk eg deretter gjennom bøkene og reinska vekk dei som ikkje hadde reist til Syria, dei som ikkje hadde noko framstillingar om kvinner, og dei som viste seg å ikkje falle innanfor kategorien reisebøker. Dette inkluderte for eksempel brev utgitt i bokform, vitskaplege bøker, opprampsing eller tydeleg gjengjeving av andres stoff osv.

Når det så kom til sjølve kjeldematerialet eg til slutt satt igjen med etter å ha luka vekk dei mest irrelevante reisebøkene, var det fjorten stykk, som inkluderer Mary Eliza Roger, Ali Bey, Thomas Skinner osv. Ut i frå forfattaranes nedteikningar av sine møter med desse kvinnene har eg kategorisert dei ved hjelp av ulike stikkord til dei ulike tema som går igjen, og femten av dei som har flest nemningar er gitt i ein oversikt som vedlegg 2. Dei stikkorda som dukke opp oftast og med flest nemningar er framstillingar om kvinnenes klede, utsjåande, tilsløring, arbeid, adskilt og haldning. Det er interessant å sjå at på tvers av nasjonalitet, tid og kjønn er det fleire tema som går igjen. Kjeldene tilnærma eg meg ikkje som fakta om kvinnene, men som eit grunnlag for å forstå korleis forfattarane framstilte dei syriske kvinnene. Desse tema brukar eg for å organisere oppgåva i to delar av kvinnenes liv og være: rom og kropp, som eg vil utdjupe meir under oppbygging.

²⁵ Keighren, Wither og Bell, "Chapter 3: Writing the Truth", s.68-99.

²⁶ For eksempel sjå: Hogg, Edward. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol.I. London: Saundersand Otley, Conduit Street, 1835, s.1-2 og Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight, 1836, s.1.

1.4 Oppbygging

Teksten vert delt opp i tre delar; 1. Bakgrunn med kapittel 2: Syria i det 19.århundre og kapittel 3: Å reise i tid og rom. 2. Analyse av dei tema som var mest nemnt og var mest aktuelle, med kapittel 4: Bevegelse i private og offentlege rom, og kapittel 5: Kropp. 3. Oppsummering av det som har vert presentert og ein konklusjon av problemstillinga og forskingsspørsmåla i kapittel 6.

Kapittel 2 er ein utdjuping av provinsen Syria geografisk, politisk og historisk. Først vil eg sjå kort på den historiske bakgrunnen til Syria før 1800, før eg deretter tar for meg meir i detalj dei historiske hendingane på 1800-talet som forfattarane opplevde eller fekk sjå konsekvensen av. Til slutt vil eg ta for meg kort dei historiske, politiske og sosioøkonomiske hendingar og påverknadar som gjorde reising meir attraktivt og aktuelt for dei fleste. Dette er viktig for å vise til området som forfattarane reiste i og som kvinnene dei møte på levde i. Det er viktig å forstå dei store avstandane og kor mangfaldig provinsen var i form av kultur og geografi.

I kapittel 3 vil eg ta for meg forfattarane og korleis det var å reise på 1800-talet. Gjennom å bruke eksemplar frå reisebøkene går eg gjennom dei store teknologisk og politisk endringane gjennom århundre som gjorde reising mykje enklare og meir komfortabelt, spesielt for kvinner rundt 1850 og utover. Kven forfattarane var er viktig for å forstå meir kontekst og bakgrunn til kvifor dei framstille kvinnene som dei gjorde.

Kapittel 4 vil ta for seg korleis kvinnene har vert adskilt både i det offentlege og i det private rom på ulike måtar som reisebøkene framstilte. Her vil eg sjå på haremet og korleis dette vert framstilt gjennom kvinnenes oppseding og utdanning, og deretter dei ulike måtane kvinnene har vert framstilt adskilt frå andre i det opne rom gjennom eksemplar frå basaren og i arbeid. Gjennom eksemplar frå desse framstillingane vil eg argumenterer for at både menn og kvinner fekk tilgang til haremet, at kvinnene objektiviserte kvinnene dei møtte og inkluderte dei ikkje i framstillingane, mens menn sympatiserte, og at lokale kvinner var synlege i det

offentlege rom til tross for det Edward Hogg kalla streng husleg underkasting.²⁷ Alt dette har politiske overtonar over seg med overtyding om at noko måtte gjerast for å frigjere kvinnene.

Kapittel 5 forsett med framstillingar om framstillingar om kvinnenes kropp og korleis dei har vert framstilt i forhold til deira utsjåande og korleis dei kledde seg. Først vil eg ta for meg tilsløring av kvinnene og korleis forfattarane framstilte dette fenomenet dei møtte på. Deretter vil eg ta for meg kvinnenes utsjåande og korleis deira skjønnheit vart vurdert ut i frå ulike kriteria forfattarane viser. I tillegg til enkelte eksemplar vil eg vise til to områder der forfattarane kommenterer på kvinnenes utsjåande; sminke og tatovering, og Jerusalem. Avsnittet om Jerusalem er delt opp i tre korte deler: Ali Bey, Isabella Romer og Frederika Bremers kritikk av byens kvinner, eksemplar frå dei same forfattarane får å sjå om dette gjelder berre Jerusalem eller om dei er generelt kritiske, og til slutt eksemplar frå dei andre forfattarane for å sjå om Jerusalem er ein stad for kritikk eller ei. Tilslutt vil eg gå inn på framstillingar om korleis kvinnene går kledd med fokus på sko og den eksotiske drusiske tantour. Med desse eksemplane argumenterer eg for at framstillingar av tilsløring hadde fortsett religiøse og politiske overtonar, mens klede med eksemplar frå sko og tantour var meir eksotiske element enn eit politisk element i frigjering av kvinnene.

Kapittel 6 oppsummerer det vi har sett på og trekk inn delkonklusjonane til ein hovudkonklusjon om Saids Orientalismen og kjønnsperspektiv. Eg vil vise at Said hadde rett i at Orientalisme er fylt av kunnskap som bygge på kvarandre, og der den ‘andre’ ikkje får vere med i omtalen om seg sjølv. Dette inkluderer kvinnene som fleire forskrarar har argumentert viste sympati og søstermedhald. Deretter konkluderer eg og med at sjølv om fleire kvinnelege forskrarar har argumentert for at det ikkje eksisterer eit kjønnsperspektiv og at kjønn vil endre diskusjonen, har dei ikkje klart å ta med kjønn i diskusjonen og kjem til kort. Om ein tek med kjønn, som eg har prøvd her, viser det seg eit mykje meir nyansert bilet av ulike meininger og framstillingar.

²⁷ Hogg, Edward. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol. II. London: Saundersand Otley, Conduit Street, 1835, s.12

2 Syria i det 19.århundre.

Det osmanske riket og vesten.

2.1 Syria – Bilad al-Sham

Syra er som sagt i innleiinga eit historisk vidstrakt område som dekker den vestlege delen av Midtausten. Det strak seg frå Tarsusfjella i nord (i dagens Tyrkia), til den arabiske ørken og Sinai i sør, heilt frå Middelhavets kyst i vest og til Eufrat elva i aust. Uttrykket ‘Bilad al-Sham’ har og vert definert som det området som var dominert av eit viktig regionalt senter, Damaskus. Åleine kan det arabiske ‘al-Sham’ og bety Damaskus.²⁸

Damaskus har vert sia antikken ein av dei største byane i Syria, og er i dag hovudstaden i landet Syria. Saman med Aleppo og Beirut, lengst nord i regionen, er desse byane verdas lengst busette byar. Damaskus ligg midt i Syria med gode forbindelsar til innlandet og eit naturleg adgang til havet med Sidon som kystbyen. Mot slutten av Det osmanske riket var Damaskus og Aleppos befolkningstalet i begge byane rundt to hundre tusen innbyggjarar. Dei var store viktige handels-, lærdoms- og politiske senter. Damaskus ligger i eit spesielt stort fruktbart område på den gamle silkevegen som gikk langs den austlege kysten av Rødehavet frå Yemen til den nordaustlege delen av Middelhavet. Her gikk og ein karavane rute gjennom som gjekk austover gjennom Palmyra nordaust for Damaskus, til det sentrale Eufrat i Irak. Aleppo tok seg av handelen mellom Middelhavet og dei nordlege distrikta i Irak, spesielt til Mosul, nord i dagens Irak, og var distribusjonssenter for heile den nordlege syriske sletta. Byens kilometervis av basarar, dekka med tak, husa handelsmenn som sorgja for varer og handtverkarar som lagde varer i tekstilar, lær, bronse, og andre forbruksvarer. Damaskus er kjent for sine flotte tekstilar, i sær damask, og stål, vel verdsatt for sin sverdblader.²⁹

Saman med Homs og Hama, var Damaskus og Aleppo dei store politiske sentra, heim til 34eliten som dominerte syrisk liv. Denne eliten var hovudeigarane av jordbruket, store handelsmenn, og menn av religion og lærdom. Under osmanane dreiv dei handel, landbruksbedrifter, levde godt og satt tonen for landet. Dei fleste var sunnimuslimar som

²⁸ Bosworth, C.E. *The Encyclopaedia of Islam: 9: San-Sze*, bind 9, red. C.E. Bosworth et.al. Leiden: Brill, 1997, s.261; Gelvin, James. *The Modern Middle East*. New York: Oxford University Press, 2016, s.11.

²⁹ Devlin, John F. *Syria: Modern State in an Ancient Land*. Boulder, Colorado: Westview Press, 1983, s.10, 18-19.

osmanane var, og fulltids deltagarar i den osmanske staten, ofte i teneste som sivile administratorar eller som militære offiserar.³⁰

I tillegg har andre viktige byar vert Akko, Haifa, Jaffa, Jerusalem, Ramla og Tripoli. Dei fleste av dei store og viktige byane låg ved kysten, med god forbindelse til innlandet og ressursane og til havet med lett tilgang til handel med andre statar. Den mest kjente byen og midtpunktet for mang ein konflikt og krig, er Jerusalem. Med røter tilbake til 3000 f.v.t har denne byen vert eit ekstremt viktig religiøst senter for jødedommen, kristendommen og islam. Byen ligger på eit platå i Judea fjella, mellom Middelhavet og Daudehavet, i området som er kalla ‘Det Heilage Landet’. Landet Gud gav til sitt folk, der Jesus vandra og der den første kyrkja oppstod. Den er midpunktet for mesteparten av Bibelens historier.³¹

Det geografiske Syria har lenge klart å oppretthalde ein relativt stor befolkning på grunn av fjellkjedene som går parallelt med kysten frå Tyrkia til Negev ørkenen i sør. Dei fangar fuktige skyer som kjem inn nordaust frå Middelhavet og tømmer omtrent ein meter høgst oppe og tømmer seg gradvis på veg austover til rundt berre 7cm i ørkenen aust for Damaskus. Dette regnet er det som gir liv til regionen; nok vatn gir nok avling, for lite vatn er det berre nomadane som tar det i bruk. Damaskus sjølv var avhengig av regnvatnet der den låg strategisk til i ein oase som vart vatna frå bekkar og elvar som kjem frå fjella mot vest, mellom byen og Middelhavet. Grensa mellom dyrka mark og ørken er ikkje ei fast grense i Syria, denne varierer alt ettersom regnfallet er det året og menneskeleg aktivitet.³²

På grunn av at det meste av regnet fell i ein kort avstand frå Middelhavet, var det meste av Syrias befolkning busett langs kysten i eit område som strekk seg ca. 12 mil innover, langs fjellskjeden i nord og lengst aust langs Eufrat elva mot Irak. Elles er området tynt busett, for det meste av beduinane som reiser rundt frå oase til oase i fastlagde mønster mange hundre år gamle. Dei fleste budde i landsbyar eller byar. I landsbyane kultiverte ein i lag jorda rundt, mens dei fleste som budde i byane dreiv med handtverk eller handel. Sjølvforsyning var ekstremt viktig for landsbyen og for regionen før teknologiske framskritt, som mekanisert transport, gjorde det mogleg og lettare å frakte varer over lengre avstandar. Dei viktigaste og

³⁰ Devlin, *Syria: Modern State in an Ancient Land*, s.19.

³¹ Gelvin, *The Modern Middle East*, s.106-107-

³² Devlin, *Syria: Modern State in an Ancient Land*, s.15-16

mest stabile avlingane var av kveite og bygg, elles var det i Palestina dyrka mykje bomull til eksport, spesielt til Frankrike, og i Libanonfjella silke.³³

Syria bestod for det meste av arabisktalande muslimar, fleirtalet av dei sunnimuslimar i likskap med osmanane, og eit mindretal Sjiamuslimar. Dei hadde eit felles arabisk språk inndelt i dialektar spreidd ut over Syria, som var innbyrdes uforståelege når ein flytta seg mellom dei ulike områda. Dei innfødde arabarane hadde sine eigne interne sjølvforsvarsorganisasjon basert på eit stammegruppemønster som kan daterast tilbake til den arabiske erobringa av Syria og Palestina. Dei rangerte seg sjølv i to grupper: *Quays* (frå nord) og *Yaman* (frå sør). Desse hadde mista sin opphavlege etniske og geografiske tyding. Blodige konfliktar mellom desse på 1800-talet gjekk ofte til open krigføring mellom fraksjonane, og guvernørane gjorde helst så lite som mulig for å sikre fred mellom dei, og heller utnytta situasjonen til sitt beste. I tillegg hadde du betydelege minoritetar med muslimske sekter, kristne samfunn og jødar. Det var og kulturelt mangfold i arabarverda, med ulike mattradisjonar og ulik arkitektur og musikk.³⁴

Nokre av dei betydelege minoritetane fant ein i Libanonfjella; maronittar i de nordlege delen, og drusare og maronittar i den sørlege delen. Fjella hadde lenge vert ein tilfluktsstad for religiøse grupper som flykta frå forfølging. Maronittane hadde flykta frå konkurrerande kristne sekter i det bysantiske riket på 600-talet, mens druserane var annleis tenkande sjiamuslimar som flykta frå Egypt for å unngå forfølging. I Libanonfjella utvikla trua seg i ein særeigen og veldig utilgjengeleg retning. I tillegg stod drusarane fram som ein politisk gruppering, og dei kom til å dominere de politiske livet i Libanonfjella saman med dei maronittiske kristne. Ein druser-emir eller –fyrste herska over eit strengt lagdelt samfunn med drusiske og kristne arveadelsmenn som kvar var knytt til eit eige territorium i Libanonfjella.³⁵

Syria har som regionen blomstra på områder som handel, handtverk og intellektuelt liv, til tross for skiftande makter. Syria var eit rikt område med store ressursar som var ettertrakta og godt nytta, og det meste av handelen mellom Asia, Afrika og Europa gjekk gjennom denne

³³ Devlin, *Syria: Modern State in an Ancient Land*, s.16-17; Rogan, Eugene, L. *Araberne: Historien Om Det Arabiske Folk*. Oversatt av Gunnar Nyquist. Oslo: Gyldendal, 2011, s.60; Gelvin, *The Modern Middle East*, s.81

³⁴ Rogan, *Araberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s. 33; Ben-Arieh, Asher. *The Rediscovery of the Holy Land in the nineteenth century*. Jerusalem: Magnes Press, Hebrew University, 1983, s.30.

³⁵ Rogan, *Araberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s. 45.

regionen. Det gjorde det dermed til eit viktig maktområde. Når dei osmanske tyrkarane kom inn i området i byrjinga av 1500-talet, var Syria sett på som absolutt verdt å erobre.³⁶

2.2 Politisk – Det osmanske riket.

Slaget ved Marj Dabiq i nærleiken av Aleppo i 1516, gjorde osmanane, under Selim I, til herrar over Syria, og for dei neste 400 åra skulle Syria vere ein del av det osmanske riket. Overgangen frå eit styre til eit anna var ikkje noko særleg problematisk for Syria. Regionen hadde vert styrt av tyrkisktalande elitar sia 1200-talet, og både Mamelukk riket og Det osmanske riket var statar som etterlevde religiøse lovar og beskytta islamske områder mot truslar utanfrå, med sterke hærar. Arabarane synes å vere meir pragmatisk enn ideologisk ovanfor overgangen til det osmanske styre. Dei var langt meir bekymra for ting som lov, orden og eit rimeleg skattenivå enn kven og kor dei var styrt frå. Det eksistere ingen klar arabisk identitet som ville sette seg imot ein ‘framand’ hær. Før nasjonalismens tidsalder var identitet knyt til enten stammen eller heimstaden, og om ein meinte ein hadde noko djupare felles som arabarar, var det knyt meir til religion enn til etnisitet.³⁷

Før nasjonalismens tidsalder var statar organisert under ein herskande elite som la under seg dei områder og folkeslag dei klarte å erobre. Territoriale grenser var dermed flytande grenser og soner alt etter som den herskande eliten klarte å halde på sine territorium, og ofte var dei styrt av småherskarar og høvdingar, lojale til gjerne fleire og skiftande overherrar. Den syriske provinsen hadde allment akseptert den osmanske sultanen som sin legitime herskar. Det einaste arabarane forventa var sikkerheit for seg sjølv, sine eigendommar og at islamske verdiar vart haldne ved lag.³⁸

Osmanane delte sine undersåtter i religiøse samfunn kalla millet, og kvart millet fekk autonomt sjølvstyre under sine religiøse leiarar. Det osmanske riket anerkjente kristne, jødar, armenske kristne og muslimar som ulike millet, men sjølv om dei var tolerante var riket fullt og tydeleg eit muslimsk rike. Systemet skapte sterke band mellom den osmanske herskande eliten og dei religiøse leiarane, som erklærte sin støtte til sultanens styre i bytte for utvida

³⁶ Devlin, *Syria: Modern State in an Ancient Land*, s.10; McKay, *A History of Western Society*, 446.

³⁷ Rogan, *Araberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s.28, 31-32; Devlin, *Syria: Modern State in an Ancient Land*, s.11.

³⁸ Duara, Prasenjit, *Postcolonial History*, s.421-422; Rogan, *Aaberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s.57; Hanoğlu, M. Şükrü. *A Brief History of the Late Ottoman Empire*. Princeton: Princeton University Press, 2008, s.51.

autoritet over sine millet. Kvart millet kravde inn skatt for staten, regulerte gruppe oppførsel og opprettholdt domstolar, skular, tilbedingsstader, og sjukehus for sitt samfunn.³⁹

Syria var delt opp i fire provinsar ved byrjinga av 1800-talet; Aleppo, Damaskus, Sidon og Tripoli. For å styre sine provinsar hadde Det osmanske riket utdanna tenestemenn rekruttert gjennom *devshirme*, guteskatten. Dette var gutter mellom 8 og 18 år gamle, tatt frå kristne familiar i Balkan og sendt til Istanbul for konvertering til Islam og tøff trening. Nokre vart soldatar (janitsjar) i sultanens private hær, mens andre fekk byråkratiske stillingar i Istanbul eller ute i provinsane. Slik kunne styresmaktene ha full kontroll på sine provinsar med embetsmenn utdanna etter osmansk mønster, som vart skifta ut med nye frå Istanbul enn etter arverett, slik at ein fekk lojalitet til Istanbul enn til familien.⁴⁰

Ved slutten av 1700-talet hadde guvernørane av Syria blitt praktisk talt uavhengige. Dei heldt på makta så lenge dei kunne hindre tiltak dei osmanske styresmaktene sat inn mot dei og lokale stormenn kunne no avansere til øvste nivå innan provinsadminstrasjonen, og få tittelen pasja (guvernør). Innanfor provinsane såg pasjaene på skateinnkrevjing som sin viktigaste oppgåve, og gjerne meir til seg sjølv enn til Istanbul. I staden for å sikre fred og sikkerheit, brukte hæren å terrorisere befolkninga til å betale inn skatten, og under slike forhold av generell usikkerheit kunne beduinane bevege seg fritt og plyndre landsbyar. Denne uavhengigheita førte til ein aukande trussel mot den osmanske integritet og statskasse, og osmanane prøvde å styrke sin kontroll med ein stor reorganisering i 1795, for eksempel med ein restriksjon på 3-5 år for guvernørens styretid. Til forskjell frå trusselen frå lokale stormenn på Balkan og Anatolia, brydde dei osmanske styresmaktene seg mindre om det som skjedde i Syria. Provinsen var lenger vekk og dei var i mindre grad avhengig av tilførsel av soldatar og skatteinntekter herifrå.⁴¹

Ein av desse var Ahmed Jazzar, pasja over Sidon og Damaskus . Til tross for hans posisjon og makt, valte han å halde seg lojal til sentrale myndigheter, og fullt og heilt betalte den fastsette skatten til sultanen i Istanbul. Innanfor sitt eige område derimot, var han ein uavhengig herskar. Han bygde opp ein eigen privat hær og flåte, påla skattar og toll som det passa han, og prøvde å kontrollere diverse lokal og utanlandsk handel. Herskarane i provinsane viste godt å utnytte den svake sentralstyringa ved å ulovleg ta for seg store

³⁹ McKay, *A History of Western Society*, s.505.

⁴⁰ Gelvin, *The Modern Middle East*, s.27-28; Rogan, *Araberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s.57

⁴¹ Rogan, *Araberene: Historien Om Det Arabiske Folk*, s. 57-58; Hanoğlu, *A Brief History of the Late Ottoman Empire*, s.49-50 ; Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.27.

privilegium. Suleiman Pasja tek over etter Jazza Pasjas død i 1804, og hans styre var prega av ein relativt fredeleg tid og økonomisk framgang i forhold til Jazzar. Suleiman vart etterfølgt av sin favoritt slave, Abdallah Ibn Ali, som herska med ei sterk hand og legendarisk brutalitet fram til Egyptisk erobring i 1831.⁴²

Muhammad Ali, guvernør av Egypt, var endå eit eksempel på ein uavhengig pasja. Han moderniserte Egypt militært etter europeisk mønster og sentraliserte administrasjonen. Muhammed ynskte å utvide sitt maktområde mot Syria, og såg sin sjanse når han vart kalla inn til å støtte den osmanske hæren i det greske opprøret. Han får sikra seg løfte om Syria mot hans deltaking, men etter at det greske fastlandet klarte å bryte ut av det osmanske riket i 1830 med hjelp frå ein samla britisk, fransk og russisk flåte, lar løftet om Syria vente på seg. Etter ein heftig konflikt med Abdallah Ibn Ali, sendte han son sin Ibrahim i oktober 1831 i spissen for ein egyptiske hær for å okkupere Syria. I 1832 var okkupasjonen fullført og heile Syria låg no under Egypt.⁴³

Egyptarane byrja raskt å sikre seg lokal støtte ved å ta omsyn til den lokal befolkninga, spesielt til religiøse og etniske minoritetar. Dei kristne vart beskytta frå overdriven skattlegging og jødar fekk bygge opp igjen sine synagoger. Det var innført administrative endringar med effektiv handheving av lov og orden i byane og i distriktet, blodfeidar mellom *Qays* og *Yaman* vart undertrykt, forsøk på å sjekke bestikking i retten vart gjort og distribuering av byrden av skattane meir likt fordelt over alle deler av befolkninga. Nye busetjingar vart satt opp, kultiverte områder utvida, og handel og industri oppmuntra.⁴⁴

Det nye regelmessige og effektive styret provoserte og skapte misnøye hos befolkninga. Syria var vant til status quo, slik dei osmanske styresmaktene hadde latt skatteordninga vere som den var når dei erobra regionen. Med eit effektiv styre var det vanskelegare for folk å snike seg unna skatten, og dei muslimske leiarane såg med misnøye på den tolerante behandling av dei kristne. Menn som var fråtken offentlege stillingar, beduinar som vart halden frå å plyndre og særleg bøndene som vart pressa inn i det militære systemet, mislikte det nye styret. Ein masseflukt av bønder til fjella, for å sleppe innskriving til hæren, bringa situasjonen til eit kritisk punkt. Opprør braut ut i fjellområda rundt Nablus, Jerusalem, Akko og Jaffa, og

⁴² Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.26-27

⁴³ Gelvin, *The modern Middle East*, s. 52, 57; Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.11, 67; McKay, *A History of Western Society*, s.701-702, 764.

⁴⁴ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.67-68.

forsterkningar måtte tilkallast frå Egypt. Dette førte til ein tyngre skattelegging, som førte til endå meir misnøye.⁴⁵

Mot slutten av 1830-talet, var den fiendtlege innstillinga mot Mohammeds styre gått i taket. Dei kristne maronittane nord i Libanon tok styring og kvitta seg med det egyptiske styret, og i 1839 braut det ut eit opprør blant drusarane sør i Libanon. Storbritannia kom i 1840 til ein allianse med Russland, Austerrike og Preussen for å trygge osmansk integritet, mens Mohammed Ali hadde håpa på at Frankrike ville komme dei til unnsetning. Politisk ende okkupasjonen i ein avtale som avgrensa Mohammed Alis autoritet til Egypt og returnerte Syria til osmansk styre.⁴⁶

2.3 Reform og forandring.

Det osmanske riket var, som med Russland, ein multinasjonalt og multireligiøst stat bygd på lange tradisjonar av militær erobring og eit absolutist styre av eliten av den dominante etniske gruppa, osmanane. I både Russland og Det osmanske riket på byrjinga av 1800-talet var den styrande eliten sterkt imot representativt styre og nasjonal sjølvbestemming. Dei fortsette med autoritært styre som leia til store politiske problem, og det vart klart for dei styrande at dei måtte akseptere ein moderniseringsprosess, som vil seie dei endringane eit land gjør for å kunne måle seg med dei ledande landa til ein kvar tid.⁴⁷

Dei størst endringane ein såg vart introdusert i den osmanske administrasjonen i Syria etter at egyptarane trakk seg tilbake til Egypt i 1840. Meir av makta vart sentralisert som eit resultat av reformar initiert av Sultan Selim III og Sultan Mahmoud II tidlegare på 1800-talet, og vidareført. Janitsjarane vart i 1826 erstatta med ein ordinær hær, under statleg kontroll, som ikkje lenger var avhengige av lokale pasjaer eller emirar for kost og losji. I tillegg hadde den direkte kontrollen av skattane av det sentraliserte egyptiske styret i ni åra svekka kontrollen til dei føydale guvernørane, slik at osmanane kunne styre direkte med større suksess enn før okkupasjonen. Den osmanske autoriteten derimot vart ikkje innført med ein gong på grunn av stammar og klanar som gjorde opprør mot nye forandringar.⁴⁸

⁴⁵ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.67-68.

⁴⁶ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.68-69; McKay, *A History of Western Society*, s.701-702, 764.

⁴⁷ McKay, *A History of Western Society*, s.759; Rogan, *Araberne: Historien Om Det Arabiske Folk*, s.105.

⁴⁸ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.111.

I ein serie av tre lovfestingar mellom 1829 og 1856, forsøkte den sentrale osmanske stat å reinske vekk alle ulikskapar mellom dei osmanske undersåttane og la alle menn vere like i statens auge. I den osmanske verda var desse lovfestingane meint å gjere mannlege undersåttar like i alle aspekt, både i utsjåande så vel som skatt, byråkrati og militær teneste. Slik ville den osmanske stat på den eine sida eliminere muslimske privilegium, og på den andre sida føre sine kristne undersåttar atter igjen under osmansk styre og love, dei som var under utanlandske statars beskyttelse.⁴⁹

I 1829 kom ein påkledningslov som underminerte den gamle orden som hadde eksistert i århundrar. Tidlegare påkledningslovar hadde som mål å oppretthalde klasse-, status- etnisitets-, religiøsitets- og yrkesmarkørar blant både menn og kvinner. I ei einaste lovfesting ville 1829 lova eliminere dei fysiske forskjellane blant menn ved å krevje at dei alle bar same hovudplagg, men unntak av ulema og ikkje-muslimske geistlege. Ved å sjå like ut, var tanken at alle ville verte like. Driven for likskap førte til den meir kjente «Rose Garden Decree» av 1839, som ofte er argumentet som starten på tanzimat (reform) tida i Det osmanske riket. Denne kongelege resolusjonen tok opp behovet for å eliminere ulikskapar, og styre rettferdig for alle undersåttar, muslimar og kristne, fattig eller rik. Den lovde ei rekke med spesifikke tiltak som skulle kvitte seg med korruption, avskaffe skatteoppdrett og innføre verneplikt for alle menn. Med likestilt ansvar ville det komme likestilte rettigheitar. I 1856 kom endå ein kongeleg resolusjon som gjentok atter ein gong statens ansvar for å tilby likestilling, og la vekt på garantiar for likestilling blant alle dess undersåttar, inkludert lik tilgang til statlege skular og til statlege stillingar. Den gjentok og obligatorisk verneplikt for menn.⁵⁰

I den osmanske verda, som i Frankrike, USA og det tyske riket etter 1870, vart kvinner berre sakte inkludert i slike moderne tankar om modernitet for undersått og innbyggjar. Kvinner var rett og slett ikkje diskutert i 1829 lova om påkledning eller i dei kongeleg resolusjonane av 1839 og 1856. Som i den franske erklæringa om menn og borgarars rettigheitar eller den amerikanske uavhengigkeitserklæringa, var ikkje kvinner inkludert i dei annonserte endringane. Kvinnene var antakeleg forventa å fortsette å bære klede som differensierte samfunnslag og klasse, men moteforandringar frå 1700-talet fortsett inn på 1800-talet. Kvinnene forsette å teste dei rådande samfunns- og klassegrensene. Familiar i større grad sokjer formell utdanning til sine døtre. Eliten sender dei til privatskular, mens den veksande

⁴⁹ Quataert, Donald. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press, 2005, s.65-66.

⁵⁰ Quataert, Donald. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press, 2005, s.66.

middelklassen søkte kvinneleg mobilitet i den statlege skulen. Så tidleg som 1840 byrja kvinnene å få noko formell utdanning i dei statlege skulane. Ved slutten av 1800-talet gjekk så mykje som ein tredjedel av jentene i skulealder på offentleg barneskule, mens høgare utdanning forblei mansdominert fram til første verdskrig.⁵¹

Most slutten var ikkje likestilling som ein rett eller ein plikt komme nærmare ein siger, verken for menn eller kvinner. På 1880-talet og seinare straffast fortsatt kvinnene av staten for å gå med klede offentleg som dei såg på som uanständig. Eigendomsgarantiane som kvinnene hadde hatt under Islamske lovar forsvann med dei moderniserande reformene. Dei nye imperialistiske lovane hadde meir firkanta rettigheitar enn dei lokale magistratane og på mange måtar smuldra kvinners rett til eigedom opp under dei nye reformene. Ikkje-muslimar nekta å ta del i verneplikt og fekk støtte frå sine europeiske partnarar, og gjorde ikkje så før etter den ungtyrkiske revolusjon. Når det nye osmanske regimet pressa på for dei kristne å utføre si verneplikt, stemte mange av dei i mot ved å vende sine føter til den nye verda. Leiarane av dei store kristne samfunna forsøkte å beskytte sine særrettar og dreiv lobbyverksemد saman med dei store maktene for å behalde dei juridiske forskjellane mellom dei osmanske undersåttane. Staten klarte ikkje å møtte sin løfte og rekrutterte ikkje inn proporsjonalt ikkje-muslimar til statlege stillingar.⁵²

2.4 Vestleg innflytelse og interesse i området.

Det osmanske riket var ein stat meir mektig på 1500- og 1600-talet enn nokon av dei europeiske statane, ein stat som skremte europeiske makter i sin ekspansjon og verka nesten uovervinnelege. På 1600-talet vart det i Frankrike skrevet fleire bøker om osmanane, som dei kalla den tyrkiske trusselen, enn om dei amerikanske oppdagingane. Okkupasjonen og erobringa av byen Konstantinopel var oppfatta av ei fleste kristne europearar som ein historisk katastrofe og herredømmet over Balkan som tyranni. Det er ikkje rart at ein engelsk historikar omtalar Det osmanske riket som dåtidas verdas terror. Det må ha kjennast slik for den kristne europear. For Osmanane var bilete annleis; Konstantinopel var frigjort frå det lange forfall under Bysantinarane, og Balkan, i staden for eit område heimsøkt av plyndring, var det ein fristad for dei på flukt frå den aukande intoleransen frå dei vestlege kristne

⁵¹ Quataert, Donald. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press, 2005, s.66-67.

⁵² Quataert, Donald. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press, 2005, s.67.

maktene. Vi ser ein oppbygging av den europeiske oppfatning av osmanane som deira fiende; fiende av kristendommen og okkupant av dei heilage stader.⁵³

I 1798 seglar Napoleon Bonaparte mot Alexandria, Egypt, og inntok byen i 1799 utan noko motstand. Napoleon sjølv såg på dette inntoget i Egypt som uproblematisk for forholdet mellom Frankrike og Det osmanske riket, og uttrykte at han gjerne styrte Egypt for Sultanen. Osmanane var ikkje overtyda av Napoleons påstårte likegyldigheit, for Napoleon hadde blitt sendt til Egypt med franske styrker for å sikre egyptisk korn og true Storbritannias rute til India. Seinare marsjere dei franske styrkane nordover langs kysten av Palestina med mål om å nå Istanbul. Osmanane slår seg saman med britane og russarane, og til saman klarte britiske og osmanske styrker å stoppe dei franske troppane frå å trekke lenger nordover, og pressa dei tilbake mot Egypt. Storbritannia kutta alle dei franske troppenes linjer tilbake til Frankrike i slaget ved Nilen, og gjorde deira posisjon risikabel. Dei kapitulererte. Napoleon var allereie dratt tilbake til Frankrike for å ta over makta der.⁵⁴

Napoleon Bonapartes inntog i Alexandria i 1799 er ofte brukt som ei betydeleg hending som bringa europeisk innflytelse, europeiske moderne tankar og ideal, og europeisk vitskapleg framgang, frigjering og alt godt til «den syke mann på Bosporo»⁵⁵. I realiteten er det meir eit eksempel på korleis dei europeiske maktene brukte det osmanske riket som brikke seg i mellom for å skape balanse og stabilitet, og halde kvarandre unna. Midtausten representerte eit balansepunkt for Europas stormakter i kampen om verdsherredøme og kontroll over den internasjonale handelen austover, og som Europas fiende i kampen mot kristendommens største fiende, islam. For Storbritannia viste Napoleons inntog manglar ved deira kommunikasjons- og forsyningsruter til India. Storbritannias politikk på dette området omformulerar seg til å handle om å for alt bevare Det osmanske riket og til dels dess territoriale integritet, for å unngå konkurranse med andre europeiske makter og sikre sin posisjon. Spesielt mot Frankrike og Russland som begge hadde sine eigne interesser i området. Napoleons kampanje var byrjinga på, men ikkje faktoren, av ein sakte men sikker periode der Syria kjem meir inn i europeisk sokelys og får stadig meir kontakt med Europa.⁵⁶

⁵³ McKay, *A History of Western society*, s.447, 503. Gelvin, *The Modern Middle East*, s.8, 24, 46-47.

⁵⁴ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.21; Gelvin, *The Modern Middle East*, s.49.

⁵⁵ Halder-Wilson og Trimbur, *Europe and Palestine 1799-1948*, s.2.

⁵⁶ Gelvin, *The Modern Middel East*, s.52-53; Rogan, *Araberne: Historien Om Det Arabiske Folk*, s.76, 79, 105; Hanoğlu, *A Brief History of the Late Ottoman Empire*, s.47-49.

Isolasjonisme hadde vert Det Osmanske Rikets utanrikspolitikk i århundre, men mot slutten av 1700-talet var det ikkje mogleg å oppretthalde ein slik utanrikspolitikk.⁵⁷ Det osmanske riket stod midt i den europeiske kampen om koloniar, der sjøvegen gjekk via Egypt til det Indiske hav og vidare. Osmanske styresmakter hadde allereie på 1700-talet blitt veldig bevisst på deira nedgåande posisjon militært og utanrikspolitisk. Dei var ikkje lenger det uovervinnelege islamske riket av 1600-talet, men hadde gått gjennom mange store nederlag. Dei europeiske maktene var vokse seg mykje sterkare politisk, militært og teknologisk, enn Det osmanske riket. Dei Europeiske maktene var tydeleg bevisste på dette, og kunne dermed bruke Det osmanske riket slik det passa dei. Slik ser vi at politiske, imperialistiske og militære omsyn opnar opp for eit større europeisk søkerlys på Det osmanske riket, og spesielt Egypt og Syria.⁵⁸

Ved starten av 1800-talet var Syria, og det osmanske riket underlagt europeisk økonomisk gjennomtrenging og kontroll. Europearar i Syria utvinna industriell råmateriale, importerte fabrikkлага varer som for det meste var tekstilar, og kjøpte luksusvarar med etterspørsel i Storbritannia, Frankrike og andre vestlege land. I Egypt, Tunisia og Anatolia, lånte europearar ut pengar til lokale herskarar, som drukna i gjeld og dreiv fleire regjeringar ut i konkurs. Europearar naut godt av immunitet frå lokale lovar, og europeisk innbyggjarar i Syria fabrikerte hendingar, la fram falske påstandar for erstatning og kravde støtte frå sine diplomatiske representative. Europeisk kontroll vart etablert i Algerie av Frankrike i 1830, Aden i 1839 og Tunisia i 1881, Egypt av Storbritannia i 1882 og Sudan i 1898. Indirekte styre var pålagt Libanon i 1861 og økonomisk kontroll pålagt Osmansk Tyrkia i 1881. Okkupasjonsmaktene påstod at det var deira rett å herske fordi dei åleine kunne garantere ro, orden og sikkerheit, og at dei gav sivilisasjon til folk som hadde vert under eit langvarig vanstyre, og at dei forberedte dei til å ta sin plass i den moderne verda.⁵⁹

Utan tvil skapte Storbritannia og Frankrike ein moderne infrastruktur i dei koloniserte landa. Industri og andre formar for moderne teknologi vart importert, og viktige utviklingar vart gjort på område som kommunikasjon og transport. Den som fekk størst utnytting av denne utviklinga var Europa, og veksten i kommunikasjon med jernbane, vegar og skip bringa profitt til dei utanlandske selskapa som hadde utvikla dei. Det hjelpte og til å styrke Britisk kommunikasjonsruter med India. Lokale herskarar som var villige til å samarbeide med

⁵⁷ Hanoğlu, *A Brief History of the Late Ottoman Empire*, s.47.

⁵⁸ Halder-Wilson og Trimbur, *Europe and Palestine 1799-1948* s.45-47.

⁵⁹ Hunter, F.R. «Tourism and Empire: The Thomas Cook & Son Enterprise on the Nile, 1868-1914». *Middle Eastern Studies* 40, nr. 5 (2004): 28-54, s.28-29.

Europa, naut og av gode fordelar, ikkje minst i inntekt. Likevel, Europas posisjon låg i deira våpenmakt.⁶⁰

Teknologiske oppfinningar som dampskip og jernbanen, og eliminering av truslar i Middelhavet gjorde det endå lettare og raskare å halde kontakten, og dermed enklare å ha eit oppdatert sokelys på området. Barbary piratar frå Nord-Afrika hadde gjort det vanskeleg og farleg å gjere nytte av Middelhavet som ein sjøveg på byrjinga av 1800-talet. Det var ikkje før i 1830 at piratane var eliminert for godt av franskmennene, at ein kunne nytte Middelhavet trygt som ein sjøveg, som saman med teknologiske nyvinningar som dampskip gjorde det raskare, enklare og meir komfortabelt å reise til Det osmanske riket og Egypt. Den industrielle revolusjon bringa med seg mykje godt til eit betre og utvida tilbod i transport, varer og utval. Tog var oppfunne ved byrjinga av 1800-tallet, men det var ikkje før utover på 1830-tallet ein kunne bruke jernbanen i større skala og over lengre avstandar. Ut over 1800-tallet utvikla både dampskip og jernbanen seg til å verte raskare, meir komfortabel og kraftig nok til å frakte både passasjerar og gods over lengre avstandar, etter kvart fleire og fleire.⁶¹

Med Muhammed Alis okkupasjon av Syria kom det ei ny tid. Hans møte med dei franske styrkane i Egypt og dei militære framskritt hans såg, inspirerte han til å modernisere Egypts militære og politiske sfære som guvernør under osmanske styresmakter. Han var meir open for innflytelse på tvers av grenser, til forskjell frå Det osmanske rikets isolasjonistiske politikk. I 1838 hadde Muhammed Ali akseptert opprettinga av eit britisk konsulat i Jerusalem. Før det hadde europeiske representantar vert avgrensa til kystbyane Akko, Jaffa og Haifa, og seinare Ramla, og var nesten berre fylt opp av lokale agentar for kommersielle funksjonar enn politiske. Innan det var gått 20 år hadde dei største nasjonane i vesten, inkludert USA, permanent konsulrepresentasjon i Jerusalem. Dette bidrog til meir beskyttelse for dei som reiste dit av ulike grunnar og viste korleis politikken endra seg frå å avgrense utanlandske interesser til dei ytre kantane, til at dei fekk representere frå innsida. Heldigvis slutta ikkje denne nye politikken når Det osmanske riket fekk igjen kontroll rundt 1840. Tansimat reformene gav og like rettigheitar til dei ikkje-muslimske borgarane og bevarte den spesielle status dei utanlandske konsulane og kristne kyrkjene hadde hatt sia det vart innført heilt på slutten av den egyptiske okkupasjonen. I åra etter begynt den fysiske delen av området å endre seg i takt med den veksande interessa. Byar fekk postkontor, transport tilbod

⁶⁰ Hunter, «Tourism and Empire: The Thomas Cook», s.28-29.

⁶¹ Encyclopaedia Britannica, s.v. «Barbary Pirate». 17.11.2017. <https://www.britannica.com/topic/Barbary-pirate>; Marshall, Ian. «Passage East». *New York Times Books*. 17.11.2017. https://archive.nytimes.com/www.nytimes.com/books/first/m/marshall-east.html?_r=1

vart utvida, tilknytinga til omverda vart styrka og nye bygningar kom til. Alt dette la til rette for ei endå meir komfortabel reise av europeisk smak.⁶²

Dei største endringane i byane skjer i kystbyane og i dei heilage stader på grunn av at det er her det er størst aktivitet, og dermed meir skattepengar kjem inn. Dei reisande kjem inn i Syria gjennom kystbyane frå/gjennom Malta, Kreta eller andre øyar, eller dei kjem sørfrå gjennom Alexandria og Kairo. Alis okkupasjon bidrog til ein meiropning og tryggare ferd for utlendingar i Syria. Med innføring av administrative endringar som effektiv handheving av lov og orden i byane og distrikta, og undertrykking av blodfeiden mellom *Quays* og *Yaman*, kunne ein reise tryggare gjennom Palestina, utan å forvente å måtte betale vegskatt eller verte overfalt av fellahins eller andre bandar.⁶³

⁶² Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.11, 111.

⁶³ Ben-Arieh, *The Rediscovery of the Holy Land*, s.13-15.

3 Å reise i tid og rom

*“Land O!” was cried from our mast-head on the morning of the 13th of July; [...] When another hour had expired, a high misty object, that had drawn our attention, had taken distinctness of outline, and was known to be Pompey’s Pillar. By this time also the narrow strip of sand forming the coast had begun to be ruffled, and soon after the city of Alexandria, its domes, minarets, palaces, and shipping, came into view. Notwithstanding the evidence of life and activity that had now presented itself, the scene was a melancholy one.*⁶⁴ – George Jones, 1834.

1800-talet var eit århundre som såg store forandringar i kor mykje og kor langt menneskjer flytta på seg. Ikkje berre eit få tall som det hadde vert før i form av handelsreisande, oppdagrarar og sjøfararar, men og enkeltpersonar til eigne formål i eit større antal. Reinhold Röhricht peiker i sin *Bibliotheca Geographia Palaestinae* på at mellom 1800 og 1878, lagde ca. to tusen reisande minst ei bok, artikkel eller liknande om det området som var kalla Palestina. Men som Ben-Arieh peiker ut, skreiv dei ca. to tusen gjerne meir enn berre ein artikkel og/eller ei bok, og då kjem vi opp i eit langt større tal, for eksempel 5000 utgitte saker om berre Palestina.⁶⁵ Då er det fullt mogleg at det føreligg eit endå større tall igjen om ein ser på det som er skrevet om ikkje berre Palestina, men heile Syria.

Dei første reisande var driven av eit ynskje om å utforske, oppdage og lære; geografisk, fysisk, matematisk, astronomisk, historisk etc. Før 1800 var det få reisande frå vesten som tok den lange og harde reisa til Syria, og dei få som reiste var for det meste handelsmenn, militære, diplomatar eller vitskapsmenn på oppdrag frå kongen av ein eller annan stat. Dette fortsette til dels utover dei tre første ti-åra på 1800-talet, men talet på reisande frå Europa byrja å auka når interessa for Palestina gjennomgjekk ein marknadsendring ved Napoleons forsøk på å marsjere til Istanbul gjennom Syria.

Måndag 13.juni 1807 kryssar Ali Bey og hans følgje den sørlege grensa inn til Syria, og kom til Khanjrounes, den første bebudde staden over grensa. «Khanjrounes is a town surrounded

⁶⁴ Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight, 1836, s.2-3.

⁶⁵ Ben-Arieh, Asher. *The Rediscovery of the Holy Land in the nineteenth century*. Jerusalem: Magnes Press, Hebrew University, 1983, s.15.

with walls and gardens, in a good situation, at a short distance from the sea».⁶⁶ Han var ein av to som kom landevegen til Syria, mens dei fleste foretrakke sjøvegen. Bey hadde vert gjennom Nord-Afrika og kom frå pilegrimsreise til Mekka og Medina, og skulle gjennom Syria på veg til Konstantinopel. Landreise var like strabasiøst som sjøreisa, men var meir forutsigbart i forhold. Kamelar var det føretrekte transportmiddel aust for dei europeiske provinsane, ettersom den kunne bære 250 kilo for minst 25 kilometer om dagen, 20% meir enn hestar og muldyr kunne bære. Desse dyra var meir å føretrekke på kortare avstandar på grunn av farten dei kunne komme opp i.⁶⁷

Sjøvegen var den mest effektive og kostnadseffektive vegen til tross for uforutsette hindringar som skiftande vær, straumar og vind som kunne forlenge sjøreisa. Der kamelen kunne bære 250 kilo, kunne dei minste skipa verte lasta med 200 gongar meir og ein trengde ikkje tenke på mat til dyret, berre til mannskapet. Når ein hadde kasta loss var det ikkje godt å vite kva dag når ein ville kome fram til destinasjonen, ikkje ein gong kva veke. Ein av dei viktigaste handelsrutene, Venezia til Istanbul, kunne med god vid og godt vær ta så kort som femten dagar, men med dårlig vær kunne det ta så mykje som åtti-en dagar. Likedan var det sytten dagar mellom Aleksandria og Istanbul med god ving, men åtti-ni dagar i dårlig vær. James Silk Buckingham valte å ta skip frå Alexandria til Acre, Syria, og la ut frå Nil-deltaet med god vind.

“December 25th, 1815. The many obstacles which had retarded my departure from Alexandria, from day to day, being at length removed, and a favourable wind blowing from the southwest, I took leave of my friends there, and, accompanied by Mr. Thurburn and Mr. Babington, my fellow-voyager from India to Egypt, embarked on board the vessel in which I had taken my passage for the coast of Syria on the morning of Christmas-day.” – John Silk Buckingham.⁶⁸

John Silk Buckingham hadde på dette tidspunkt allereie reist Middelhavet rundt, vert i Egypt over lengre og gjentatte periodar, hatt ein tur til India og var klar for å oppleve Syria for andre gong. Det var mange hindringar som kunne forhindre eller forlenge reisa, som vær, pengar, sjukdom og familieaffærar. Buckingham nemne at han opplevde fleire hindringar som forskyva avreisa til Syria, men nemne ikkje kva. 25.desember var i alle fall dette rydda av vegen, og ein god vind kom frå sørvest. Bra for ei reise mot nordaust. Vinden var eit viktig

⁶⁶ Bey, Ali. *Travels of Ali Bey in Morocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*. Philadelphia: William Fry, 1816, s.235.

⁶⁷ Quataert, Donald. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press, 2005, s.119, 121.

⁶⁸ Buckingham, James Silk. *Travels Among The Arab Tribes*. London: A. & R. Spottiswoode, 1825, s.1.

element når ein skulle krysse ein sjø eller eit hav, og kunne både forlenge eller forkorte reisa, og Buckingham fekk oppleve den siste. Dei hadde ein god vind på veg ut, men den døyde heilt ned i løpet av natt til den 27.desember. Med ingen vind er ein overgitt til strømmingane av sjøen eller havet, og skipet vart dratt tilbake mot Nilen med havstraumane eit stykke, det stykke som dei iherdig hadde vunne fram dagen før. Ingenting anna var det å gjere enn å vente på at vinden skal ta seg opp att, slik den då gjorde dagen deretter, men frå feil retning. Det sinnet, den redselen og panikken som spreia seg på skipet i løpet av reisa, seier noko om kor farleg dette var og kor viktig dei rette værforholda er. Vinden fortsett å variere veldig, og gir ikkje mykje når den først kjem. Panikk spreiar seg blant skipets mannskap og passasjerar, og opp i det heile kjem det ein storm som nesten drar med seg båten ned. Dei kjem seg til slutt trygt inn i hamna i Acre den 7.januar etter ei hard reise.⁶⁹

Underlagt naturens krefter og noko kunnskap om værets årlege syklus på havet, var det ein farleg og tung reise over Middelhavet, utan noko land å sjå i mange dagar. Vennar og familie kunne vere vekk når ein kom tilbake, og venner ein gjorde seg på vegen, var det mogleg at ein aldri såg igjen når ein måtte reise frå dei:

"These gentlemen had the kindness to remain with me until we were under way, and had cleared the pharos of the new harbour, when I had again to undergo the most painful of all guiltless feelings,—that of bidding adieu to tried and well-loved friends, with scarcely a hope of our ever meeting again." – John Silk Buckingham.⁷⁰

Etter 18 dagar på havet la skipet forfattar John Carne hadde reist med får Marseille til kai ved Petra, ein av hamnene ved Konstantinopel. Det verste, fortalte Carne, var dei fire dagane dei hadde hatt utan vind, driftande utan noko teikn til land som gjorde dei rastlause og lei av å sjå berre sjå og himmel.⁷¹ Gjennom 1800-talet var det gjort store teknologiske oppfinningar som revolusjonerte sjøtransporten, nærmare sagt dampmekanologi. Det var meir forutsigbart, og timeplanar dukka opp. Dampskipet dukka opp i Syria først på 1820-talet

Begjæret etter å utforske og forstå området auka spenninga i å utforske, og dei reisande heldt seg ikkje lenger berre til dei heilage stadane. Talet på reisande varierte med temperaturen på det politiske miljøet og ein aukande religiøs lidenskap gjennom det 19.århundre. Her skulle ein tru at talet på reisande kanskje gjekk ned for eksempel under Muhammed Alis

⁶⁹ Buckingham, James S. *Travels in Palestine Through the Countries of Bashan and Gilead, East of the River Jordan*, Vol. I. London: Longman, Hurst, Rees, Orme and Brown, 1822, s.XX-XI, 1, 9-10, 14, 18, 33, 35-37, 51.

⁷⁰ Ibid, s1.

⁷¹ Carne, John. *Letters from the East*. London: Henry Colburn, New Burlington Street, 1826, s.1.

okkupasjon, men som sagt var han meir tolerant ovanfor dei europeiske maktene og la til rette for fleire reisande, og dermed gjekk dette talet opp i åra Egypt okkuperte Syria. Dette heldt seg relativt stabilt etter at dei egyptiske styrkane vart pressa ut, og dei osmanske styresmaktene endra ikkje særleg mykje på det Muhammed Alis styre hadde brakt inn.⁷²

Fleire av dei som reiste under Muhammed Alis styre var dei tidlegare nemnde Baron Géramb og Edward Hogg, i tillegg reiser Thomas Skinner, George Jones, John Lloyd Stephens og Thomas Kinnear. Det var eit halvtårhundre prega for det meste av mannlege reisande på oppdagingsferd eller i vitskaplege oppdrag. Dette endra seg over midten av århundre når nye moglegskapar oppstod med den industrielle revolusjon og det nye fenomenet turisme.

3.1 Turisme

I sin byrjing var turisme eit unikt vestleg fenomen. Eit produkt av den industrielle revolusjon med sitt nye konsept av fritid, var den fødd, utvikla og perfeksjonert i Storbritannia, Vest-Europa og Nord-Afrika gjennom 1800-tallet. Etter kvart som dess innflytelse spreia seg utover århundre, vart turisme implementert i dei koloniserte landa i Asia, Afrika og Midt-Austen. Turistar var ein del av ein veksande antal vestlege som kom kvart år til Jerusalem, Kairo og andre byar i austlege Middelhavet. Det var pilegrimar, lærarar, handelsmenn, entreprenørar, imperium byggjarar osv.⁷³

Vestleg turisme representerte ein heilt ny form for reise, der dei fleste før hadde reist som individ eller i små grupper for oppdaging, eventyr, handel, vitskap eller religiøs inspirasjon. Ikkje primært for ferie og rekreasjon, og absolutt ikkje i større grupper. Den mest berømte tidleg moderne reisemåte, og forgjengaren til dagens turisme, var The Grand Tour. Frå 1700-tallet byrja aristokratiske familiar å sende sine unge søner i lag med lærarar på reise gjennom Frankrike, Sveits, Italia og frå byrjinga på 1800-tallet, Hellas, akta som den vestleg sivilisasjons fødestad. Frederika Bremer, svenskfødt forfattar og kvinneforkjempar blant anna, reiste på sin ‘Grand Tour’ gjennom Sveits, Brussels, Paris, Malta og til Syria der ho ankom i september 1859.⁷⁴

⁷² Ben-Arieh, *The rediscovery of the Holy Land*, s.12-13, 51.

⁷³ Hunter, F.R. «Tourism and Empire: The Thomas Cook & Son Enterprise on the Nile, 1868-1914». *Middle Eastern Studies* 40, nr. 5 (2004): 28-54, s.28; Ahnlund, Knut. «Resenären Frederika Bremer». I: *Livet i gamla världen*, Frederika Bremer, s.7-19. Stockholm: Atlantis, 1995, s.11-12.

⁷⁴ Hunter, «Tourism and Empire: The Thomas Cook», s.29.

Den industrielle revolusjon, som byrja i Storbritannia, introduserte ideen om arbeidstid og ikkje-arbeidstid, eit mellomrom der reise for ferie kunne verte introdusert. Revolusjonen skapte ein industriell og administrativ elite som var dei første til å få betalt ferie, og ein ny middel- og arbeidsklasse. Og den produserte dampskip, jernbane og telegraf, som minska verdas avstandar.⁷⁵

Dei nye moglegskapane for og interesse i reise opna opp for europearar og i aukande grad amerikanarar, med dei nye invensjonane i damp og jern. Ein auka del av befolkninga som kunne lese og skrive bringa med seg ein ny marknad for reisebøker, som auka i popularitet, og industrialiseringa bringa med seg ein auke i europearars appetitt for forteljingar frå dei eksotiske landa rundt Europa. Jo meir reise vart ein del av rutine og timeplan, jo meir la 1800-tallets reisebøker trykk på dei eksepsjonelle innsikta og subjektive erfaringane som dette då bringa med seg. Reise vart i større grad ein moglegskap for meditasjon, refleksjon og dagdraumar i ein verda av aldri før opplevd rask endring og forandring. Reise, spesielt til land tungt forbunde med klassiske og bibelske tider, var trenga gjennom med historiske meininger og allusjonar. Det reflekterer både tvilen og vissheita av den viktorianske tidsalder.⁷⁶

3.2 Stopp på vegen

Mary Eliza Rogers legger frå ved London Bridge, 14.juni 1855. Dei kastar loss ved midnatt når floa var på sitt beste. Rogers er den einaste av reissebokforfattarane i dette utvalet som vel å byrje si forteljing frå dei legg frå kai.⁷⁷ Dei fleste andre byrjar å fortelje om reisa si enten frå Middelhavskysten eller frå Egypt, der Alexandria var det naturlege punktet å reise via når ein skulle til Syria med skip. Mens dei andre tar vegen over havet for å komme seg til Syria, tar Ali Bey og John Lloyd Stephens tar den lite brukte landevegen på veg til Syria. Isabella Romer nemnte at det i 1859 var betre å ta vegen over ørkenen, El Arisb og Gaza, men at sjøvegen var det einaste alternativet:

And, although that manner of proceeding to Syria is less desirable than the route from Cairo by the Desert, El Arisb, and Gaza, (as there is no possibility of approaching Syria by sea from Egypt, without being subject to quarantine, which is not the case by land, and that the road

⁷⁵ Hunter, «Tourism and Empire: The Thomas Cook», s.29-30.

⁷⁶ Mazower, Mark. «Travellers And The Oriental City, c. 1840–1920». *Transactions of the Royal Historical Society* 12 (2002): 59-111, s.59-60.

⁷⁷ Rogers, Mary Eliza. *Domestic Life in Palestine*. Cincinnati: Poe & Hitchcock, 1865, s.17.

*from Beyrouth to the Holy Land, which follows the coast down to Jaffa, is far more exposed to peril and privation than that by the Desert), yet we were willing to brave all, rather than turn our backs upon the East without having visited Palestine.*⁷⁸

Turen over gjekk ganske så smertefritt, men det var ikkje så sikkert rett før ho drog at ho hadde moglegskap til å reise til Syria. Det kom ingen brev frå hennar venner og familie, og usikkerheita var nok til at dei planla å reise tilbake før dei hadde fått sett Syria. Dei reise til Alexandria forberedt på å segle heim att til England, men når dei kjem til Alexandria mottar ho brev frå sine vennar om at alt var bra. Ho kan fortsette som planlagt til Syria.⁷⁹

Ein del felles faktorar blant dei reisande i dette utvalet var at alle saman var innom Alexandria på veg til Syria. Det er ingenting i sjølve kjeldene som snakkar om kvifor Alexandria var så eit naturleg stopp for forfattarane gjennom heile 1800-talet, men ein veit kor viktig Egypt var som ein gamal sivilisasjon. Ei nemnar at ho hadde aldri vert innom Alexandria, Frederika Bremer, men så nemnar ho ikkje med eit ord noko om reisa til eller frå Syria, anna enn kva by ho kjem inn til i Syria og kva by ho reise ut frå. Derimot, ut i frå at alle dei andre er innom Alexandria, kan ein anta at Bremer var det og.⁸⁰

Dampskipets inntog i Middelhavet gjorde seg tydeleg og blant dei reisande og deira framstillingar. Der for eksempel Edward Hogg brukte rundt 9 dagar frå Napoli til Malta, brukte Mary Eliza Rogers berre 2 dagar frå Marseille til Malta, som har ein lengre avstand til Malta enn Napoli. Dei fleste av dei som reiser før 1839 reiste med seglskip over Middelhavet til tross for at dampskipa hadde allereie på 1820 talet gjort sin entre. Dampskip, eller dampbåt, var først nemnt av Géramb i 1831 som reiste med ein over innsjøen Maggiore i Italia på veg sørover til Milan. Over Middelhavet brukte han seglkip derimot. Kinnear i 1839 var den første av forfattarane som reiste med eit dampskip, dampskipet H.M.S. Volcano, på veg tilbake frå Syria, og Isabella Romer reiste med ein fransk dampar over Middelhavet på veg til Syria i 1845, frå Alexandria til Beirut. Når Charles Warren og Lady Elizabeth Butler reiste var dampskip blitt så vanleg å reise med i Middelhavet, at seglkipa var blitt ein kuriositet.⁸¹

⁷⁸ Romer, Isabella. *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt, Nubia and Palestine, in 1845-6.*, Vol. II. London: S. & J. Bentley, Wilson, and Fley, 1846, s.135.

⁷⁹ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt*, Vol. II, s.128, 134-36.

⁸⁰ Bremer, Frederika. *Livet i gamla världen*. Stockholm: Atlantis, 1995, s.23, 402.

⁸¹ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.21-22; Kinnear, Thomas. *Cairo, Petra, and Damascus*. London: John Murray, 1841, s.304.

4 Synleg og usynleg

When the stranger approaches the woman retires; and so completely is she accustomed to this seclusion, that, however closely he may watch, he can never catch her even peeping at him from behind a screen or partition of the tent ; curiosity, which in civilized life is so universally imputed to the daughters of Eve, seems entirely unknown to the sex in this wild region.⁸² –

John Lloyd Stephens.

Det skilje som var mellom kvinner og menn i det osmanske riket og den arabiske verda, var av stor interesse for dei som reiste dit, og dei heime som fekk lese om dette. Det var skrevet mykje om dette, og spesielt ordet harem var eit ord som selde, noko historikar Reina Lewis seier vi ikkje kan fornekte. Om du skriv om å besøke, å leve i eller rømme frå eit harem, ville ein kvar bok som omhandle dette toposet selje stort. Det var ein stor marknad for dette frå 1700-talet og utover, og før reising vart lettare og meir komfortabelt, spesielt for kvinnene, var det skrevet få bøker frå haremet enn óm haremet, men bøker som ‘alle’ leste. Kvinner kunne med sin mykje lettare tilgang til haremet presentere ‘autentiske’ forteljingar frå livet i haremet og tilfredsstille lesarane appetitt på litteratur rundt ulike tema frå den nære austen, meir så når fleire kunne reise. Dei tilførte sine verk ord som ‘prinsesse’, ‘arabisk’, ‘tyrkisk’ eller ‘harem’ til tittelen, ord som forlag og forfattarar visste ville vere til stor forlysting for publikum, sjølv om bøkenes innhald ville vere annleis enn det lesaren forventa å finne.⁸³

Like så er det eit ord som Lewis ikkje kunne unngå å ha med i sin tittel: «Rethinking Orientalism. Women, Travel and Ottoman Harem.» Eit ord som ho trengde for å pirre lesarens nyfikenheit sjølv om ho sleit med å kontrollere frå starten dei mange idear som er assosiert med toposet harem. Likevel er det eit tema ein ikkje kan unngå når ein skriv om kvinner i den nære austen i tida før 1900. Harem representerer ikkje berre ein fysisk stad som var tileigna kvinnene, men det representerte og skilje mellom menn og kvinner som framstillast i samfunnet. Eit samfunn der kvinnene er adskilt frå mennene, ikkje berre i den private sfære som framstilt i toposet harem, men og i den offentlege sfære, på ulike måtar reflektert i oppseding, utdanning og utfluktar. På den andre sida ser vi kvinner som ikkje vert halden adskilt frå menn eller samvær generelt utanfor heimen. Oftast var desse stadane ein

⁸² Stephens, John Lloyd. *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*. New York: Harper and Brothers Publishers, 1862, s.14.

⁸³ Lewis, Reina. *Rethinking Orientalism*. New Brunswick, New Jersey: Rutgers University Press, 2004, s.12; Herath, Thisaranie. «Women and Orientalism: 19th century Representations of the Harem by European female travellers and Ottoman women». *Constellations* 7, nr.1 (2015): 31-40, s.33-34.

møtte kvinnene i det offentlege framstillingar satt i settingar der ein finn dei i arbeid eller i dei lågare sjikta.⁸⁴

4.1 Harem

Haremets har alltid vert noko som framkallar ein undring, nyfikenhet, tankar om eksotiske element og sensualitet i den vestlege fantasi. Omgrepet bringe mange bilete til sinnet; eksotiske kvinner, evnukkar, slør, magedans, sensuelle opplevingar, høge murar, lite fridom og avstenging frå omverda. Representert i maleri, filmar, litteratur og anna kunst, var dette ein stad der menn kunne berre drøyme om å tre inn i dess mystiske hallar og gangar. Det var områder berre tilgjengeleg for kvinner, evnukkar og herren i huset. Menn sitt innblikk i harem var avgrensa til kvinnernas gjenforteljing frå besøk. Berre slik kunne dei skape seg eit bilet av liv og røre i denne sfæren av austlege kvinnernas liv.⁸⁵

Omgrepet harem har vist seg å vere langdrygt og har klart å overleve endringar i både kultur og politikk. Haremets har vert vestens fascinasjon som eit senter for ein eksotisk og unormal seksualitet heilt sidan dei tidlege møta mellom kristendommen og islam. Sett på som representativt for eit mikro Midtausten, inkorporerte det dei to karakteristikkane som ofte var oppfatta som typisk orientalsk; sensualitet og vald. Historisk sett derimot er opphavet til haremets mykje eldre enn både kristendommen og islam. Det var praktisert allereie i antikkens Middelhavssamfunn, der det fantes eit system som kunne bestå av ein kombinasjon av skjerming av kvinnene, polygami og konkubiner. Eksempelvis såg ein dette i grekaraneas adskilte gynecea, og hebrearaneas praksis av polygami og konkubinat. Dette var noko som var godt kjent i vesten som Bremer viste eksemplar til. Ho presenterer litt historie om kvinner i ulike samfunnslag og nemnte Amazon, Hellas og Roma, og korleis nokre kvinner, om klok og modig, fekk opphøgd status. Generelt hadde ikkje kvinner ei stemme i historia. Ho fortel korleis kvinner har vert ringakta i dei gamle fortids samfunn, og fremstår i historia som ei vare som vert selv eller gitt vekk i ekteskap, og stengd innanfor haremets eller gyneceas murar.⁸⁶

⁸⁴ Lewis, *Rethinking Orientalism*, s.12.

⁸⁵ Stockdale, Nacy L. *Colonial Encounters Among English and Palestinian Women, 1800-1948*. Gainsville: University Press of Florida, s.64; Melman, Billie. *Women's Orient: English women and the Middle East, 1718-1918: sexuality, religion and work*. Basingstoke: Macmillian, 1995, s.59.

⁸⁶ Bremer, *Livet i den gamla världen*, s.248-49; Melman, *Women's Orient*, s.60-61.

Dei eksemplane av tilslørkinga og skjerminga av kvinner som reisande ofte rapporterte tilbake om, hadde ikkje vert eit påbod i Koranen, og heller ikkje Hadith (eller tradisjon) har vert tydeleg på desse praksisane. Skjerming frå samfunnet var ein seinare utvikling som var avgrensa til den urbane handelsklassen og sannsynleg kopiert frå dei krigsslagnes folkegruppene arabarane la under seg. Dei tidlege osmanske sultanane bygde sine kongelege haremet på det bysantinske gynecea, inkludert bruken av evnukkar.⁸⁷

Så sjølv om polygami og skjerming har sitt opphav i tidlegare kulturar, vart det austlege Middelhav etter kvart identifisert med dette. Andre kulturar som europearane hadde vert borti med liknande eller andre ikkje-monogami seksualitet vart meir idealisert, og polygami og lausaktigkeit i den fjerne austen, i ekvatoriske samfunn eller i samfunn på andre sida av jorda, vart satt inn i ein modell av naturleg sensualitet eller prelapsarian. Til motsetning var haremet ikkje ein utopisk stad, og heller ikkje ein plass for uskuldig sensualitet, som dei andre samfunna vart idealisert med.⁸⁸

Haremet okkuperte altså ein spesiell stad i den seksuelle geografien til reisande, etnografer og tenkarar, og i følgje Melman er det tre grunnar til dette. Den første er nærlieken Midtausten hadde til Europa, og med den nærlieken følgde grunn nummer to: den politiske trusselen som Det osmanske riket hadde vert ovanfor Europa over ein lang periode. Tilslutt den tredje grunnen er islams posisjon som utfordrar kristendommen, som ein av dei store openbaringsreligionane, og ikkje som restar etter ein underutvikla sivilisasjon, ein kuriositet. Dette kan vi, ifølgje Melman, trekke vidare til vestens fiksering av sensualitet i islam. Haremet var tiltrekkande og truande på ein og same tid fordi det gav eit alternativ til den vestlege pauline-augustinske modellen av sensualitet.⁸⁹

Melman har som sagt i innleiinga argumentert for at ein ikkje berre kan sjå på haremet som ein stad i menn sin fantasi, for å ikkje avskrive eit klasse- og kjønnsperspektiv, men at ein treng både menn og kvinners perspektiv. Melman argumenterer vidare for at i kvinnernas sinn er staden harem markant ulik orientalismens bilete. Kvinnelege reisande og etnografer domestiserte det eksotiske, eller ein kan seie at dei normaliserte og menneskjeleggjorde haremet. Melman argumenterer med at menn sine forteljing frå og om haremet ikkje er frå observerte-/førstehandskunnskapar, men frå tekstar: litterære, polemiske og reisebøker. Med

⁸⁷ Melman, *Women's Orient*, s.60; Gelişlis, Yücel. "Education of women from the Ottoman Empire to modern Turkey". *SEER -South-East Europe Review for Labour and Social Affairs* 2004, 04, s.121-22.

⁸⁸ Melman, *Women's Orient*, s.60-61.

⁸⁹ Melman, *Women's Orient*, s.61.

få unntak var haremet stengt for europeiske menn. Førstehands informasjon om syriske kvinner kom fra mannlege informantar. Det finnast mange eksemplar på dette i omtalar frå John Silk Buckingham, John Lloyd Stephens og Baron Géramb, som refererte til kva dei hadde høyrt frå lokale menn eller frå herren av haremet sjølv.⁹⁰

Rett har Melman i at det var få europeiske menn som fekk tilgang til haremet. Oftast er haremet gjennom mykje av sekundær litteraturen omtala som ein stad der menn hadde ingen tilgang. Leila Ahmed beskriv det som absolutt ingen tilgjengelege måtar å få tilgang til haremet på. Korleis er det så at ein finn reiselitteratur skrevet av menn som fortel om seg sjølv eller andre menn som har fått tilgang til haremet? Det verker som at dette er eit aspekt ved framstillinga av korleis haremet fungerte som ikkje har endra seg til tross for forsking og at det finst nok av materiale frå ulike reisebokforfattarar eller andre om dette. Det vert dermed eit aspekt som stemme godt overeins med Edwards Saids teori om korleis Orientalismen er basert på kunnskap av attest enn på bevis, og at kunnskap vert vidare ført enn utfordra. Gjennom århundre var det fleire menn som fekk tilgang til haremet til tross for at mykje av litteraturen på området seier motsett.⁹¹

4.2 Menn i haremet

Året var 1816. Dagen var 28 februar. Buckingham er i Assalt og dei trengde ein kjent mann som guide til Karah sidan deira eigen guide frå Nasaret ikkje var så kjent i dette området. Abu Farrah vart peika ut som den beste og vart brakt fram for Buckingham. Første intervju gjekk bra og han ansette den antatt muslimske mannen. Seinare lærte Buckingham at mannen var like mykje kristen som han er muslimsk, og at Abu Farrah følgde dei aspekt ved religionane som tente han best. Han syns det å halde seg til berre ei kone var noko av det mest smertefulle offer han hadde gjort, men gleda seg over å kunne ete svin og drikke vin, noko dei meir dedikerte muslimar med fleire kvinner i sitt harem var forboden å gjere. Buckingham kommenterte ikkje sjølv kva han syns, men biletet han teiknar ved å fortelje

⁹⁰ Melman, *Women's Orient*, s.61-62

⁹¹ Ahmed, Leila. «Western Ethnocentrism and Perceptions of the Harem». *Feminist Studies* 8, nr. 3 (1982): s.524; Foster, Shirley. "Colonialism and Gender in the East: Representations of the Harem in the Writings of Women Travellers." *The Yearbook of English Studies* 34, 2004, s.7; Herath, «Women and Orientalism», s.31.

denne historia ville nok fått dei fleste til å riste på hovudet, over at ein plasserte kvinner på same linje som det å nyte gris og vin.⁹²

Buckingham i sine omtalar av ordninga harem verkar noko likegyldig i måten han skriv på. Det var ikkje noko som han valde å gje mykje fokus eller meininger om. Buckingham fekk sitt første verkelege innblikk i eit harem i Syria når ein druse inviterte han inn for å undersøke det han meinte var ein innrissa stein av stor verdi. Han vart med og ført inn blant kvinnene utan noko oppstyr eller panikk. Inskripsjonen viste seg å vere berre ei dekorert dør og litt dekorative inskripsjonar på ein vegg. Kvinnene var godt underheldt av besøket, fortel Buckingham, sjølv om dei var tydeleg forundra over kva som var motivet. Korleis kunne Buckingham vite at dei ikkje forstod kva dette besøket var for? Han skreiv ingenting anna enn at dei var *tydeleg forbausa* over dette besøket, men kva er det som gjer at dette var tydeleg? Var det ansiktsuttrykk eller kanskje det var noko dei sa? Vi manglar informasjon for å bekrefte eller avskrive Buckinghams påstand, og det får det til å verke som at Buckingham såg dette som noko som var openbart å forstå, og gav derfor ikkje noko anna å stole på enn hans eige ord og observasjon. Kvinnene vart framstilt som utan interesse eller intelligens til å kunne gjette seg til kva dette gjaldt når han stod der og undersøkte veggen. Dette er igjen eit aspekt ved Saids Orientalismen, nemleg at ein persons ord var sterkare enn dei bevisa han førar med seg, og om ein seier noko er orientalistisk så er det sånn. Kunnskapen vart ikkje utfordra.⁹³

Interessant var det å sjå at i 1816 får Buckingham tilgang til eit område der kvinnene oppheldt seg. Ikkje berre var det ein vestleg person, men ein mann til og med. Buckingham forklarte ingenting av kvifor dette var tilfelle og for oss i dag ville ein kunne tatt det for gitt at dette var normalt, men ein kan tenke seg at det ville verka uforståeleg og merkeleg for den enkelte vestlege person som leste dette i etterkant. Han brukte heller ikkje ordet harem, men refererer til det som kvinnenes leilegheit. Kanskje var harem berre ein myte, noko som eigentleg ikkje eksisterte eller noko som Buckingham ikkje fekk erfare? Seinare nemnar han derimot harem ved namn og noko av dess rykte:

We learnt that this was the principal apartment in which he received and passed his leisure hours with the ladies of his harem; a word which to an English ear conveys an idea of indulgence in voluptuous pleasures, and is calculated to give the most erroneous notions of

⁹² Buckingham, James Silk. *Travels Among The Arab Tribes*. London: A. & R. Spottiswoode, 1825, s.58-59.

⁹³ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.264.

Turkish life, the harem being no doubt as often the scene of cruel and ferocious violence as of consenting love.⁹⁴

Dei hadde vert vist rundt i Pasjaen⁹⁵ (guvernøren) av Damaskus' palass i 1816, ikkje lenge etter at han døyde, og dei kom etter kvart til den delen av palasset der pasjaen brukte å ta imot og dele sine avslappande timar med kvinnene i sitt harem. Buckingham forklarar korleis ordet harem, i følgje han ville verte tatt i mot av engelske øyrer, og kva idé dette ville bringe til sinn, ein stad som utan tvil like ofte var staden for grusom vald som for gjensidig kjærleik. Han verkar usikker på om han sjølv trur på denne framstillinga, men presiserte at dette var framstillinga som ordet harem bringe fram i eit engelsk sinn. Dei vart fortalt av den som viste dei rundt at kvinnene var under ein skjeggete gamal manns oversyn, og ikkje ein evnukk, som Buckingham kommenterer var meir universelt vanleg. m vi seOr på dei mange besøk i Harem som Rogers gjorde, eller dei som Bremer og Géramb gjorde, var det i deira framstillingar ikkje noko teikn til ein evnukk.⁹⁶

At Buckingham var usikker angåande autentisiteten til denne framstillinga, vart endå meir understreka når han beskrev refleksjonane av informasjonen dei fekk om haremets som ‘suggested’, altså at informasjonen antyda ein framstilling om korleis haremets var. Han viste i sin ordbruk at han ikkje hadde den fulle sanning, og at det kunne berre vere moglege refleksjonar enn sanne refleksjonar. Informasjonen la ein dempar på gleda over dei gode og glade scener av gårdsdagen, men den bekrefta hans inntrykk av den fæle usikkerheit ein hadde når det kom til lov og fridom, under ein despotisme så restriktiv som denne.⁹⁷

John Carne skreiv om eit harem i Kairo, som i denne samanheng var nemninga på kvinnene under pasjaen. Ei framstilling som stemmer godt med det generelle biletet ein får av det osmanske haremets generelt og om kven som får komme inn. I følgje Carne hadde den reisande som var heldig nok å vere lege, eit fortrinn ovanfor andre menn; han ville fått tilgang til haremets, fått sett utsjåande til dei mest vakre favorittane, og halde lange samtalar med dei. Han omtalte kor utolmodige og nyfiken dei var etter å møte ein hakim (lege). Dei lot han undersøke fargen i hennar auge, og snakkar utan hemningar. Det var nettopp denne stillinga

⁹⁴ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribe*, s.322.

⁹⁵ Pasja var den høgste militære og sivile embetstittel i Det osmanske riket, og ikkje arveleg. Den var gitt ofte til menn som hadde embete som vesir, minister eller guvernør.

⁹⁶ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.320-22.

⁹⁷ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.322.

som löt Edward Hogg få ein tilkalling til ein sjeiks harem i landsbyen Al-Zabadani rett nordvest for Damaskus.⁹⁸

Hogg fortel at han vert tilkalla til haremet av ein ung gut for å besøke og gje medisinske råd til verstens første-kona under ein middag hos verten. Hogg var utdanna lege og vart ført inn og invitert til å sette seg. Når han hadde satt seg kom første-kona fram, gjorde dei vanlege helsingane og set seg ned ved hans side. Eit tjukt slør dekte hennar ansikt, men vart villig skjøve til sides for å vise hennar tunge og vart etter kvart ubekymra hengt til sides. Lett og utan skam i hennar veremåte, sjølv om ho deltok sparsamt i samtalene, fortalte ho at den unge guten som hadde henta han inn var hennar son. At Hogg valde å fortelje dette viste ein framstilling av at kvinnene hadde noko fridom til å velje sjølv å kalle på nokon, gjennom hennar son vel å merke, men at det ikkje var hennar mann eller sonen som hadde arrangert dette⁹⁹

Andre bebruarar av haremet kom fram for å få råd, enten for dei sjølve eller for ungane sine. Når han reiste seg for å gå, vart han informert at nokre av nabokonene ville veldig gjerne komme og konsultere legen. Dei vart framstilt av Hogg som engstelege og nyfikne etter å treffe ein hakim, og ei gruppe kvinner kom fram tildekt som spøkelse, i kvite slør og omslag. Dei eldre damene gjekk gjennom konsultasjonane med det Hogg omtalar som uhemma villigkeit, men ei av kvinnene som var ung og ugift, sat seg i mot lenge ein kvar moglegskap å vise ansiktet. Ho stakk tippen av tunga gjennom foldane av ansiktssløret og heldt sta fram armen, insisterande på at hennar puls burde vere nok til å fortelje alt om hennar plager. Etter gjentatte forsikringar at ingen bedømming kunne verte gjort utan å undersøke hennar ansikt, letta ho på sløret, og skuffa Hogg over at ho ikkje var ein skjønnheit.¹⁰⁰

Carnes framstilling av dei trekk av korleis kvinnene var ovanfor legar, at dei var engstelege og nyfikne, reflekterast i Hoggs omtale om korleis kvinnene oppførte seg. Framstillinga bringe medkjensle med kvinnene og ein lure på om dei har eigne legar i det heile tatt, som Frederika Bremer fortel seinare ein gong i perioden 1859-61 var ein mangel på og at muslimar ikkje hadde trua på dei. Carne noterte seg òg som nemnt at desse mennene var heldige nok til å få sjå utsjåande til dei vakraste favorittane, og den framstillinga om at

⁹⁸ Carne, John. *Letters from the East*. London: Henry Colburn, New Burlington Street, 1826, s.167-68; Hogg, Edward. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol.II. London: Saundersand Otley, Conduit Street, 1835, s.285, 287.

⁹⁹ Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.290-91.

¹⁰⁰ Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.291-93.

kvinnene i haremet var vakre skjønnheiter ser det ut til at Hogg har hatt med seg, når han vart så skuffa over å finne ut at ein av dei ikkje var så vakker som han hadde rekna med.¹⁰¹

Baron Géramb refererte i 1832 til ein lege av ukjent nasjonalitet og ein katolsk armensk biskop, prinsessas skriftefar, som dei einaste som fekk gå inn i Emir Bechirs harem i Bteddin i Libanon. Så i tillegg til legar, var det mogleg å få tilgang til haremet i kraft av å vere geistleg av noko slag, noko Baron Géramb fekk seinare oppleve. Han og hans selskap var gjestar i Boutrous hus i Tripoli i 1832, ein mann Géramb omtalte som høfleg, god og gjestfri, med patrialske verdiar. Han hadde to søner og tre døtre, men Géramb hadde sett ingenting til verken dei eller deira mor, for dei heldt seg konsekvent lukka inne i det indre av huset, og kvinnene tilslørte seg grundig når dei gjekk til kyrkja. Etter ein handelstur var Boutros glad for å sjå at dei fortsatt var gjester i hans hus, og ved hans status som munk, meinte verten Boutros no at det ville berre vere rett mot Baron Géramb å introdusere han til haremet sitt. Ein eldre bebuarar av fjella, som kunne litt fransk, fungerte som tolk og fekk vere med inn. Det var ingen nemning til kvifor han òg fekk vere med inn; om han var eit familiemedlem eller om det var det faktum at han var gamal som gjorde at han òg fekk tilgang. Heile vegen var det små slike motsetningar i reisebokforfattaranes omtale om haremet.¹⁰²

Baron Géramb vart mottatt av kvinnene i haremet med den største respekt; dei kom inn, nikka djupt av respekt og kyssar hans hand. Han fekk eit sete på divanen og den eldste av døttrene kom fram og dekte hans ansikt med eit slør, kor ho heldt opp ei parfyme-plate med ein deilig røykelse som steig opp. Etterpå vart han sprinkla godt med rosevatn, og det var så het at det tok alle hans krefter å ikkje unnskyerde seg frå denne seremonien. Dei var utilslørt, så han følte han måtte underkaste seg denne seremonien. Det vart servert søtsaker og kaffi på eit lite bord framfor han, og kvinnene uttrykte stor interesse for hans klede, spurte mange religiøse spørsmål og lytta godt med eit religiøs alvor, i følgje Géramb. Kvinnene vart framstilt som høflege, gode og interesserte i kva han hadde å seie.¹⁰³

I Damaskus var George Jones og hans selskap på omvising av byen, som inkluderte eit besøk til Abdallah Beys palass, den rikaste mannen i Damaskus. Hans familie hadde vrt pasja av Damaskus i 300 år, men under Mehmet Ali hadde Abdallah sagt nei til å vere pasja og var no ein privatperson. Jones fortalte kor høfleg han tok dei imot, viste dei rundt i bygningane og

¹⁰¹ Bremer, Frederika. *Livet i gamla världen*, s.296.

¹⁰² Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.91, 105-6.

¹⁰³ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II., s.105-6.

serverte kaffi, piper og sorbett. Mrs. Farran, kona til den engelske konsul-generalen i Syria, som var ein del av selskapet denne dagen, fekk på eigen oppfordring i gang ein omvising i haremets. Abdallah Bey gav ordre om at kvinnene skulle verte fjerna, og så snart dette vart gjort viste han dei rundt i kvinnenes del av palasset. Då dei vart ført rundt, kunne ein høyre rasling og nokon gongar litt fnising bak skiljeveggane eller skjermane, som indikerte at kvinnene ikkje var langt vekk og underhalde seg med å snike til seg ein titt av gjestane mens dei sjølve var gøymd frå alle blikk. I Jones' framstilling var kvinnene gøymd bort, men hadde den fridom å kunne følgje med på alle andre. Han omtalte denne delen av palasset som mykje meir fantastisk enn dei andre i arkitektur og utforming, men samtidig adskilt frå resten av palasset med ein høg mur. Dei var adskilte, men hadde ein viss fridom i å kunne observere omverda usett. Dei vart gøymd bort, men hadde det beste av det beste i huset.¹⁰⁴

Stephens kom til landsbyen Einbroot. Her møtte han den eldre broren til sjeiken av området. Han hadde sjølv tidlegare vert sjeik, men under Mehmet Ali hadde han abdisert og gitt tittelen over til broren mens han fant trøyst i armane til den unge kona hans. Han tilbaud dei å komme til hans hus, så god som ein mann kunne vere, i følgje Stephens, sjølv om han hadde berre eit rom. Hans godheit gjorde Stephens ukomfortabel, ettersom sjeiken hadde sendt sine koner til naboen hus for å sove der. Stephens spurte ut mannen om hans koner, og mannen fortalte at han hadde vert ein fattig mann heile hans liv, og hadde aldri hatt råd til å ha meir enn ei kone inntil nyleg. Men no, skreiv Stephens, var kona av hans ungdom og kona av hans eigendom kasta vekk i eit hjørne. Med all enkelheit og ærlegdom viste han Stephens den beste plassen i huset, høveleg til den unge kona. Stephens merka seg at når mannen snakka, var det som om det hadde vert det vanskelegaste i verda å måtte vere tilfreds så lenge med berre si første kone. Så er det så, skreiv Stephens, at med rikdom kjem øydsling. Mens man i England la til ein eller fleire hestar til sin stall når man vart rikare, tek den ærlege muslimskemann til seg ein ny hjelpar.¹⁰⁵

Stephens var litt fram og tilbake i sitt språk om denne situasjonen. Stephens fortalte at han var ukomfortabel med korleis mannen i sin godheit sendte konene til naboen, så dei kunne få det einaste rommet han hadde, men samtidig bruker han ord som ærleg og enkel om mannen. Stephens verkar delt mellom avsky for situasjonen og handlingane, men viste samtidig medkjensle for mannen og hans situasjonen, hans verdiar og overtydingar.

¹⁰⁴ Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight, 1836, s.351-2.

¹⁰⁵ Stephens, *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*, s.235.

4.3 Kvinner i kvinnernas rom

Når fleire og fleire fekk moglegskap å reise utover 1800-talet førte det til eit større antal reisande som kom til Syria, spesielt kvinner som ynskte å besøke dette mystiske haremet og dess bebruarar. Med byrjinga av tanzimat reformene i 1839, såg ein større mottakeleghet for vestleg kultur, og ein større villighet til å opne opp haremet for besøk av utanlandske kvinner. Innan 1840-åra var harem besøk blitt eit meir eller mindre vanleg punkt på kvinnernas reiseliste over ting å besøke og sjå i Syria, og det vart publisert fleire handbøker om korleis skaffe seg tilgang til haremet, inkludert Annie Jane Harveys bok *Turkish Harems and Circassian Homes* i 1871. Ho og merka seg at det dessverre vart vanskelegare og vanskelegare å få tilgang til haremet utover 1800-talet, og frå å verte råda tidlegare på 1800-talet til å ta kontakt med ein konsul for å verte introdusert til haremet, råder no Harvey ein på 1870-talet å dyrke vennskap med dei osmanske damene for å få ein invitasjon til eit harem.¹⁰⁶

Dette gjorde det ikkje berre vanskelegare, men det tok og tid å pleie vennskap med dei syriske damene. Dette kan vere grunnen til at for eksempel Lady Butler ikkje skrive om noko harem, ho hadde rett og slett ikkje nok tid i Syria til å pleie eit forhold lenge nok til å få tilgang. Om mogleg kan det rett og slett ha med at Lady Butler ikkje var interessert i å dra på besøk til eit harem. Mary Rogers forklarar allereie ein gong i perioden 1855-60 at kvinnenes separasjon i haremet gjer det vanskeleg for den tilfeldige reisande å få komme inn i dei indre rom av ein orientalsk heim. Samtalar med damene i haremet var ein umogleg tanke, og misjonærar hadde det ikkje betre. Dei hadde med seg ein ny og truande religion, så dørene er trygt stengt igjen frå dei.¹⁰⁷

Merkeleg nok skulle det som gjorde fleire kvinner i stand til å reise, vere det som og innskrenka kva dei kunne gjøre når det kom til haremet. Den store mengda med kvinner som reiste, var ikkje lenger berre frå overklassen eller eliten, men også kvinner av middelklassen, som gjorde til at det var eit større utval av harem som vart framstilt. Kvinner av overklassen tenderte til å velje sine besøk til harem med kvinner av den osmanske overklassen, mens kvinner av middelklassen hadde moglegskap og ingen barriere mot å besøke harem av den osmanske middelklassen. Harem besøket endra

¹⁰⁶ Lewis, *Rethinking Orientalism*, s.14-15; Foster, "Colonialism and Gender in the East", s.8.

¹⁰⁷ Rogers, Mary Eliza. *Domestic Life in Palestine*. Cincinnati: Poe & Hitchcock, 1865, s.14.

seg og til å verte meir formalisert og til stor skuffelse for den reisande som forventa å sjå eit 'ekte' harem. Den store mengda med vestlege kvinner som ville besøke haremet førte til at dei osmanske kvinnene vart endå meir skjerma og adskilt enn før, i frykt for at den vestlege kulturen skulle ta over.¹⁰⁸

Det var ikkje berre mennene som promoterte dette ved å halde kvinnene meir adskilt, kvinnene sjølv tok til motmæle mot det dei følte var ein krenking av deira privatliv, verdiar og religiøse overtydingar av kva som kunne visast til offentlegheita. Dei vart fornærma av å lese om seg sjølv og korleis dei var framstilt, når dei hadde vert gjestfrie nok til å ta imot utanlandske gjestar, i den tru at det ville vere gjensidig respekt.¹⁰⁹

4.3.1 Eit hovud av tre: oppseding i haremet

«Mohammed Bek said that their women are now quite unfitted for society, and would not know how to conduct themselves in the presence of strangers. "If we gave them liberty they would not know how to use it. Their heads are made of wood. They are not like you. When you speak, we no longer remember that you are a girl; we think we are listening to a sheikh. To live in the world knowledge and wisdom are necessary. Our wives and daughters have either wisdom nor knowledge. Give them wisdom, and we will give them liberty."»

Rogers framstilte her kvifor mennene heldt kvinnene adskilt frå samfunnet; dei var dumme, deira hovud var som tre, dei hadde ikkje kunnskap eller visdom, og dei visste ikkje korleis å oppføre seg. Dette var ein vanleg framstilling av kvinnene, spesielt i haremet. Ofte var haremet scene for gransking av kvinnenes evner, deira utdanning og som ein sfære for moralsk beskyttelse og oppløfting av kvinner. Det var tema som skapte store kontrastar i dei engelske sinn og i deira ord, i følgje Stockdale. Harem gjekk frå å vere ein eksotisk stad av undring til ein stad å gi seriøse sosiale og religiøse kommentarar, som gjorde at undersøkingar av litteratur om haremet vart viktig for å forstå dei større trendar av imperial kunnskapshenting i det Heilage Landet. Kvinner som reiste og fekk tilgang til haremet skapte ein ny moglegskap til å bygge opp kunnskapar om haremet og dess bebuarar, og kva som føregjekk innanfor dess 'murar'.¹¹⁰

¹⁰⁸ Lewis, *Rethinking Orientalism*, s.14-15; Foster, "Colonialism and Gender in the East", s.8; Herath, «Women and Orientalism: 19th century Representations», s.33.

¹⁰⁹ Lewis, *Rethinking Orientalism*, s.15-16; Foster, "Colonialism and Gender in the East", s.8

¹¹⁰ Stockdale, *Colonial Encounters Among English*, s.65.

I møta med kvinnene var det ein tydeleg mangel på spørsmål angåande utdanning og oppseding, i heimen eller ved ein institusjon av noko slag. Det var myke skrevet om korleis kvinnene oppførte seg og kva kvinnene ikkje kunne, men ekstremt få skreiv om kva det var kvinnene vart opplært til i det syriske miljøet. Kva var forventningane til kvinnene at dei skulle kunne og ikkje skulle kunne før dei gifta seg? Kva slags opplæring var det ho eventuelt fekk av svigermor (eller eldre koner) når ho var på plass i sitt nye hus? Ein kan tenke seg at mest vanleg for kvinnene, på tvers av kulturar, var huslege pliktar og ta hand om barna, for gutane korleis å skaffe eit levebrød til seg, og sin eventuelle familie. Men eg såg ingen interesse eller spørsmål retta til syrarane om korleis eller kva dei oppseda eller utdanna barna sine i.

Bremer var den einaste av reisebokforfattarane som gjentatte gonger fortalte om samtalar og spørsmål ho spurde, som viste ein stor interesse for å skaffe seg kunnskap om korleis kvinnene levde og var. Ho viste ofte til kvinner som svara godt for seg, og merkte seg korleis til tross for kvinners underordna stilling i dei austlege landa, var det nokre få av dei som likevel klarte å løfte seg sjølve opp til ein høgare rang og til eit rykte av å vere klok og ha karakterstyrke. Men dei var få. Dei fleste vart kvelt av haremets innestengde og forpesta luft.¹¹¹

Rogers presenterte oss med eit par einslege eksempel. Ho fortalte om ei gruppe jenter som kom på besøk for å oppmuntre mens hennar bror var bortreist. Dei såg gjennom biletet frå England og fekk høyre historiar om barns liv der. Overraska var dei når dei fekk høyre at Frøken Rogers ikkje kunne lage mat, for dette var «the chief point» i ei arabisk jentes utdanning. Her var det ikkje Rogers som spurde eller hadde som intensjon å lære, men gjennom interaksjonen som ho valde å fortelje om, viste ho til eit område dei syriske jentene vart opplært i. Den forteljande tonen var hyggeleg og avslappa, ulikt korleis ho beskrev dei syriske kvinnene ved seinare møte.¹¹²

Rogers spurde ikkje ved eit einaste tilfelle sine syriske venninner om korleis deira oppsede hadde vert, kva deira mor hadde lært dei, eller korleis dei eventuelt hadde lært å lage mat. Her hadde Rogers lært at noko av det viktigaste ei syrisk jente vart opplært til var å lage mat, så kvifor ikkje forhøyre seg, eller, som eigentleg er spørsmålet, skrive om det tilbake til England? Rogers hadde sjølv før jentene kom på besøk, fortalt om korleis naboane, den franske konsulen og hans kone, hadde tatt i mot dei når dei kom til sitt nye hus i Haifa.

¹¹¹ Bremer, *Livet i den gamla världen*, s.81, 87.

¹¹² Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.191.

Konsulens kone var syrisk, og introduserte Rogers til mysteria av orientalsk husreinhald, lærte ho korleis ho skulle fylle matlageret i dei ulike sesongane, korleis konservere frukt, konsentrere essensen av tomatar og lage stivelse av kveite. Her vart Rogers introdusert til ein god del av kva dei syriske jentene ville vert opplært til å kunne, kva kunnskapar kvinnene hadde om å bevare mat og kva som skulle gjerast dei ulike sesongane. Likevel var dei andre omtalane om kvinnene lite fylt av kva dei kunne, men meir om kva dei ikkje kunne. Ein kan tenke seg at Rogers såg annleis på nabokona, ettersom ho var gift med den franske konsulen, og kanskje hadde fått litt europeisk utdanning. Til forskjell til dei andre kvinnene ho møte, kan ho ha sett på ho som meir likestilt.¹¹³

Ved ein samankomst hos hennar bror konsulens hus i Hâifa i 1855-60, uttrykker Rogers optimismen for kvinnenes moglegskapar. Mohammed Bek, guvernøren i Arrabeh, forklarte at å gje kvinnene fridom no ville verte til inga nytte når deira hovud var som tre og dei hadde ingen visdom eller kunnskap som var nødvending for å leve ute i verda. Om dette ville verte gitt dei, sa Mohammed Bek, kunne fridom verte innfridd. Dette gav tydeleg Rogers håp om at ho kunne endre ting ved å fortsette å opphalde seg i menn sitt selskap. «I never had reason to regret it. I think that I gave them some new ideas on the capabilities and capacities of women, which may in time be turned to account»¹¹⁴. Rogers, i følgje Stockdale, såg kvinnene som likestilte først, som kvinner ho kunne hjelpe ut av sitt fengsel, både fysisk og moralsk, ved å gi kunnskap til kvinnene, og endre oppfatninga til menn om kvinnene ved å fortsette å vere i menn sitt selskap.¹¹⁵

Ideen var at ved å vise kva kvinner var i stand til, så ville mennene endre mening, og inkludere kvinnene i samfunnet. Om Rogers meinte å framstille kvinnene som dumme i menn sine auger, er usikkert, eller om hennar poeng var å vise at mennene var bevisste på kvifor dei heldt kvinnene adskilt frå samfunnet. Seinare derimot reflekterte ho over at kvinnenes materielle side var det einaste som var utvikla, men i tillegg utvikla så feilproporsjonalt, at ho gav dei muslimske mennene rett i at kvinnene ikkje var klar for det gode selskap. Ein annan hindring som mogleg gjekk begge veger, om ein skal ta Rogers omtale av situasjonen som ein generell haldning på tvers av kjønn, var kvinnens analfabetisme. Det osmanske skule systemet bestod av private Koran-skular med mål å lære elevane koranen og religiøse kunnskapar, der drifta vart finansiert av foreldra. Dermed var det berre menn av eliten som kunne lese og

¹¹³ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.170, 72.

¹¹⁴ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.118.

¹¹⁵ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.117-18, 234; Stockdale, *Colonial Encounters Among English*, s.61, 69-72.

skrive, dei som hadde pengar til å finansiere ei slik utdanning. Analfabetisme var derfor generelt vanleg blant den større delen av befolkninga.¹¹⁶

Ved eit besøk i Saleh Bek Abd-ul-Hadys harem, guvernøren i Hâifa og Mohammed Bek s bror, oppdaga Rogers at Helweh, ein av Saleh Bek s koner, var fødd i Kefr Kara. Helweh kunne fortelje om alle landsbyane rundt ved namn, og Rogers fortalte om korleis ho kunne bruke kartet sitt til å finne retninga på Senûr og andre byar. Reaksjonen var forundring og rop om «Work of God!»¹¹⁷ I følgje Rogers hadde dei aldri høyrt om at ei kvinne kunne lese eller skrive, for dette var noko berre menn var i stand til. Dei mente mennene hadde ein spesiell evne som gjorde at dei var i stand til å lære seg sånt, fortel Rogers. Ho nemnte at til og med Selim og Said, hennar guidar, vart ekstremt overraska over at ho kunne forstå deira eigen skrift. Kan det at Selik og Said vart overraska tyde på at mennene og verkeleg trudde at kvinnene ikkje var fødd med den same evna til å lære seg å lese og skrive? Om dei aldri hadde gitt kvinnene moglegskapen eller sett ei kvinne med den evna, er det forståeleg at denne overtydinga satt ved i Rogers framstilling.¹¹⁸

Bremer, som var mykje sterkare i sin indignasjon og i sitt språk når ho skreiv om kvinnenes danning, poengterte at kvinnene var avstengd frå all sjølvutvikling til sjølvbevisstheit og lære om å ta ansvar for seg sjølv; dei var som barn, med tilgang til både poesi og gode anlegg, men mangla utdanning og skjønn. Dei vart ofte referert til som barn, uskuldige og utan sine eigne meningar eller kunnskap om verda rundt seg, og denne framstillinga separerte kvinnene i harem med kvinnene som kom for å møte dei og observere livet i harem. At kvinnene var som barn, hadde Rogers og funne ut av:

«I was very much amused, but was obliged to put a stop to their mischief by telling them to put every thing back into the box; they did so directly. I had already discovered that Arab women are like children; they almost always submit immediately to gentle but unhesitating firmness.»¹¹⁹

Ho omtala denne interaksjonen med kvinnene annleis enn den ho hadde med dei ni-til-år gamle jentene, som om ho hadde hatt større forventingar til kvinnene ettersom det var eldre. Ho merka seg at dei underordna seg ei mild men fast stemme, noko som ho mest sannsynleg

¹¹⁶ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.123; Somel, Selçuk Akşin. *The Modernization of Public Education in the Ottoman Empire, 1839-1908*. Leiden, Boston og Köln; Brill, 2001, s.18-19.

¹¹⁷ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.241.

¹¹⁸ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.234, 241-42.

¹¹⁹ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.238; Bremer, *Livet i gamla världen*, s.391-92.

var vant med å høyre eller bruke rundt barn. Stockdale gav eksempel frå A. Cunnick Inchbold som kunne, berre ved eit blikk på kvinnene i deira sensuelle omgjevnadar, sjå kven som hadde fått ei engelsk utdanning og kven som ikkje hadde fått det; dei sat med rak rygg på stol eller krakk, og uttrykket hadde ein viss djupn. Alle kvinnene Stockdale gir eksemplar frå, inkludert Rogers, såg dei osmanske kvinnene dei besøkte i sine harem som sosialt lågareståande enn dei sjølve, og desperat etter moderleg rettleiing frå sine meir heldige engelske systrer.⁷

Observatørens, og spesielt dei kvinneleger, indignerte følelsar om haremets tilstand farga av eurosentrisme og vestlege tankar om monogami og ekteskapleg ansvar, i tillegg til vestlege feministiske krav om fridom, viste seg i sterke ordlag eller sympatiske framstillingar av desse stakkars kvinnene, slik Bremer brukte ord som ‘avstengd’, ‘förfall’ og ‘hämn’. Shirley Foster og Thisaranie Herath forklarar desse omtalane av kvinnene som barn, med at observatøren ikkje forstod haremets funksjon, og spesielt den politiske funksjonen det kunne ha, og den rolla kvinnene kunne ha politisk.¹²⁰

Bremer var veldig tydeleg på kva ho meinte var problemet og at ho var indignert over situasjonen. Etter ein stor feiring i Effendi Musas harem, trefte ho på Effendi Musa på veg ut, som var redd for å verte oppdaga av det kvinnelege selskapet. For ho verka han å ha eit godt samhald med konene sine, men om det skulle vise seg å berre vere eit ytre skall, beklaga ho hans liv. Den personen, hans livsleidsagar, hans venn og selskap, som skulle gjere heimen hans til den kjæraste staden han hadde, den hadde han ikkje, og heller ingen andre muslimske menn hadde den. I staden var huset fylt med sjalusi, hemn, kaos og vanstyre, der det skulle vert kjærleik. Og kven har skulda?, spurde Bremer. Kvinna hadde gode anlegg, men mangla lys, fridom, omsorg og edlare mål, enn at problemet var jordiske forlystningar og «Mahomets» paradis.¹²¹

Ein kunne ikkje anna enn å syns synd på kvinnene, skreiv Buckingham i 1816, med ein dose indignasjon frå ein borgar av ein friare og mykje lukkelegare land. Eit land der kvinnene vart opphøgd til sin rette plass, og ved deira utdanning, haldning og beundringsverdige kvalitetar av hjarte og sinn, bringa ein manns liv mykje sjarm og glede. For i England var kjernen i ein lidenskapleg kjærleik det intellektuelle. I dette land var den fullt ut dyrisk og

¹²⁰ Foster. «Colonialism and Gender in the East», s.10-11; Herath, «Women and Orientalism», s.35; Bremer, *Livet i gamla världen*, s.391-92.

¹²¹ Bremer, *Livet i den gamla världen*, s.68, 73, 116-17. Effendi Musa veit vi var ein fornem lærde mann ut frå hans tittel ‘effendi’. Meir veit vi ikkje om han, Bremer skriv ikkje noko meir om han

kvinner var like nødvendige som dyr, både til den kristne og den muslimske mann, og vart seld like så. Bremer såg det som eit muslimsk problem, Buckingham såg det som alle sitt problem, det alle syrarar uavhengig av religion, behandla kvinner slikt. Kanskje noko har endra seg i tida mellom Buckingham og Bremer, frå året 1816 til åra 1859-1861? Eller så er dette individuelle meiningar rett og slett.¹²²

Endå meir så, var det ikkje eit problem berre i heimen og for kvinnene, men for heile samfunnet, meinte Bremer. For haremets uorden reflekterast i staten, «[v]ji kunna här i landet se det alla dagar.» Kva det spesifikt var Bremer såg som kobla desse to saman nemnar ho ikkje. Det kan sannsynlegvis vere at ho meinte haremets uorden reflekterast i statens uorden.¹²³

Bremer var tydeleg indignert over denne ‘beklagelige osed’ som ho kallar den skikken å gifte bort jentene når dei var veldig unge. Barnedødelegheita var stor under dei første barneåra, skreiv Bremer, og årsaka var klima, mangel på leger (som muslimen tydeleg ikkje trudde på i følgje Bremer) og dårlig morsomsorg. For korleis skulle eit barn kunne oppdra eit barn, korleis skulle eit barn vere ein klok og god moder, i stand til å ta vare på eit barn og få det gjennom sine første barneår? ‘Okunnig’ som dei er i følgje Bremer, utan kunnskap, skulle dei vere koner, herskerinne over sitt eige hus, føde og oppdra barna. Dei mangla dei åra dei trengde heime for å verte opplært i korleis å styre eit hus, under sin moders hand. Bremer framstilte eit samfunn utan ei mors gode omsorg og opplæring til eit godt og moralsk menneske som kunne føre nasjonen vidare. Bremer og Rogers oppfatning av at opning av harem og frigjering av kvinnene vil bidra til ein nasjons vidareføring av kunnskapar og opplæring idet som var godt, tydar på ein vest-europeisk tankegang om kva kvinner i den heimelege sfære skulle bidra med, og korleis heimen var eit bilet på nasjonen. Den syriske heimen var på så mange måtar framstilt som det motsette.¹²⁴

Men for reisebokforfattarane var det aldri kvinna sjølv som hadde skuld i dette. Samfunnet, dei sjalu ektemenn og ein nedverdigande religion var dei som satt med skulda meinte dei. Baron Géramb uttrykkar tru på kvinnene i sin indignasjon på korleis dei vart behandla som slavar og mindreverdige, med det einaste formål å tene mannen, at dei strevde ved bruk av sin eigen utdanning og oppseding til å oppsede sine barn alt som er mildt og godt. Han uttrykker

¹²² Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.143.

¹²³ Bremer, *Livet i den gamla världen*, s.117.

¹²⁴ Bremer, *Livet I den gamla världen*, s.296

sterkt at kvinnene burde verte behandla med all anna respekt enn berre som ein annan rangs borgar som får hans restar.¹²⁵

4.3.2 Oppseding i det offentlege rom

Ved midten av århundre satt ein i kraft nye reformar, og frå andre halvdel av århundre var kvinners utdanning på reformarane agenda. Skular for jentene opna først i 1858 og vart utvida i 1869 med obligatorisk skole for alle barn opp til 12 år gammal, og Sultan Abdülaziz opna ungdomsskule for jenter og lærarskule for kvinner i 1863. Som ved all kvinneleg utdanning i perioden, var intensjonen aldri å skape uavhengige kvinner, seier Reina Lewis, men å ruste dei til å verte betre utdanna koner og mødrer som kunne vere i stand til å ta del i dei vestlege affærane og den sosiale etiketten som kom medmannens karriere. Sjølv om desse reformene kom nokre år før Rogers og Bremer reiste frå Syria, vart dette aldri eigentleg satt i praksis i provinsane, mykje av dette var berre i Istanbul og omliggande område.¹²⁶ Det kan vere noko av grunnen til at dei ikkje nemner noko om desse reformane. Ein kan tenke seg Rogers burde, som den engelske konsulens søster og så involvert som ho var i brorens arbeid i Syria, visst om slike reforma. Likevel nemnar ho ingenting om dei.

Rogers nemner derimot moglegskapen for reformer i ein av sine samtalar med Saleh Bek. Etter at ho hadde besøkt hans koner, gav han uttrykk for, i samtale med Rogers, at han hadde blitt overtyda om at eit lands samfunn var avhengig av kvinners karakter og posisjon. Ho fortalte vidare at han hadde liberale og opplyste idear om korleis kvinnernas utdanning og fridom kunne vere fordelaktig, men viste ikkje korleis han skulle overføre dette til praktiske steg mot ein reform. Han viste derimot at ein kvar endring som kom for fort og for stort, ville vere til meir skade enn det ville gagne samfunnet. Rogers omtalar han som ein vis mann og skriv at ho var einig i hans innsikt, for ho hadde sjølv tenkt lenge på dette. Rogers meinte at dette måtte skje naturleg og innanfrå, som ein mogleg kan lese som ho meinte utan press utanfrå eller med makt innanfrå. Det at ho ikkje nemne reformane gjev eit bilet på ein stat utan makt eller vilje, ein lat stat.¹²⁷

¹²⁵ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.109.

¹²⁶ Lewis, *Rethinking Orientalism*, s.56; Gelişli, "Education of women", s.122.

¹²⁷ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.392-93; Ahmed, «Western Ethnocentrism and Perceptions of the Harem», s.522-23.

Saleh Bek fortalte at han skulle sende sønene sine til den franske skulen i Antûra, ikkje langt frå Beirut, ein av mange skular som sette sitt preg på regionen meir og meir ut over siste halvdel av 1800-talet. Ein utvikling som bekymra osmanske embetsmenn, og som folk var bekymra for at det skulle verte for mykje vestleg innflytelse. Om der hadde vert ein engelsk skule derimot, kor ein kunne fått ein like god utdanning, hadde han heller valt den, uttrykkar Saleh til Rogers.¹²⁸

Osmanske embetsmenn, som guvernøren i Beirut, vart meir og meir klar over den auka aggressive og direkte følte tilstedeværelsen av utanlandske misjonsskular. Det var mykje reforma, forslag, behov uttrykt og politikk bygd rundt dette, men ikkje mykje var følgt opp på. I Beirut i 1888 var det meir enn 5000 studentar, både kvinner og menn, som gjekk på utanlandske skular, der 90% av dei var osmanske undersåttar, ifølgje guvernøren. Desse var fordelt på 5 franske og 4 britiske skular, eit godt antal amerikanske misjonsskular, og italienske og tyske statseide skular. Den nye guvernøren av den nye provinsen Beirut var bekymra over dei øydeleggjingane som dei utanlandske skulane hadde gjort i provinsen. Til tross for reforma, planar og eit uttrykt behov for at ting trengde å skje så raskt som mogleg, klarar ikkje den osmanske saten å få på plass eit system som fungerer. Tal frå 1898 visar at dei utanlandske skulane fortsatt hadde eit overtag på i alle fall to mot éin, om ikkje meir for talla som Benjamin Forna bruker er konservative tall. Dette var nesten 30 år etter at det var innført obligatorisk skule for alle barn opp til 12 år og 15 år etter at utdanningsskatten var innførst i 1883. Økonomien var eit problem. Dei utanlandske skulane hadde mykje meir midlar og kunne tilby stipend. Likevel var noko på riktig veg i alle fall i Beirut; seks grunnskular vart bygd, der 2 av dei var for jenter.¹²⁹

Ved å ikkje gje dei syriske kvinnene (eller mennene) nokon særleg moglegskap til å fortelje sjølv, kontrollerte forfattaren kva sider av dette som framstillast for publikum basert kun på det dei sjølve såg eller det dei ville fortelje at dei hadde sett. Ved å framstille kvinnene som utan (ut)danning av noko slag, vart deira oppførsel framstilt som vilkårleg og driven av dyriske lyster, utan moral, kunnskap eller visdom. Som kvinner innestengd, ikkje berre fysisk, men og mentalt, overtyda om at dei ikkje har anlegg for slikt som menn har. Det at den kunnskapen dei må ha hatt ikkje var av interesse eller anset som utdanning eller

¹²⁸ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.379.

¹²⁹ Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.320-22; Fortna, Benjamin F. *Imperial Classroom Islam, The State, And Education In The Late Ottoman Empire*. Oxford: Oxford University Press, 2002, s.51-57.

oppseding, viser at det var heilt andre ting som må ha vort viktig for dei som reiste hit. Fordommar som dei bringa med seg heimanfrå, frå den oppsedinga som dei vart oppdratt i. Alle dei ting som kvinnene gjorde som vart skrevet om mellom linjene, ting dei kunne lage, tyda på eit kunnskapsrikt repertoar som vart delt og lært bort. Likevel var kvinnene framstilt som tomme i hovudet og utan edlare mål.

4.4 Eit liv i separasjon

Ali Bey i 1807, var veldig overraska over å møte på ei samling av både menn og kvinner på ein open plass i byen Rama, som dansa og song saman til lyden av instrumenta. Før dette hadde han vert i Gaza der kvinnene ikkje var å sjå. Seinare når dei kom inn i Hama opplevde han det som å komme til eit sjukehus. Alle, barn og vaksne, sov ute i gatene i dei varmaste månadane. Dei som var vakne var ikkje det minste ukomfortabel eller brydd med at framande passerte, og kledde på seg ganske så avslappa. Kvinnene ordna og vaska seg for dagen med like stor fridom som om dei skulle ha vert i deira eigne private rom. Etter å ha reflektert over det han såg av denne skikken, stod han igjen med to alternativ; enten var dei ekstremt forderva eller så var dei heilt uskuldige. Han ville ikkje svare på dette, skreiv han, ettersom han var der så kort tid. Ali Bey er bevisst på at han viste ikkje nok til å vite kva som ville vert svaret, og hans vesle besøk var ikkje nok til å dømme ein heil by.¹³⁰

Han var overraska i begge tilfelle over korleis befolkninga tedde seg, og at han såg kvinnene saman med mennene. Det viste at han hadde forventa noko anna enn det han såg. I Gaza samanlikna han kvinnene med dei i Egypt og Arabia (den arabiske halvøya), og merka seg at kvinnene i Gaza var mykje meir tilbakehaldne, men likevel var kjønnssjukdommar meir vanleg her. Reinsleghet var eit av tema som gjekk igjen i reisebøkene gjennom århundre, og kanskje var det i denne retninga Bey peikte. Ein meir openberr framstilling ville nok vere å halde kvinnene adskilt ikkje nødvendigvis forhindra kjønnssjukdommar.

På si reise kom dei inn i ein dal der byen Armaria låg. Her tok dei ein times pause nær ei fontene ved sidan av ein hage, der seks unge jenter etter kvart viste seg. I følgje Bey måtte det vere hekken av tornar som gjorde dei modige nok til å vise eller skjule

¹³⁰ Bey, Ali. *Travels of Ali Bey in Morocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*. Philadelphia: William Fry, 1816, s.243.

ansiktet etter kvart som dei sjølve ynskte. Dette var noko som måtte gjerast i skjul. I skjul hadde kvinnene større fridom til å uttrykke seg, men å samtidig vere beskytta. Om ein ikkje vert tatt. Buckingham omtalte ei slik hending i 1815-16. Kvinnene i dei austlege kyrkjene var adskilt frå mennene under gudstenesten i eit galleri med gitterverk for å hindre dei religiøse følelsane å vert forstyrra av mindre heilage lidenskapar; «and this separation was observed here.»¹³¹ Det var tydeleg blitt litt vel mykje fnising og småprat bak dette gitterverket, så med ein gong gudstenesta var over, og før kvinnene hadde rokket å komme seg ut, var presten oppe blant kvinnene og gav dei ein skjennepreike over deira respektlausheit og mangel på oppmerksemnd. Det må ha vert prestens handling som fekk Buckinghams oppmerksemnd, eller han var ein av dei få som fekk med seg kva som skjedde der oppe på galleriet, for i følgje Buckingham hadde gitterverket og det dempa religiøse lyset haldt skjult kva som skjedde der for alle andre enn presten.¹³²

For Buckingham var dette ein bekrefteelse på kva som var den beste, men ofte oversett, måten å oppretthalde ein viss anstendig veremåte i offentlegheita. Ingenting var så effektivt, skreiv Buckingham, som den tanken at all verdas auge var festa på kva du gjorde, til og med den minste ting. Slik vart det i England oppretthaldt ein verdighet i dei offentlege samlingane, og skulle ein del av den engelske forsamlinga verte haldt adskilt frå resten ville nok deira oppførsel verte mindre verdig enn den var.

Buckingham viste her kritikk for det skilje som var mellom menn og kvinner, og peikar på at moglegskapen til å gøyme seg unna ville skape uverdige forhold, lik den han beskrev her.¹³³

Fleire slike framstillingar var omtala ut over første halvdel av 1800-talet, først med Baron Géramb, 15 år seinare, i 1831. Det var den same forteljinga med kvinnene adskilt under gudstenesta ved eit galleri med gitterverk; i følgje Géramb like skittent som mennenes del (igjen ein finger på reinsleghet). Her verkar det og som at barna sit adskilt frå det motsette kjønn, ettersom Géramb skreiv at jentene eva skilt frå all kommunikasjon med gutane. Deretter var det Edward Hogg i Jaffa rundt same tid, i 1832, i ein forsamling på rundt 200 personar, som merka seg at kvinnene var adskilt frå mennene i eit separat galleri med gitterverk og i tillegg tett tilslørt. Forsamlinga

¹³¹ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.356.

¹³² Bey, *Travels of Ali Bey*, s.342-43; Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.356.

¹³³ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.356.

utgjorde rundt 200 mennesker, mens kvinnene utgjorde rundt 100 personar skreiv Hogg, som då gjorde den totale summen mennesker i kyrkja til 300. Det at Hogg ikkje rekna med kvinnene som personar i den første teljinga av personar i forsamling kan fortelje oss noko om hans oppfatning av kvinner; at dei ikkje var heilt likestilt med menn. Det kan mogleg ha vert at hans observasjon var farga av det ein førestilte seg var det normale ved kvinnenes separasjon frå mennene i det osmanske samfunnet.¹³⁴

Etter Hogg vart ikkje det adskilte galleriet nemnd igjen, men heller var ikkje besøk til dei austlege kyrkjenes gudstenester noko vi såg skrevet om særleg meir blant dei seinare forfattarane. I staden var det skrevet meir om ulike framstillingar av dei jødiske kvinnene og korleis dei var adskilt frå mennene. I synagogen var dei i same rom ein gong i perioden 1835-37, når John Lloyd Stephens besøkte, men adskilt ved å ha mennene fremst og kvinnene bakarst. Dette vart gjort i forhold til jødisk lov i følgje Stephens. George Jones skreiv i 1834 om korleis kvinnene var adskilt frå mennene ved tildelt del av ein gardsplass ved tempelet i Jerusalem; den austlege var avsett til kvinnene og den nordlege og den sørlege til mennene. Ved klagemuren hadde kvinnene og sin avsette plass, der det i følgje Bremer ein gong i åra 1859-61, stod ei gruppe adskilt frå dei andre og ba høglydt på hebraisk.¹³⁵

4.4.1 Liv i basaren

Eit anna område som ein kunne sjå som forandrar seg ut over 1800-talet er basaren, og dei fleste framstillingar av basaren var frå Damaskus. John Carne ein gong mellom åra 1821-25, kommenterte at kvinnene var ofte å sjå i basaren. Edward Hogg i 1832 beskriv seljarane som slappa av ved sine bodar, og koner og barn som nyte synet av marknadspllassen. Streng husleg underkasting hadde vist lite effekt i å tone ned kvinnenes nyfikenheit ifølgje Hogg, for dei gjekk fritt blant folkemengda med deira ansikt tildekt i fargerike tørkle, og heile kroppen i kvite tøystykke. Thomas Skinner i 1833 fortalte at det var like mange kvinner som menn i basaren, og det var dei som

¹³⁴ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I., s.249; Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.287.

¹³⁵ Stephens, *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*, s.184; Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.262; Bremer, *Livet i gamla världen*, s.53.

gjorde alle hushalds innkjøpa som trengtest, og Isabella Romer i 1845-6, fortel om ein rein og godt ventilert basar der dei tilslørte kvinnene gleid rundt.¹³⁶

Baron Géramb i 1831-32 i Jaffa observerte eit stort antal tyrkarar, arabarar, egyptiske soldatar og mange kvinner og barn blant salet av matvarer. Så mange, at det saman med eslar og kamelar, gjorde det det meir eller mindre umogleg å bevege seg gjennom marknadspllassen. Rogers skreiv rundt 1855-56 at ved ein basar i same by trefte ho ikkje på nokon andre kvinner. Kva hadde skjedd sia Baron Gérambs møte med ein fullstappa basar av både menn, kvinner og barn i 1832? Det er same by, men ulike framstillingar. Interessant er det å sjå korleis hennar framstilling er annleis enn Baron Gérambs og Frederika Bremer.¹³⁷

Bremer irriterte seg over korleis kvinnene som selde i basaren i Jaffa skreik i 1860/61, mens Rogers framstilte basaren i Jaffa som tom for kvinner. Kven var det Rogers ikkje møte? Var det kvinner generelt eller var det kvinner av eliten? Stockdale påpeiker at reisebokfattarar ofte ikkje tok med klasseskilje når dei skreiv, slik at ein i ein del tilfelle ikkje viste kor i samfunnslaga denne personen tilhøyrt. Ut i frå omgjevnadane som ofte var omtala, kan ein lese ut i frå det om dei er fattige, middelklasse eller av eliten, men at dei ikkje gjer det skapar ein framstilling av eit samfunn beståande av berre ein klasse. I Jerusalem i det kristne kvartalet møte Rogers gardskvinner og -jenter frå Betania og Siloam i ei gate som leia til basaren, der dei selde frukt og grønsaker.¹³⁸

Hoggs kommentarar om husleg underkasting kan ha vert ein individuell meining frå hans side, mogleg farga av kva han trudde det osmanske samfunnet ville vere, overraska over at med husleg underkasting så var det så mange kvinner å sjå ute i basaren. Eit hint om korleis ein såg på situasjonen seinare og kva som kunne vere grunnen til at ingen kvinner var skrevet om i basaren etterpå, låg i ein samtale Rogers hadde med Ody Azam, deira vert i Nablûs nord for Jerusalem, som dei trefte på i basaren der han selde sine varer. Han fortalte Rogers at arabarane undra seg over

¹³⁶ Carne, *Letters from the East*, s.391; Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.21; Skinner, Thomas. *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. II. London: Richard Bentley, New Burlington Street, 1837, s.33; Isabella Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt, Nubia and Palestine, in 1845-6.*, Vol. II. London: S. & J. Bentley, Wilson, and Fley, 1846, s.347.

¹³⁷ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I., s.52; Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.25.

¹³⁸ Bremer, *Livet i den gamle världen*, s.95-96; Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.49.

korleis det var at ho kunne vandre fritt og utilslørt på offentlege stader, for deira kvinner ville ikkje gått rundt i basaren, det ville vert ein skam for dei. Noko har tydeleg endra seg her i framstillinga i løpet av åra, frå at kvinnene gjekk ganske så fritt, om så tilslørt, til at dei ikkje var skrevet om og det var skam for dei å vere ute i basaren i følgje Ody Azam.¹³⁹

4.4.2 Arbeide dagen lang

Omtala av kvinnene vart meir og meir indignerte og kraftigare i sine ordlag. Kvinnene forsvann meir og meir frå det offentlege biletet om ein såg på framstillingar frå basaren og harem, men likevel såg ein mykje kvinner i framstillingar av den offentlege sfære. Dei av lågare middelklasse, arbeidarklassen og dei fattige hadde ikkje same moglegskapar som dei i dei høgare lag. Kvinnene måtte i stor grada bidra til hushaldet og til levebrødet, og dei prega det daglege livet.

Eit omrent ikkje eksisterande klassekilje i omtala av kvinnene gjev eit motstridande biletet når ein gjekk frå å skrive om korleis kvinner var adskilt frå samfunnet i form av harem og tilsløring, til å beskrive kvinnene som gjekk til brønnen for å hente vatn utan tilsløring, utan å forklare kvifor kvinnene som skulle vere halde vekk frå den offentlege sfære no var å finne fritt rundt alle hjørne. Dei var ofte å sjå ved brønnen for å hente vatn, vaske seg eller barna, eller vaske klede. Dei tar hand om dyra, hentar ved og lagar mat.¹⁴⁰

Kvinnene var framstilt med kunnskap om å lage mat, slik dei unge jentene forklarte til Rogers var det viktigaste dei lærte; smør, ost, brød, søtsaker osv. var noko av det som var nemnt som kvinnene laga. Dei arbeida hardt frå morgen til kveld, og starta dagen tidleg skal vi tru Charles Warren. Dei arbeide i åkrane og fruktgardane med å hauste inn eller halde grashoppene vekk frå avlinga. I motsetnad til dei Omtalt som hardt arbeidande kvinnene, var mennene late og utakknemlege. Baron Géramb var indignert over korleis kvinnene kunne arbeide så hardt og slite seg ut under den tunge byrde av å hente vatn og ved. Han sjølv forsøkte å løfte eit skinn brukta til vatn, men fortalte at

¹³⁹ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.281.

¹⁴⁰ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.60; Carne, *Letters from the East*, s.284; Skinner, *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. I., s.128-29, 217; Warren, Charles. *Recovery of Jerusalem*. London: Richard Bentley and Son, 1876, s.354; Butler, Elizabeth. *Letters from the Holy Land*. London: Adam and Charles Black, 1906, s.67.

han må gje opp etter nokre steg, og kunne ikkje forstå korleis små skapningar som dei kunne klare så mykje. Géramb framstilte kvinnene som stakkarslege kvinner under ein lat og utakksam ektemann som ikkje løfta så mykje som ein finger for å hjelpe si kone, og det stakk han i hjartet å sjå korleis dei med alt det harde arbeidet, måtte bruke vatnet og veden for å lage mat til han og vaske føtene hans.¹⁴¹

Kvinnene skulle vere heimens stoltheit, pryd og sjarm meinte Stephens. Han reagerte på korleis han såg kvinnene i staden for vart behandla; som berre ein hushjelp. Warren beskrev korleis dei late plogmennene stoppa arbeidet for å følgje med når den ukjente tok sine observasjonar og laga sine sketsjar, mens kvinnene beskrev han som travelt opptatt med å lage klede og matter, knuse korn, lage smør eller passe på dei yngste barna. Bremer beskrev eit godt eksempel på dei ho kalla tydeleg verdige barn av dei gamle germanarane, eit ungt ektepar som hjelpte kvarandre å med diverse oppgåver utan å tenke over kva som var kvinnas ellermannens oppgåve.¹⁴²

Det var ein framstilling om kvinner som arbeide hardt, som gav alt for familien, som var tydeleg tilstades i den offentlege sfære på ulike måtar i form av sitt arbeide. Dei var stakkarslege kvinner som måtte arbeide hardt, mens deira late menn berre såg på, og det var vanleg at kvinnene tok hand om dyra, lagde smør, henta vatn og selde varene på marknaden. Gjennom 1800-talet var det omrent ikkje noko som endra seg, dei eva framstilt som like hardt arbeidande gjennom heile århundre og som den som gjorde det meste av husarbeidet. Under Mehmet Ali derimot var det noko som endra seg i framstillinga av kvinnene i arbeid; det forsvann. Framstillingar om denne delen av kvinnas liv forsvann berre i denne perioden med forfattarane Jones og Kinnear. Den mest vanlege aktiviteten som kvinnene gjorde som var mest synleg var å hente vatn. Det mest vanlege arbeidet som kunne verte sett av einkvan som helst, ettersom det føregjekk offentleg, og dermed noko som vanlegvis prega det biletet ein fekk sjå av dei syriske kvinnenes kvardagsliv. Kan det ha vert for farleg for kvinnene å dra ut til brønnane under okkupasjonen? Sannsynleg var det tryggare for kvinnene å halde seg meir skjult ettersom mange av dei var meir sårbare utan sine menn til stades, og det var ofte langt å gå til brønnane. Mykje kunne skje på vegen. Det gav dermed dei mannlige forfattarane ingenting å skrive om. Det at dei var menn gav heller ikkje så mange andre

¹⁴¹ Bey, *Travels of Ali Bey*, s.350; Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.288; Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I., s.108-09; Carne, *Letters from the East*, s.233-34, 406; Skinner, *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. II, s.262, 267; Wilson, Charles, Charles Warren og Walter Morrison (red.). *Recovery of Jerusalem*. New York: D. Appleton & Company, 1871, s.115-16, 123-24, 360.

¹⁴² Stephens, *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*, s.14; Warren, *Recovery of Jerusalem*, s.346-7; Bremer, *Livet i den gamle världen*, s.164-5.

naturlege område der dei kunne observere kvinnenes naturlege arbeidsområde heller. Det er nok heller dette som var grunnen enn at det handla om individuelle interesser.

4.5 Oppsummering:

I dette kapittelet har eg sett på korleis kvinnene har vert framstilt gjennom ulike aspekt ved haremet og ved kvinnens separasjon på ulike måtar og områder. Gjennom eksemplar på framstillingar om haremet har eg vist korleis både menn og kvinner fekk komme inn i kvinnenes del av huset og konversere med dei, og ulike forteljingar om haremet menn får fortalt frå herren av haremet eller andre. Fleire og fleire reisande førte til at tilgang til haremet vart avgrensa for kvinner på andre del av 1800-talet. Mary Eliza Rogers fortalte allereie på 1850-talet at kvinnenes separasjon i haremet gjorde det vanskeleg for den reisande å få komme inn i dette indre av ein orientalsk heim. Kvinnenes separasjon var for den vestlege det som gjorde det vanskeleg å få tilgang, og ikkje det faktum at dei byrja å bli så mange at fleire muslimar vart meir og meir bekymra for vestleg innflytelse, som allereie då gjorde seg gjeldande i skulesystemet. Gjentatte overgrep på dei syriske kvinnenes privatliv, verdiar og religiøse overtydingar gjorde at fleire lukka dørene for dei vestlege reisande, og tok til pennen for å motarbeide det bilet som var portrettert av dei. Det var tydeleg at kvinnene ikkje fekk ta del i framstillinga om seg sjølv, noko som viste seg i korleis dei kvinnelege reisande omtala kvinnene i forhold til oppseding og utdanning. Frederika Bremer var den einaste som faktisk stilte spørsmål og fortel at kvinnene svarte godt for seg. Mellom linjene er det tydeleg at det er mykje dei syriske kvinnene vart oppseda i, men ingen av dei tok seg brye med å finne ut kva. Deira framstillingar baserte seg kun på eigen observasjonar, oppfatningar og forståing av kva dei såg. Kvinnene vert omtala som barn og haremet som eit fengsel utan lys, omsorg eller edlare mål der dei er fråteken all moglegskap å utvikle sine gode anlegg. Dei vert gifta bort for unge, før dei har fått nok tid til å verte oppseda i heimlege syslar og å vere ei god kone og mor. Mannen, barna og nasjonen lid under uorden.

Kvinnene som visstnok var under husleg underkasting er ved fleire anledningar observert ved basaren, i arbeid ved åkrane og brønnane, i kyrkja adskilt ved eit gitterverk eller ved eit angitt område ved klagemuren. Kvinnene som skulle verte halden adskilt var synleg i det offentlege rom. Det er ikkje nemnt noko klasseskilje, men det er tydeleg at dette er dei av lågare sosiale lag, mens det er kvinnene av dei høgare laga som held seg adskilt.

5 Å verte sett eller ikkje verte sett

In the narrow mouth of a ravine, into which the upper road had been beaten down by the lain, we came suddenly upon a Druse, with a woman mounted behind him on horseback, and two or three damsels of the same nation on foot. I had never met these horned animals before, and was much struck by their singular appearance. The tantoora, as the horn on the head is called, seemed to be fully two feet long, and so well fastened that it would make a capital weapon of defence.¹⁴³ – Thomas Skinner.

Major Thomas Skinner omtalar her ein del av den drusiske kvinnes kostyme; tantour. Eit hovudplagg som var vanleg blant dei gifte drusiske kvinnene fram til midten av 1800-talet. Sjølv om kjeldene viser til at menn kunne få oppleve mykje og sjå mykje av kvinnene, var den generelle oppfatning at så var det ikkje. Thisaranic Herath siterte Theophile Gautier, som i 1861 syns at berre kvinner skulle dratt til Tyrkia, for menn får ikkje sett noko likevel i det sjalu landet Tyrkia. Alt å sjå fant ein visstnok i haremet, og dess skjulte skattar viste seg berre for kvinner. Den mannlege fantasi såg for seg eit fleirtal av vakre skjønnheiter, halvnakne og alltid villige. Bak sløret som menn møtte ute, fantaserte dei om kva som måtte finnast bakom, det som må vise seg når dei kjem inn i haremet og kan avdekke seg.¹⁴⁴

Dette mannlege sokande blikket for det vakre, fann sin partner i det kvinnelege blikket, i følgje Herath, når kvinnene får større moglegskap å reise. Dei kunne få innblikk i haremet og avdekke dess fantasiar og vakre skattar i teikningar, maleri og beskrivingar. Slik vi såg at den heimlege og den offentlege sfære kvinnene bevegde seg i vart framstilt, vart og dei fysiske trekka ved kvinnene framstilt. Men der menn sitt blikk hadde prøvd å førestille seg ein mengd med vakre kvinner, var det kvinneleg blikk langt meir kritisk, men like objektifiserande.¹⁴⁵

Vi har allereie fått sett noko av desse fysiske trekka i førre kapittel, gjennom møter i haremet og i det offentlege. Det var ikkje berre framstilt korleis kvinnene var adskilt og avskjerma frå omverda, men og om korleis kvinnene kledde seg, tilslørte seg og deira utsjåande. Ofte vart

¹⁴³ Skinner, Thomas. *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. I. London: Richard Bentley, New Burlington Street, 1837, s.108-109.

¹⁴⁴ Herath, Thisaranie. «Women and Orientalism: 19th century Representations of the Harem by European female travellers and Ottoman women». *Constellations* 7, nr.1 (2015): 31-40, s.31-32; Roberts, Mary. «Chapter 3. Pleasures in Details». I *Intimate Outsiders: The Harem in Ottoman and Orientalist Art and Travel Literature*, 59-79. Durham: Duke University Press, s.67. 17.04.2018. <https://read.dukeupress.edu/books/chapter-pdf/101328/9780822390459-004.pdf>

¹⁴⁵ Herath. «Women and Orientalism», s.36-37.

deira klesdrakt og utsjåande beskrive meir i detalj, spesielt frå dei kvinnelege reisebokfattarane som naturleg nok fekk komme nærme nok til å kunne observere meir. Men og frå menn som fekk tilgang til denne indre fristad, slik som Edward Hogg fekk tilgang til haremet i forma av å vere lege.

Allereie i 1833 hadde beskrivingar av syriske kostymer visstnok vert i så vidd sirkulasjon og godt kjent i følgje Thomas Skinner at han ikkje såg det nødvendig å male for publikum dei syriske draktene. Harem og det orientalske landskap var mykje framstilt i måleri, litteratur og anna kunst, og mykje meir skulle det verte utover 1800-talet. Dei reisande ville ha ‘mottatt’ austen som ein region av eksotisme og laussluppen seksualitet, gjennom litterære og biletlege framstillingar, kvinner like mykje som menn, lenge før dei sette fot i dette land. Lady Butler på 1890-talet viser ein entusiasme over det ho ser rett utanfor Betlehem; så mange skikkelsar av ‘Our Lady’ med spedbarn i deira armar, der ho førestilte seg Maria med Jesusbarnet i hendene. Vidare påpeike ho at det må ha vert frå her at dei gamle meistrane må ha fått sine kunnskapar om omslagskleda til sine Madonnaer, der alle kvinnene bar blå og raude kapper, akkurat slik dei italienske målarane har målt dei.¹⁴⁶

Etnografiske framstillingar som Edward Lanes «An Account of Manners and Customs of the Modern Egyptian» (1836), litterære verk som «Arabia Nights» (først utgitt i 1706), måleria «Madmoiselle de Clermont as a Sultana» (1733) og «Scene in the Harem with the Sultan» (første halvdel av 1700-talet) og artistar som Jean-Étienne Liotard, Charles Jarvas, John Frederick Lewis, Francesco Hayes osv., saman med reisebøker og bibelen, bidrog alle til å skape eit bilet av korleis austen såg ut, opplevst, smakte og oppførte seg.

Dette vil naturleg nok forme forventningar ein ville ta med seg når ein møte desse kvinnene ein har ‘sett’, ‘lest’ og ‘lært’ om, forventningar som får prøve seg i desse møta, og som vi får glede av å følgje med på gjennom reisebøkene dei seinare skreiv. Nancy Stockdale har argumentert for at kvinnene som reiste til Palestina, sette det dei såg av korleis kvinnene kledde seg, inn i ein bibelsk kontekst. I utvalet av forfattarar presentert her er det få av dei som sette kvinnene bevisst inn i ein bibelsk kontekst. Ikkje alle refererer til bibelen når dei samanliknar det ukjente med det kjente, andre samanliknar med sitt heimland eller noko dei har sett eller høyrt om andre stader. Slik såg vi i førre kapittel Stephens referere til at ein

¹⁴⁶ Skinner, Thomas. *Adventures During a Journey Overland*, Vol.II. London: Richard Bentley, New Burlington Street, 1837, s.22-23; Butler, Elizabeth. *Letters from the Holy Land*. London: Adam and Charles Black, 1906, s.34.

regulerte oppførsel i England ved å la kvinnene verte sett, i staden for å skilje dei av slik at dei kan gjere umoralsk oppførsel bak lukka døre eller slør. Mykje av den samanlikninga med bibelen, og med andre samfunn og tider, verker å vere ein meir sidenote til det dei observerer enn noko bevisst.¹⁴⁷

Reisebokforfattarar, i følgje Billie Melman, var fysiognomistar, som vil tyde at dei brukte fysiske trekk og uttrykk til å dømme den ‘orientale’ natur og Midt Austens samfunn. Ho siterar Johann Kaspar, oppfinnaren av denne populære vitskapen av fysiognomi, som sa at den ikkje er ein indeks berre til ein emosjonell respons eller intellektuell kapasitet, men at aller viktigast var den ein indeks til moglegskapane til moralsk liv. Den indre karakter var tolka frå det ytre, og detaljar om fysisk utsjåande gav innsikt i den moralske natur. Samtidig vidareførte ein til lesaren sosiale og moralske oppfatningar om kvinnas seksualitet.¹⁴⁸

Shirley Forster peikar på to områder av observasjon, klede og kvinnas kropp, som kan verte sett på som paradigmatiske i kvinners arbeid med haremets som ein stad av kulturelle ulikskapar. Som ein performativ handling kunne dei beskytte og vere eit teikn på ulikskapar med andre. Klede og utsjåande var kulturelle indikatorar på eit verdisystem og sosiale ideologiar. Dei kunne verte brukt til å argumentere for sivilisasjon og moral, der ein i møter med kvinnene er eksponert som ikkje berre observatøren, men også den observerte. Ein eksponering som kunne true med å de-stabilisere den kjønnssbaserte identitet og inviterte ein til å re-evaluere sit eget samfunns verdisystem. Ved å ikkje samanlikne med heime og seg sjølv, noko som ville framheve forskjellane, skapte ein avstand som hjelpte til å bevare eins identitet i møte med dette truande og framande.¹⁴⁹

Reisebokforfattarane framstilte kvinnene i store kvite slør, vandrante rundt som spøkelsa i gule støvlar, i tresko, med tatoveringar, tantour eller sølv- og gullsmykke. Nokon gonger er fleire av desse aspekta omtala i detalj, andre gonger er det detaljert beskrivingar av berre eit par aspekt. Nokon gongar med interesse, og nokon gongar i avsky Over århundre gjekk ein frå nyfikne omtalar som gjerne samanliknar med andre syriske klesdrakter til å samanlikne meir med bibelen og heimlandet, gjerne med ein haldning om at dette korleis det burde vere,

¹⁴⁷ Stockdale, Nacy L. *Colonial Encounters Among English and Palestinian Women, 1800-1948*. Gainsville: University Press of Florida, s.

¹⁴⁸ Melman, Billie. *Women's Orient: English women and the Middle East, 1718-1918: sexuality, religion and work*. Basingstoke: Macmillian, 1995, s.113.

¹⁴⁹ Foster, Shirley. "Colonialism and Gender in the East: Representations of the Harem in the Writings of Women Travellers." *The Yearbook of English Studies* 34, 2004, s.11.

og ofte med meir negativ kritikk enn før. Dei tinga som vert framstilt som kvinnene kledde seg med vart verande nokolunde det same, slik som tilsløring, sminke, sko, ornament osv.

5.1 Tisløring

Isabella Romer meinte orientalsk skjønnheit var overvurdert, og at grunnen til dette var det mystiske sløret som lånte sjarm til det som var skjult og lòt berre den mest upåklagelege delen av ansiktet, auga, vere avdekt. Dette sløret var noko som vekka fantasien og dei poetiske evna hos dei mannlege reisande, skreiv Romer, og derfor var dei veldig fargerike og fantasifulle bileta av kvinner som Gular, Leila, Fatme osv., å finne i nokre av dei vestlege reisandes boksider. Deira framstilling av kvinna fekk den vakraste verkelegheit til å verke bleik og lite vakker i samanlikning, klagar ho. For i hennar erfaring hadde ho ikkje sett fleire enn to orientalske kvinner som var riktig vakre, og av desse var det berre ein som kunne omtalast med Theodore Hooks simile: «a fillet of veal upon castors». ¹⁵⁰

Gjennom litterære og biletlege framstillingane skapar publikum seg ein oppfatning, og ein forventning til kva dei sjølve kan møte når dei reiser. Dette kan vere derfor fleire av dei reisande vert skuffa, som vi har sett i førra kapittel at Hogg vert over kva som verkeleg var under sløret til den unge, ugifte kvinna eller Kinnear som skulle ønske kvinnene hadde tatt på seg eit slør, for det einaste vakre ved dei var auga. ¹⁵¹

Det var fleire enn Romer som irriterte seg over eller nemnte korleis dette heildekande sløret skjulte kvinnene for dei. Bey nemnte kort at han berre såg det store sløret som dekte dei frå topp til tå og visste ikkje kva resten av kleda deira inneheld, noko Thomas Skinner sa seg einig i. Dei var så innhylla i sine slør at ikkje eit einaste fysisk trekk var å sjå, meinte han. Under ei gudsteneste vart Skinner overraska over ein av munkenes kraftige preike mot kvinnene og den ekstravagante påkledning dei dreiv med. Han vendte blikket mot kvinnene der dei satt adskilt i sine heildekande slør, og ved første blikk verka den kraftige preika å vere overflødig. Fullt mogleg, skreiv han, kunne det vere at det skjulte seg vakre kostymer under sløret, men det å pynte seg var likevel ein kvinneleg svakheit på grunn av kor vanskeleg det var å vise det fram. I husa sine var kvinnene vakre, avslutt Skinner, utan nokon

¹⁵⁰ Romer, Isabella. *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt, Nubia and Palestine, in 1845-6.*, Vol. II. London: S. & J. Bentley, Wilson, and Fley, 1846, s.360.

¹⁵¹ Hogg, Edward. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha.*, Vol. I. London: Saunders and Otley, Conduit Street, 1835, s.292-93; Kinnear, Thomas. *Cairo, Petra, and Damascus*. London: John Murray, 1841, s.182.

forklaring på kva han meinte med dette eller korleis han hadde skaffa seg denne kunnskapen. Setninga vart ståande merkeleg så åleine, og ein sitt og stussar før ein les vidare at dei syriske kostyma er så godt kjent, at han ikkje treng å måle noko meir til sitt publikum. Er det dette Skinner då baserer sin påstand på, at kvinnene er vakre i sin heim fordi han har sett det på måleria?¹⁵²

Som sagt i førre kapittel var ikkje tilsløring og skjerming av kvinnene eit påbod i Koranen, og heller ikkje har Hadith eller tradisjon vert tydeleg på desse vanane. Skjerming frå samfunnet var ein seinare utvikling som var avgrensa til den urbane handelsklasse og sannsynlegvis kopiert fár folkegruppene som arabarane la under seg. Tilsløring viste seg mest i dei urbane områda, og viste to typar tilsløring som forfattarane framstilte; det store sløret som kvinnene heil dekte seg med og det mindre ansiktssløret til å dekke ansiktet. Sløret som kvinnene dekte seg med er av dei fleste av reisebokforfattarane, frå Ali Bey til Mary Eliza Rogers, beskriven som eit kvit dekke eller slør som kvinnene dekte seg med når dei går ut. Rogers tre venninner vi trefte i førre kapitel, som var så forundra over at frøken Rogers ikkje hadde lært å lage mat, har på seg det Rogers kallar izzar, det arabiske namnet på det kvite sløret.¹⁵³

Allereie tidleg var sløret ein del av Rogers framstilling, noko som ein nok ikkje kunne unngå å møte på så snart ein kom i land. I Jaffa, ikkje lenge etter at ho hadde komme, var ho og broren på besök ho den engelske konsularagent og hans kone Mrs. Kayat, ei innfødd syrisk kvinne, hennar søster Furrah og deira mor. Herifrå vart ho invitert av Mrs. Kayat til å vere med å besøke hennar kusine Sit Leah og hennar nyfødde son. Rogers framstilte korleis det tok dei kort tid å gjere seg klar til å gå ut, for dei vanlege utekleda var veldig enkle, og ho gav ein utdstrupande beskriving av korleis sløret, eit skjerf og eit stort stykke tøy vart festa rundt kroppen til dei var ugenkjennelege under alt det stoffet og det einaste som var synleg var det farga ansiktssløret. Dekte ansiktssløret heile ansiktet sidan ho ikkje nemnar noko anna som var synleg? Om vi skal ta Rogers bokstaveleg, vil ein kunne tru det.¹⁵⁴

Det store sløret var nok det mest kjente, og noko som tydeleg Baron Géramb var bevist på at dei som ville lese hans bok ville kjenne til, og såg seg nøydt til å forklare kva ein meinte med eit slør. Dette var eit svart eller gul-grønt dekke, dratt så tett over ansiktet at ein berre såg

¹⁵² Bey, Ali. *Travels of Ali Bey in Marocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*. Philadelphia: William Fry, 1816, s.277; Skinner. *Adventures During a Journey*, Vol.II., s.2, 22-23.

¹⁵³ Rogers, Mary Eliza. *Domestic Life in Palestine*. Cincinnati: Poe & Hitchcock, 1865, s.190-91. Izzar vert og skrevet izar og izaar.

¹⁵⁴ Rogers. *Domestic Life in Palestine*, s.25-27.

nase, hake og kinn, og ingenting av munn og auge. Dette var ifølgje Baron Géramb grusamt og skremmande for ein europear som ikkje var vant til dette synet. Framstillingar av kvinnenes tilslørjing er i starten av århundre dels eksotisk og dels avskyteleg i forfattarane framstillingar, og Géramb var intet unntak. Han møtte på det han kalla fantom kvinner i Jaffa i 1831/32. Dei var nyfikne på hans munkedrakt, og situasjonen framstillast av Géramb som ein kringsetjing av kvinnfolk. Han skalv over å finne seg sjølv i ein slik situasjon fortel han, med kvinner som fekk han til å tenke på heksene i stykket Macbeth. I neste setning derimot, omtalte han korleis kvinnene, når dei gjekk ut, kasta over seg eit stort bomullsstykke som dei forma i *grasiøse* draperi. Her gjekk framstillinga av kvinnene frå skremmende figurar lik hekser til grasiøse draperi, to framstillingar som ville stimulere fantasien på to ulike måtar. Ein får eit motstridande bilet av kvinnene, som vraltar av garde i sine grasiøse draperi, og han veit ikkje heilt kva han skal samanlikne dei med og endar til slutt opp med ei tønne.¹⁵⁵

Ali Bey omtalte tilslørjing i 1807 i Jerusalem, der han omtalte korleis alle valde det dei lik best; arabisk, syrisk eller tyrkisk, som gav eit utval av ulike drakter og kostyme, mens kvinnene dekte seg med eit stort kvit slør eller kappe.¹⁵⁶ I Damaskus bar kvinnene slør frå topp til tå, og enorme haremsbukser. At Bey kunne sjå buksene under sløret, gav ein framstilling av at kvinnene ikkje var så heildekt av sløret som ein får inntrykk av når forfattarane omtalte sløret. Vidare fortalte Bey korleis kvinnene av eliten var veldig diskré og beskjedne; dei oppretthaldt med anstendigheit og eleganse den verdigkeit som deira sosiale posisjon ville tilseie, mens dei av lågare klasse var veldig fri og utshevande. Kva som førte til denne konklusjonen nemnte han ikkje heilt, men han fortsett med at alle kvinnene i Damaskus som han møte brukte eit lokketørkle til å dekke heile ansiktet. Det var oftast av gjennomsiktig gul silke med blomster malt på, og til saman med dei store kvite sløra, framstilte det kvinnene som vandrande mareritt, som fantom. Mange av dei, derimot, dytta ansiktssløret opp over panna, slik at deira ansikt, som kvinnene av Arabia, var berre dekt av sløret, som kvinnene opna og lukka etter hjartet lyst. Var dette kvinner av lågare klasse? Det kan tenkast at for Bey var dei av lågare klasse kvinner som var fri og utshevande, men han seie og at kvinnenes fridom til å avdekke ansiktet gav han moglegskap å fastslå om kvinnene av Damaskus var vakre eller ei.¹⁵⁷

¹⁵⁵ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.50-52.

¹⁵⁶ Bey, *Travels of Ali Bey*, s.275-76.

¹⁵⁷ Bey. *Travels of Ali Bey*, s.318-20. Arabia er her i betydninga den arabiske halvøya.

Tilsløring eller avdekking var eit trekk som aldri eksplisitt var nemnt i samanheng med sosial status. Men ut i frå korleis dei beskrev kvinnene i framstillingane, med kva utsmykkingar dei bar, husa deira, om dei arbeida osv., kan ein nokolunde determinere om desse kvinnene var av høgare eller lågare stand. Dei av høgare stand hadde ressursar til å skaffe seg edelsteinar, klede med sølv eller gull broderiar, større hus, eit harem osv., som dei av lågare stand ikkje hadde ressursar til. Dermed viste det seg at dei av høgare sosial status vart framstilt meir tildekt enn det dei av lågare klasse vart. Tilsløring var og eit fenomen som reisebokforfattarane nesten utelukkande omtalte i samband med byar og urbane områder, der mest sannsynleg eliten budde. Ansiktet vart vist både i urbane område og på landsbygda, men det var på landsbygdene framstillingane viste fleire av kvinnene utan sløret eller med ansiktet avdekt.

Desse framstillingane av korleis kvinnene opna og lukka etter hjartet lyst var ofte assosiert med glede og leik for kvinnene. Buckingham framstilte korleis i Damaskus nokre av kvinnene bærte sløret ned slik at det dekte ansiktet, nokre har avdekt ansiktet heilt, mens andre har det berre delvis avdekt,. For Buckingham verka det som den største glede av alle var å sjå og samtidig verte sett, som han sa. John Carne observerte også korleis kvinnene i Damaskus i 1821-25 bærte ansiktssløret laust, og ofte dytta det til sides, enten for å kjøle seg ned i varmen eller for å være ein tilfeldig forbipasserande eit glimt av hennar ansikt. Stephens i 1835-37 ser beduin kvinnene vere mindre nøye med å dekke sine ansikt med sløret, noko som löt han ein time før det var mørkt kunne passere med mykje tilfredstillelse. Det var ein deilig forandring vekk frå dei sveitte skjeggete ansikta han vanlegvis såg, til å kunne nyte desse gjetarkvinnenes vakre og feminine trekk, og dei såg meir heime ut enn nokon han hadde sett på lenge, bortsett frå kyrne.¹⁵⁸

Ansiktssløret var og omtala i fargerike trekk, til forskjell frå det kvite sløret dei dekker kroppen med. Vi har ovanfor sett korleis Bey i 1807 i Damaskus beskrev at det var av gul silke med blomstrar malt på, Géramb i 1831-32 at det var svart eller gul-grønt i Jaffa, og Rogers ein gong i åra 1855-60 som nemnte at det var fargerikt i Jaffa, likt korleis Hogg i Damaskus beskrev det i 1832. Romer oppheldt seg i Beirut ein gong i åra 1845-46, og framstilte korleis kvinnene dekte seg mykje meir nøye enn dei egyptiske kvinnene; dei dekte heile ansiktet med eit mørkfarga musselin ansiktsslør, og dekte hovudet og kroppen i eit stort

¹⁵⁸ Buckingham, James Silk. *Travels Among The Arab Tribes*. London: A. & R. Spottiswoode, 1825, s.312-13; Carne, John. *Letters from the East*. London: Henry Colburn, New Burlington Street, 1826, s.375-76; Stephens, John Lloyd. *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*. New York: Harper and Brothers Publishers, 1862, s.106-108.

kvit tøystykke som skjulte alt, bortsett frå eit par gule støvlar. Skinner tilbake i 1833, omtalte òg korleis kvinnene gjekk i mørkfarga ansiktsdekke i Damaskus.¹⁵⁹

Det steig fram eit bilet av kvinner som tilsløre eller avdekker ansiktet alt etter som ho ynskjer det, går gjerne utan det eller vel å tilsløre seg så nøye at ein omrent ikkje ser noko av kvinnen under alt. Det er ikkje tydeleg kven desse kvinnene er i mange av tilfella, ettersom forfattarane er lite tydeleg på kva sosial status kvinnene dei framstilte har. I nokon tilfelle så kjem det veldig tydeleg fram kva rang kvinnene har i samfunnet i forfattarens framstilling, slik som James Silk Buckingham fortel frå Damaskus i 1816:

From the prevailing practice, throughout almost every part of Turkey and Arabia, and particularly in large towns, of the respectable females going into public always veiled, and none but women of loose character showing their faces to the world, I had conceived that those who sat unveiled by the way side were of the latter description.

Buckingham fortalte lesaren om korleis skikken med å tilsløre seg gjennom nesten kvar del av Tyrkia og Arabia, og spesielt i dei store byane, vart utført av dei respekterte kvinnene når dei går ut i det offentlege rom, og at ingen, bortsett frå kvinner av laussluppen karakter, ville gått rundt offentleg med ansiktet avdekt. Derfor hadde han antatt at kvinnene som satt i vegkanten var av denne typen, men vart informert at myndighetene var så harde mot dette at spionar og informantar vart betalt for informasjon om dei, og når nokon vart tatt, vart dei vanlegvis avretta med ein gong utan høyring eller rettssak. For ein slik rettferd som ein rettssak, var noko som var omrent ukjent i Tyrkia, fortel Buckingham, kor ein skulding var nok som bevis, og menn og kvinner vart avretta ved dei minste feiltrinn, kor døden vart brukt for å tilfredsstille ein tyranns innfall og hemnlyst. Framstillinga fortel om korleis prostituerte vart kjent igjen ved at dei ikkje dekte ansiktet, og om dei vart tatt, vart det på lik linje med menn, forhandsdømd utan ein rettferdig rettargang, og avretta. Ein slik opplysning får ein og til å reflekter over dei av lågare stand som Bey kalla fri og utshevande, som mogleg var dei kvinnene som dytta ansiktssløret opp over panna, kan ha vert prostituerete.¹⁶⁰

5.2 Utsjåande

¹⁵⁹ Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol.II., s.21; Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, s.155; Skinner, *Adventures During a Journey*, Vol.II., s.2.

¹⁶⁰ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.312-13.

Kvinnenes utsjåande vart framstilt ved ulike aspekt og deira skjønnheit var kritisert ut i frå ulike kriteria. Gjennom fysiognomi var kvinnenes uttrykk, haldningar, manerar, oppførsel etc. brukt som kriteria for skjønnheit, og spesielt gjaldt dette dei kvinnelege reisande i tida etter 1850-talet. Framstillingar av dei syriske kvinnene, og andre framstillingar, var ikkje noko som stod upåverka av forandringar, om så i England, i USA eller på det europeiske kontinentet. Viktoriansk moral og nye religiøse idear veks fram i England og spreiar seg ut i den vestlege verda. Idear om reinheit, truskap, arbeid, nøysamhet, familieliv og eit indre religiøst sjellevit. Utan eit religiøs indre liv ville umoral flytte inn, og ofte var det dette indre sjellevit som var satt under kritikk.¹⁶¹

1800-tallet var århundre då det var satt fokus på hygiene. Legar og forskrarar kom fram til nye funn om korleis smitte og reinslegheit hang saman. Ofte vart det sett at sjukdom var størst blant dei fattigaste og der dei budde tront og mange saman. Nytt ved 1800-talet var den industrielle revolusjon som trakk endå fleire til byane for jobb og dermed auka epidemiari i bystrøk ettersom fleire her budde mange på små rom. Dei reisande var som oftast av dei øvre samfunnslag og reinslegheit var noko som var forbundne med middel- og overklassen, mens skitt og därleg lukt var assosiert med dei av lågare klassar. Ein ser dette trekk i reisebøkene, der utsjåande vart knytt saman med reinheit og var eit skjønnheitsteikn, ofte i samanheng med om dei er godt kledd og om kleda er reine, og ofte vart det trekt samanheng mellom skitt og därlege fysiske tilstandar.

Ved ein landsby ein stad på Hauran slettene i 1816, møte Buckingham innbyggjarar som han skreiv var meir reine enn kva Buckingham såg var vanleg blant Arabarane generelt. Han la merke til eit uttrykk av sunnheit og god helse. Kvinnene og barna viste ein raudsmussa hufarge, og menna var godt kledd og reine. Stephens i 1835-37 var blant beduinkvinner i Gaza, kor han drøymde om kor det hadde vert å møte på desse kvinnene i det fjerne land, herlege i all sin fortryllande sjarm av kjolar, sko, strømper, reine ansikt osv. Til tross for dei nakne og skitne føta, skriv Stephens at hans hjarte varma mot desse kvinnene av ørkenen. Rogers gjennom åra 1855-60, nemnte ofte når ho fann ein meir reinsleg stad, men ikkje i samanheng med kvinnenes utsjåande. I staden for var det Sitt Lebibeh som uttrykte sin forakt for korleis kvinnene i Hâifa ikkje held husa sine, seg sjølve eller borna reine. Bremer vart tatt i mot av ein lokal Emirs kone, som ifølgje Bremer var ung og veldig yndig, og såg blyg og

¹⁶¹ Alnæs, Karsten. I. *Historien of Europa 3*. Oslo: Gyldendal, 2005, s.347.

behageleg ut. Hennar hoffdamer, som Bremer kallar dei, var mykje mindre attraktive i sine skitne og trasige klede.¹⁶²

Isabella Romer la ut som fortalt ovanfor om korleis sløret skapte ein fantasi, og at orientalsk skjønnheit var overvurdert. Rett før denne kritikken av framstillinga av sløret og dess kvinner, fortel ho om det ho kallar dei to skjønnheitene av Damaskus, dei to einaste orientalske kvinnene som ho hadde funnet riktig vakre; jødinna Ester og den austerriske konsularagentens kone. Til tross for Esters ulukkelege ekteskap med ein ikkje så smarte og utrivelege ektemann, og hennar fånyttes forsøk på å komme seg ut av ekteskapet, var det ikkje spor av sorg og sentimentalitet å sjå i hennar ansikt, beskriv Romer. Det hadde ikkje den ørneliknande skjønnheit eller dei hovmodige jødiske trekk. Eit rundt, lubbent ansikt, med vakre små barnlege trekk, og eit par fantastiske store svarte auge, utgjorde hennar største sjarm. Men, sa Romer, kor mykje damene sminkar til og med den vakraste lilje, og skjemmer moderjords meisterverk. Det var tydeleg for Romer at Ester var vakker på tross av at ho hadde sminka ansiktet på ein slik måte, som Romer var tydeleg i mot, fordi hennar ansiktsuttrykk viste ei kvinne i kontroll av sine førelsar.¹⁶³

Den austerriske konsularagentens kone tok i mot Romer og hennar følgje i det Romer beskriv som ein vakker open gardsplass. Ho hadde eit pent vesen ifølgje Romer, med eit veldig søt ansikt, og var ganske lys i fargen for å vere frå denne delen av verda, men ein lys farge som var gusten og uttrykkslaus. Ho hadde milde grå auge og lysebrunt hår, og ville vert riktig vakker om det ikkje hadde vert for hennar tenner, som var naturlegvis av ein därleg farge, og veldig därleg tatt vare på. Romer fortalte vidare at det var ingenting av interesse å nemne om hennar klede, men at ho hadde nokre naturlege blomstra festa på sida av hennar hovuddrakt, og mange rekker med perler snodde seg om hennar hals og armar.¹⁶⁴

Og detta var dei to vakraste kvinnene i ein by som er kjent for sine skjønnheiter, seier Romer, noko som ein kan undre på var sarkastisk meint, etter ein så nedslåande beskriving av det ho meinte var dei to vakraste. Romer var eit eksempel på det kritiske kvinneblikket Herath skriv om, og ho var eksplisitt kritisk gjennom alle møte ho hadde med dei syriske kvinnene.

Hennar forventningar var tydelegvis ganske store eller at hennar standard for skjønnheit var veldig høg. Om mogleg kan det vere at ho var like kritisk med sine eigne landskvinner som

¹⁶² Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.173; Stephens, *Incidents of Travel in Egypt*, s.106-08; Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.408; Bremer, Frederika. *Livet i gamla världen*. Stockholm: Atlantis, 1995, s. 371-2.

¹⁶³ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.352-54.

¹⁶⁴ Romer. *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.355-56.

ho viste seg å vere ovanfor dei syriske kvinnene. I same setning fortalte ho korleis ho ikkje var i tvil om at i eit kvart passe stort ball i London eller Paris ville det kunne finnast minst 20 mykje vakrare ansikt, og det tydar på at hennar kritikk var tydeleg retta mot syriske kvinner.¹⁶⁵

Når det kom til kvinnelege formar, skriv ho at ho ikkje vil gje ein liknande utdjuping, for ifølgje Romer var det umogleg å kunne vurdere noko som helst om den orientalske kvinnens form under drakta (sløret). Den var designa slik at den skjulte dei vakre linjene til skuldrer, byste og midje, påpeikte Romer, dei linjer som var spesielle kvinnelege kjenneteikn. Den var så upassande, sa Romer, at om kvinna skulle hatt ein feilfri form, var den umogleg å observere eller finne, der den forsvann inn i den samankrope effekten desse kleda hadde. Klede som såg ut som om dei var kjøpt rett ut av ein konfeksjonsklesbutikk utan å ha vert prøvd på.¹⁶⁶

Bortsett frå Romer, er det berre John Carne i Damaskus i 1821-25 som omtalar kvinnenes form. Han framstilte kvinnene med nydeleg små og kvite hender, pynta med ringar og handledda dekorert med armband. Dei brukte ingen støtte til brystene, og kledninga alt i alt skjulte mykje av symmetrien og skjønnheita til figuren. Kvinnenes form var noko som i liten grad vart framstilt i dette utvalet, heller var det framstilt mykje meir om kvinnenes ansikt og føter, enn om kroppens form.¹⁶⁷

Romer gav Ester ære for eit ansiktsuttrykk og ei haldning som ikkje vart skjemt av det uheldige ekteskap og kampen om skilsmisses. Hennar utsjåande var dermed vakkert for Romer. Dette var noko typisk for dei kvinnelege reisande, som Melman kalla fysiognomistar, å dømme utsjåande og karakter basert på kvarandre.¹⁶⁸

Bremer var ein fysiognomist som såg sjel uttrykt i det ytre. I eit middagsselskap i eit harem i Kedronalen rett aust for Jerusalem uttrykkar Bremer glede over å kunne delta på ein slik festlegheit og treffe på så mange arabiske fruer samtidig, men gleda hennar vart kortvarig. Når ho først var blant desse fruene var inntrykket ho fekk av dei ikkje behageleg. Dei fleste manglar skjønnheit og skikk, skreiv Bremer, hadde intet vesen eller uttrykk som kunne seie noko om sjelas danning. Berre fire eller fem av fruene kunne kallast vakre, og berre ein av

¹⁶⁵ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.356.

¹⁶⁶ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.360. Konfeksjon – klede som masseproduserast i same model til ulike størrelsar.

¹⁶⁷ Carne, *Letters from the East*, s.392.

¹⁶⁸ Bremer, *Livet i gamla världen*, s. 95-97.

dei var ein riktig skjønnheit. Dei pynta seg utan smak meinte Bremer, og ansiktsuttrykka var drøymande og rått, og ei jente på 8 år hadde eit godt ansikt, men utan trekk av barndomsliv og sunnheit. Ho fekk vite at den vesle jenta var ei frue og gift med ein gammal mann.¹⁶⁹

5.2.1 Tatovering og sminke

Ein ting som definitivt var noko som rysta det vestlege skjønnheitsidealet var tatovering og sminke. I seg sjølv var ikkje sminke noko som var fælt, men fargespekteret var skandaløst skal ein tru forfattarane. Buckingham i 1816 syns at kvinnene i Assalt ville vere meir behageleg som person om dei ikkje så merkeleg skjemma seg sjølve etter den arabiske skikk, med å sette ein djup indigoblå farge på leppene. Ein farge Buckingham omtalte som den mest avskyelige fargen av dei alle til å farge hud. I tillegg teikna dei prikkar på stader og linjer med same farge, på hake, panne og kinn. Han presiserte kva han meinte om det å teikne seg i ansiktet når han fortalte kor pene kvinnene og barna var i Rachaiya, nokon av dei *til og med* vakre, for ingen av dei hadde skjemt sitt ansikt med enten flekkar eller klossete ornament av nokon som helst slag.¹⁷⁰

Denne same fargen møtte John Carne på i 1821-25, når han merka seg at ei av kvinnene i gruppa hadde farga leppene blå, og at dette nok sikkert var ein skikk blant dei i Hâifa, mens Edward Hogg i 1833 vart av begge kjønn bedt om khola som av kvinnene vart brukt til å sverte augevippene. Ein slags dåtidas maskara. Vi møte her på dei to mest vanlege tinga som reisebokforfattarane nemnar i dette utvalet; blå sminke og khola.¹⁷¹

Denne blå farge omtala Thomas Skinner på ein slik måte at det gav eit inntrykk av han som den audmjuke mann, fullt klar over sine fordommar og sin forakt for denne skikk. Han skriv om korleis gjetarkvinnene utanfor Jaffa gjer som kvinnene i Assalt og Hâifa, og fargar underleppa blå. Det verka som han resonnerte seg fram ved å peike på at det eksisterte einslege eksemplar på ulike typar skjønnheit rundt om i verda, men at hovudpoenget med alle desse måtte vere å forbetre utsjåande. Noko han ikkje kunne skjønne at det å farge leppene kunne føre til. For Skinner var dette det verste av slike design, kva enn nytte den var skapt for. Men sjølv kor latterleg det må verke for oss, sa Skinner, var den kanskje endå meir logisk enn dei vaner som vesten har. Rouge var til for å friske opp igjen den skjønnheit som har

¹⁶⁹ Bremer, *Livet i gamla världen*, s. 113-117.

¹⁷⁰ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.49-50, 395; Melman, *Women's Orients*, s.116.

¹⁷¹ Carne, *Lettres from the East*, s.250; Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. I., s.304-5.

visna, mens arabisk sminke og pynting var til for å skape sjarm som naturen aldri hadde tenkte på. Om det hadde eksistert stor anerkjenning for originalitet, så var det dei arabiske kvinnene som skulle fått den største anerkjenning for sine evner. Og ettersom han skal vere der så lenge blant dei, fant han det berre rett å skulle lære seg å vere ein passande beundrar av dei fargar dei brukte. Skinner vart gjennom si reisebok framstilt som litt for sjølvsikker, beundra av alle og strør om seg med kunnskap om det han ser, men her påpeikar han at skjønnheit er objektivt. Ein meir audmjuk mann som trer fram og mogleg han vil utfordre lesaren oppfatning av kva som var skjønnheit.¹⁷²

Av dei to skjønnheitene Isabella Romer fortalte om i Damaskus, har Ester, den jødiske skjønnheita, omringa auga med det Romer kallar ein uanstendig mengde svart sminke. Ho skriv at dette har Ester gjort fordi ho ikkje var fornøgd med lengda, breidda og det svarte i hennar ufattelege auge. Ho dro linjene rundt auga lenger ut og bygde på med eit så valdsamt og hardtteikna par av augebrynen markert med ein pinsett, jobba inn som kunst til den svartaste farge. Romer samanliknar ho, ikkje med Madam Tussaudes, for dei såg for ekte ut syntest ho, men med ein av desse unaturlege voksbystene med urealistiske auge og augebrynen som ein såg i kvar ein frisørsalong i Europa.¹⁷³

Denne type framstilling av kvinnene sminka med henna var gjort på tvers av århundre og på tvers av reisebokforfattarar. Oftast var det omtala i blått og svart på lepper og i ansikt, i alle fall hos dei mannlege reisande. Kvinnelege reisande fekk observere meir av kvinnene og korleis dei dekorerte seg på ulike måtar, slik Rogers fekk i Hâifa og områda rundt, med sine mange haremsbesøk og venninner.

Hos ein tyrkisk guvernør i landsbyen Sherfar'am aust for Hâifa, vart Rogers introdusert av guvernøren for Um Daoud (mor til David), hans kone. Rogers framstilte ho med kohl og henna brukt fritt, og med kinn og panne tatovert. Hennar blå tøyjakke, brodert med gulltråd var veldig open i fronten og eksponerte hennar tatoverte bryst. Rogers som vanleg kommenterte ikkje med sine eigne oppfatningar, men gav ein god beskriving av det ho såg, slik ho gjorde med sine tre små venninner som har vert nemnt tidlegare. I tillegg til at dei informerte Rogers om at det å lage mat var det viktigaste ei syrisk jente å kunne lære, og

¹⁷² Skinner, *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. I., s.174-75.

¹⁷³ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II. s.353-54.

Rogers som fortalte om at dei gjekk kledd i gule støvlar og izzar, skreiv Rogers om at deira fingre- og tånegler var rosa av hennablekk.¹⁷⁴

Dette var den einaste gongen det vart fortalt om noko annan farge enn blått og svart, fargar som tydelegvis dominerer framstillingane om kvinnene. Eksempelvis er Helweh framstilt med blå og svart henna dekorert på ulike måtar. Helweh dukkar ofte opp i Rogers framstillingar, og får tydeleg ein plass i Rogers hjarte og hennar visjon for Syrias framtid. Ved eit besøk ho Saleh Bek og hans koner, vart Rogers fasinert av Helweh der ho sat i lyset ved ei opa dør, og opnar si skissebok for å skissere Helweh. Blant dei tinga Rogers fortalte om korleis ho var kledd, skreiv ho at augebryna var malt tjukke, hennar augevipper var dekka med kohl, ho hadde blå prikker av blått blekk på bryst og kinn, og ei blå stjerne tatovert på hennar panne. Alle kvinnene var slik dekorert, og ville veldig gjerne dekorere Rogers slik og. Om dei så gjorde, fortalte ikkje Rogers noko om, der ho vidare fortalte at ho skreiv ned alle kvinnenes namn.¹⁷⁵

I tillegg til at Sit Lebibeh haddde forakt for korleis kvinnene i Hâifa tydelegvis ikkje veit korleis å halde seg, huset eller borna reine, framstilte Rogers hennar forakt for korleis dei tatoverte og måla seg ganske barbarisk. Ho bedde Rogers ikkje forme seg meininger om arabiske kvinners karakter og skikkar basert på kva ho såg i Hâifa, for i Damaskus og Aleppo var dei mykje meir siviliserte, sjølv om dei ikkje var europeiserte i nokon grad. Lebibeh såg korleis kvinnene i Hâifa, både kristne og muslimar, levde som bønder og var veldig ignorante.¹⁷⁶

Rogers i Nasaret ein gong mellom 1855-60 omtalte korleis kvinnene her var veldig pene, men såg ganske dristige ut, der dei brukte ei mengde kohl på augelokket, tatoverte armane rikeleg, og deira ansikt litt. Bruken av ord som ‘rikeleg’ kan fortelje oss at Rogers syns det var meir enn nok dei hadde brukta.¹⁷⁷

Ein siste plass vi kan nemne at Rogers møte på tatovering og sminke var i Nablûs hos Habib og han kone Zora. Rogers syns Zora var ganske fin, kledd som ei brur med haremsbukser og ei tettsitjande jakke. Brystet var ganske avdekt og viste seg malt og tatovert med klarblå

¹⁷⁴ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.155-56, 190-91.

¹⁷⁵ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.240-41.

¹⁷⁶ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.404-08.

¹⁷⁷ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.137-38.

farge. Hennar hender og føter, som var nakne, var så delikat og artistisk dekorert med henna at det såg ut som om ho hadde fine blonde hanskar og sandalar på.¹⁷⁸

5.3 Jerusalem

Jerusalem har vert ein viktig by for årtusenar og ein by som var eit sjølvsagt punkt på reiselista. Den tiltrekke seg tusenvis av pilegrimar kvart år og er heilag for tre store religionar. Så for reisebokforfattarane var det eit naturleg punkt på reisa, men korleis framstilte dei kvinnene dei møter i den heilage by?

Ali Bey besøkte Jerusalem i 1807. Her gjekk dei kristne kvinnene med ansiktet avdekt, slik ein gjekk i Europa, men det var veldig få vakre kvinner blant dei meinte Bey. Dei fleste hadde det Bey kalla eit kvalmande utsjåande, som han sa var vanleg i austen, med ein svak sitrus farge eller kritkvit. Nokon gongar fekk han sjå ei med ein god farge i ansiktet. Dei brukte eit kvit band rundt ansiktet, som i følgje Bey gav dei eit inntrykk av vandrande lik. Deira kinn var oppsvulma, deira naser var slanke, og veldig ofte var den nedre leppa større og meir framtredande enn den øvste. Auga var normale, men lite livlege og veldig forskjellig frå kvinnene i Arabia, som gnistra av eld. Dei var dessutan lite grasiøse og generelt melankolske, skreiv Bey. Slik var det miserable, men uheldigvis så alt for sanne biletet, av kvinnene i Jerusalem.¹⁷⁹

Ali Bey var ikkje den einaste som var kritisk og dømande i si framstilling av kvinnene i Jerusalem. Isabella Romer, 40 år seinare i 1845/6 uttrykka sin skuffelse og indignasjon over den ulukke ho meinte hadde kome over Sion (Jerusalem), for så ein elendig forsamling av innbyggjarar meinte ho aldri hadde eksistert noko anna stad, og den jødiske delen såg ut til å vere den verste, både fysisk og moralsk. Dei sneik seg gjennom dei usle sidegatene med engstelege steg som skygger, og med ein innestengd luft av innbyggjarar i ein beleira by. Det var ein nedbroten befolkning Romer framstilte i Jerusalem, der kvinnene såg alle gamle ut, og verkar å ha eldast for tidleg. Ho trudde ikkje det var mogleg at ein stad av denne størrelsen kunne innehalde så mange skrekkelege gamle damer som ho hadde sett av dei jødiske kvinnene i Jerusalem.¹⁸⁰

¹⁷⁸ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.266-67.

¹⁷⁹ Bey, *Travels of Ali Bey*, s.277.

¹⁸⁰ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.360-61.

Ein annan av forfattarane som var kritisk til det ho såg i Jerusalem i 1856-61, var Frederika Bremer. Landsbykvinne som sitt ved Jaffa-torget i Jerusalem og sel, får sin påkledning nøye gjennomgått, før Bremer konkluderer med at dei hadde ein vis vill skjønnheit, men var oftast stygge, og spesielt ansiktstrekka. Råskap og vondskap viste seg i deira ansikt og vesen, og dei var ein forsamling hekser, som Bremer fortalte ho var meir redd for enn menn i denne sosiale klasse.¹⁸¹

Ali Bey i 1807, Isabella Romer i 1845/6 og Frederika Bremer i 1856-61, var veldig lite positive over Jerusalem og dess kvinner. Men var denne haldninga avgrensa til Jerusalem eller var dette ein generell haldning blant dei tre i alle møter med kvinner i Syria?

Før han kom til Jerusalem, var Ali Bey i landsbyen Yavne rett sør for Jaffa. Han hadde passert på vegn Khan Younis, Gaza og Ashdod før han kom til Yavne, ein landsby han omtalte som meir omsynsfull enn dei han hadde sett i dagane før. Her observerte han mange kvinner som i hans auge er veldig vakre, og alle hadde ansiktet avdekt. Han forhøyrt seg om dei var kristne, men fekk til svar at dei var muslimske, og at landsbykvinne i dette distriktet ikkje dekte ansiktet. I Damaskus seinare, etter at han hadde vert i Jerusalem, observerte han at kvinnene dekte ansiktet heilt, men at nokre kasta ansiktssløret over panna slik at ansiktet berre var dekt av sløret, som dei så opna og dekte slik dei ville. Dette gav han moglegskap til å avgjere at kvinnene i Damaskus var generelt vakre, og at nokre var reine skjønnheiter. Dei hadde alle fin og skinnande hud, med ein god farge. Denne rase var meir vakker enn den han hadde observert tidlegare. I Damaskus møtte han ingen av dei kritkvite damene som ein så ofte såg i Jerusalem eller i Arabia, heller ikkje dei med farga hud frå dei andre afrikanske landa, ikkje dei skitne, ekle barna frå Alexandria og så mange andre afrikanske land, heller ikkje dei utsvelta kopparfarga og svarte menn av Afrika og Arabia. Blant kvinnene og barna var det eit himmelsk utsjåande, og mennene hadde eit maskulint aspekt, og var fint proporsjonert, robuste og veldig vakre. Han observerte at det var veldig få mørkhuda, magre og riktig stygge av enten mannleg eller kvinneleg kjønn å møte på i Damaskus, forutan Arabarane av ørkenen som kom *tilfeldig* for forretningar, og som i form og drakt var heilt lik dei miserable innbyggjarane i Hedjaz.¹⁸²

Isabella Romer var meir dømande i sine omtalar av kvenna enn Bey var. For det meste var det berre beskriving av kvinnenes klede og utsmykking utan kommentarar på kva ho syns. I Tyre

¹⁸¹ Bremer, *Livet i gamla världen*, s. 95-97.

¹⁸² Bey, *Travels of Ali Bey*, s.238, 318-20. Hedjaz er ein fjellkjede vest i Saudi-Arabia, langs kysten av Raudehavet.

avslutta ho omtalen av kostymet med at den mest skjemmande delen av hovuddelen var eit tørkle, folda fleire gongar og knyta rundt kjeven og munn, slik at kvar kvinne såg ut som om ho hadde tanppine. I Damaskus fortalte ho om korleis byen var berømt for sine vakre kvinner og hus, som ho hadde vert så heldig til å kunne få døme i begge tilfelle om kor langt rapportane stemte med verkelegheita, ved å verte introdusert til eit syn av begge to. Ho fortel om Ester, ein jødisk skjønnheit, og den syriskfødde kona til den austrikske konsularen, som dei to belles av Damaskus. Men ho overdriv ikkje, sa ho, når ho påstod at eit kvart moderat stort ballrom i London eller Paris ville vist minst 20 mykje vakrare ansikt.¹⁸³

Bremer samanliknar og ser ofte etter referansar til bibelen. I Jerusalem trakk ho linjer mellom landsbykvinnene ho møte på Jaffa-torget med dei Betlehemitiske kvinnene som kom for å tenestegjere i Jerusalem. Dei var ein vakker kontrast, skriv Bremer, med vakre ansiktstrekk og ein naturleg verdigheit. Dei dekte ikkje til ansiktet, hadde ein frisk og blomstrande farge, vakre drag og ein naturleg verdigheit, som løftast opp av den drakt dei bære. Blant desse tenestejentene nemnte ho Biskop Gobats kokk som ho meinte kunne gjere godt som modell for eit måleri av dronninga av Saba, mens hennar eigen tenerinne ville kunne stå modell for eit måleri av Judit (Judits bok).¹⁸⁴

Det var tydeleg at kvinnene i Jerusalem ikkje stod til Bremers smak og forventning, i staden for er det kvinnene frå Betlehem som falle meir i smak i sine Betlehemitiske drakter. Det kunne vere fullt mogleg å tenke seg til at i hennar sinn var Betlehem opphøgd som Jesu fødestad, og at dette vil opphøgje kvinnene like så. Det var og tydeleg at ho fann dei betre kledd og med betre manerar enn dei ho trefte på torget. Når ho kom til Betlehem ved ein seinare anledning gav ho same omtale om kvinnene som ho gav i Jerusalem; ein frisk blomstrande hud. På veg tilbake frå ei kyrkje i Betlehem møte ho på mange folk, og blant dei mange kvinner som var reint vakre og gjekk i den betlehemitiske drakta. Ho hadde aldri sett vakrare kvinner andre stader.¹⁸⁵

Sjølv når Bremer finn noko som ho syns er vakkert, er det ikkje dermed sagt at det er frittatt for hennar søken etter det bibelske. Og når ho ikkje finn det ho leitar etter vert ho kritisk og pirkete, slik ho fant nokre rett vakre og med god haldning i Nasaret, men ingen med det ansiktsuttrykk som ho meinte vi måtte tilleggje Jesu moder, som er oss bevart av hennar historie: ««Jesu Moder gömde alla dessa ord (sonens) i sitt hjarta» (Luk.2:51)». Eit uttrykk

¹⁸³ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.164, 351-56.

¹⁸⁴ Bremer, *Livet i gamla världen*, s. 95-97.

¹⁸⁵ Bremer, *Livet i gamla världen*, s.284.

som Rafael hadde festa på duken i det djupe blikk på sin Madonna Sixtina, og som Bremer var skuffa over å ikkje finne i det lovande landet. I hennar framstillingar trer det fram ein kritikk ovanfor kvinnene i Syria, som i hennar kommentarar viste seg å vere basert i hennar forventingar til kva ho skulle finne der, og mange av hennar kommentarar viste at mange av desse forventningane var å finne bibelens land, slik den var skrevet om i bibelen.¹⁸⁶

Det var tydeleg at Romer var generelt kritisk til dei syriske kvinnenes utsjåande, klede og utsmykking. Bey viste ein helling til ein viss skjønnheit som han fann visse andre plasser, mens Bremer fann Betlehem full av vakre kvinner i vakre drakter. Så for Romer var det ein generell haldning ovanfor dei syriske kvinnene og ikkje berre i Jerusalem, mens for Bremer er det mogleg å finne skjønnheit i Betlehem. For Bey var det tydeleg at det ikkje var avhengig av sted, men andre kriteria som låg bak hans syn på skjønnheit. Når ein ser på korleis dei andre forfattarane framstilte kvinnenes utsjåande i Jerusalem, kjem det tydeleg fram at Bey, Romer og Bremer var av individuelle meininger om Jerusalem som dei fleste andre ikkje delte.

Ca.15 år etter at Bey var i Jerusalem, kom John Carne dit i 1823. Han fortalte at den lågare delen av Jerusalem mot aust var i all hovudsak busett av jødar, og var den mest skitne og fråstøytande av dei alle. Likevel, fleire av dei som budde der var velståande og levde ein komfortabel stil, og både menn og kvinner var meir attraktive enn deira landsmenn som levde i Europa. Og deira trekk var ikkje så sterkt prega av den uunngåelege hebraiske karakter, men var mykje meir mild og interessant av karakter.¹⁸⁷

Når Baron Géramb kjem til Jerusalem i 1832 observerte han at dei fleste av jødane som budde der var av utanlandsk avstamming. Dei var etterkommarar av rike foreldre som kom dit frå ulike land for å avslutte sine dagar i Palestina. Dette gjorde at desse jødiske familiene kunne kle seg med meir anstendigkeit, til og med meir eleganse sa Géramb, enn innbyggjarane av dei andre klassane. Og endå meir var dette tydeleg på laurdagar, når kvinnene viste fram ein slags luksus, sjølv om dei, slik dei tyrkiske damene gjorde, aldri bevegde seg ute utan å vere tilslørt.¹⁸⁸

¹⁸⁶ Bremer, *Livet i gamla världen*, s. 95-97.

¹⁸⁷ Carne, *Letters from the East*, s.261-62.

¹⁸⁸ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.250-51.

Utanfor Jerusalems portar uttrykte John Lloyd Stephens kor eit vakkert bilete det var å sjå gravplassen full av dei tyrkiske damene i deira lange slør. Gravplassen var ikkje så mørk og dyster for dei. Dei hadde ein djupare tru enn vi har, seier han, sjølv om det var ein falsk og fatal truvedkjenning. For dei var det eit lys bak grava, som vi av ein betre tru ikkje ofte kunne sjå. Ikkje berre var det vakre scener, Charles Warren trakk fram vakre og kjekke menn og kvinner blant dei innfødde Palestinarane i Jerusalem, ein gong i perioden 1867-71. Men han såg ingen blant samaritanarane. Kvinnene var ofte vakre, og opptredde ikkje i samanlikning, så ømfintleg skapt som menna. Barna i alderen tre til fire år gamle var dei meste fantastiske, men dei vaks opp så spinkle at det var smertefullt å sjå på, og det var vanskeleg å ikkje tru at dei var i forfall; så sterk var fargen i deira auge, og så delikat var ansiktsuttrykket. ¹⁸⁹

5.4 Accessories

Når harem besøka vart meir formalisert i si form, gjaldt dette i mange tilfelle og kleda som dei syriske kvinnene hadde på seg under besøket. Nokon av dei syriske damene spelte rolla som tradisjonell osmansk frue, i kledd sine finaste osmanske kostymer til ære for sine gjestar, der dei nok til dagleg gjekk meir kledd etter parisisk mote, ein mote som ein ser bevis for at var i aukande grad populært blant eliten. Det viste ein bevisstheit på kva dei utanlandske gjestane forventa og ein villigheit til å faktisk spille med, mens andre syriske kvinner insisterte på å vise fram sine nyaste klede etter parisisk mote. Dette leia til nyfikenhet, frustrasjon, fascinasjon og framstillingar som nok ikkje stemte overeins med den daglege mote. At det vart eit meir formalisert besøk, der dei syriske kvinnene la til rette og planla besøket, var noko som frustrerte dei besøkande som ville sjå det ‘autentiske’. ¹⁹⁰

Isabella Romer i 1846-6 fortalte at dei kvilte seg ved den engelske konsularagentens hus i Saida, ein syrisk kristen, når kvinnene tok på seg deira staselege klede og presenterte seg for ein begeistra Isabella. Mary Eliza Rogers i perioden 1855-60 var hos guvernøren i Hâifa, og vart introdusert for to kvinner. Den yngste vart beskrive av Rogers med detaljar av hennar utsjåande og hennar klede. Rogers undrar seg på om ho hadde forberedt seg til hennar besøk ettersom ho hadde på seg eit festantrekk. ¹⁹¹

¹⁸⁹ Stephens, *Incidents of Travel in Egypt*, s.194; Wilson, Charles, Charles Warren og Walter Morrison (red.). *Recovery of Jerusalem*. New York: D. Appleton & Company, 1871, s.220-21, 366.

¹⁹⁰ Herath, «Women and Orientalism», s.38.

¹⁹¹ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.161-62; Rogers, *Domestic Life in Palestine.*, s.155.

Rogers i møte med dei syriske kvinnene gav alltid kommentarar på kvinnenes drakt, klede, utsmykking osv. Når ho møte Miriam, Mohammed Beks einaste kone, fokuserte Rogers på at ho hadde på seg ei jakke i mørkt stoff og rosa bomullsbukser, og var mykje tatovert. Når Rogers tre venninner kjem på døra og vert invitert inn, får dei sin påkledning omtala; det kvite sløret (izzar), mørke harembsbukser i bomull, tekstiljakke kneppa opp til halsen, ansiktsslør i sterke fargar bært som sjal over hovudet, kryssa under haka, og endane festa oppå hovudet.¹⁹²

5.4.1 Sko

I tillegg til at forfattarane skreiv mykje om draktene, med dei ulike jakkene, skjortene, kjolane og buksene i ulike fargar og utformingar, var dei og interessert i å framstilte kva kvinnene hadde på føtene. Dei framstilte korleis dei brukte skoa og korleis det var utforma, og dei dukkar opp titt og ofte i forskjellelege formar som gule støvlar og tresko.

Gule støvlar:

Desse gule støvlane var blitt populært allereie på 1700-tallet, og dei osmanske styresmaktene hadde lagt ned forbod for alle andre enn muslimar å gå med desse skoa. Samtidig kravde dei at den kristne og den jødiske befolkninga skulle gå utelukkande med svarte sko. Heather Sharkey viser korleis dette endra seg over århundre fram til slutten av 1800-tallet i dei urbane områda og i statlege stillingar. Sharkey viser til korleis i eit osmansk regjeringsbyrå ville ein utdanna muslimsk tilsett gå i dei same type svarte skotøy som dei kristne og dei jødiske, til og med jakka og buksene var like.¹⁹³

Og at dei gulestøvlane var avgrensa for berre muslimar å bruke, er vanskeleg å kunne sjå i framstillingane av dette utvalet ettersom og jødiske og kristne kvinner tilslørte seg lik dei muslimske damene, og det er ikkje ofte forfattarane nemnar kva religion kvinnene som bærer desse sko tilhøyrar. John Carne var den første til å nemne desse spesielle skoa, der kvinnene gjekk rundt i basaren i Damaskus ein gong i perioden 1821-25. Kvinnene var ofte å sjå i basaren, sa Carne, kledd i ei kvit kappe som i tillegg til å dekke kroppen, dekka den øvre delen av hovudet som ei hette, og dei gjekk ofte i små støvlar av gult lær. Dei verka ikkje for

¹⁹² Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.190-91.

¹⁹³ Sharkey, Heather J. *A History of Muslims, Christians, and Jews in the Middle East*. New York: s.243.

Carne, i alle fall i gatene, å vere like skrekkelege figurar som i Istanbul og i Kairo. Kva som gjorde det, tilsløring, utsjåande eller dei gule støvlane, sa Carne ingenting om.¹⁹⁴

Den neste vi ser som nemnte gulestøvlar var Baron Géramb i Jaffa i 1831-2, der han fortalte om at kvinnene var mykje tjukt kledd på veg til gravplassen. I følgje han, kasta dei over seg eit kvit dekke når dei var ute, eit stort stykke kvit bomull som dekte dei frå topp til tå, og som dei forma i grasiøse omslag rundt seg. Med dette antrekket gjekk dei i støvlar, som han sa generelt var gule, og fordi dei var så romslege passa dei perfekt saman med antrekket. At støvlane var generelt gule, vil kunne seie at Géramb og hadde observert dei i andre fargar, men han nemnte ingenting om noko støvlar i andre fargar. I tillegg får framstillinga fram at Géramb syns antrekket var stort og romsleg, og at støvlane var like så. Som sagt samanlikna han kvinnene han såg her på veg til gravplassen for tønner; store, runde og romsleg.¹⁹⁵

Kvinnene var ofte sett på veg til gravplassen, eit syns som Stephens fant vakkert. Thomas Skinner får sjå dei, slik Géramb gjorde, på veg til gravplassen i Damaskus i 1833. Han var forbausa over variasjonen av figurar i folkemengda, der ei rad av kvinner bevegde seg sakte mot gravplassen kor dei vanlegvis tok opp sine plassar, som om dei var på veg tilbake til sine graver. Dei verka alle å vere av same dimensjon og bevega seg med same gange, i gule støvlar som viste seg rett under dei kvite sløra, og gav dei eit inntrykk av å vralte av garde som enorme ender.¹⁹⁶

Den same beskrivinga av korleis kvinnene gjekk i dei gule støvlane skreiv Frederika Bremer om i 1856-61 i Jaffa, når ho omtala dei ho kalla spøkelsa, som i folkemengda og i grupper vandrar, eller rettare sagt vraltar, i gule støvlar og tøflar i stadens gater, der dei er på veg utanom Jaffas porter på promenade. Og hos Isabella Romer i 1845/6 i Beirut er kvinnene dekt så godt at det einaste som var synleg var dei gule støvlane dei gjekk med. Den einaste som framstilte dei gule støvlane ikkje på kvinnas føter, men i hennar hender, var Mary Eliza Rogers, der ho med sitt selskap møte på ein familie på veg frå Hâifa til Nasaret i 1855-60. Ho skreiv at det kom ei ung jente først som gjekk barbeint og bar hennar gule sko i hendene.¹⁹⁷

Tresko:

¹⁹⁴ Carne, *Lettres from the East*, s.391-2.

¹⁹⁵ Baron Géramb, *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I., s.50-52.

¹⁹⁶ Skinner, *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. II., s.2.

¹⁹⁷ Bremer, *Livet i gamla världen*, s.95-7; Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.154-55; Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.127.

Gule støvlar var noko ein typisk såg ute, mens tresko var noko ein gjekk med inne. Dei var eit objekt av stor interesse og nyfikenheit, og George Jones i 1834 set av nesten to heile sider for å fortelje om desse sko han fann i ei handlegate som var nesten åleine dedikert til sal av desse treskoa. To år tidlegare skreiv Edward Hogg om korleis han kom over desse blant materielle varer han fann i Damaskus. Han framstilte desse belagt med perlemor på ein grov måte, men likevel, som han skreiv, var dei veldig vanlege å bruke i huset av dei syriske kvinnene. I neste setning beskriv han igjen korleis dei er belagt, denne gongen overdådig, med dette glitrande materialet.¹⁹⁸

Jones fyllar sidene med ein humoristisk samanlikning mellom treskoen og biskopsermer. Først fortel han kva det er, dette som han kallar cobcob; ein kombinasjon av ei stylte og ein tresko, før han deretter framstilte korleis handtverkaren lagar denne skoen. Han tok eit stykke tre som han kutta til mønsteret av foten, festa over denne ein brodert reim kor foten skulle sitte, og i kvar ende to stykk treklossar omtrent ni tommar i høgd og kutta ned øvst til fotens størrelse mens den nedste var omtrent åtte tommar brei. Heile skoen vart deretter dekorert med perlemor, ikkje i overdådig stil slik Hogg såg det, men i fantasifulle mønster. Så var han klar til bruk. Høgda på treskoen han gav her, var i følgje han sjølv, laga for ei av høgare sosial rang, for høgda på skoen var i proposisjon med kvinnas sosiale rang, og om ho var av veldig høg sosial rang, ville ho forakte å gå med ein tresko som var noko mindre enn 12 tommar høg. Dei av den meir simple rang, som han kallar det, måtte nøye seg med fem eller seks tommar.¹⁹⁹

Her får ein framstilt ein sko som alle kvinner gjekk med, mens utforminga og høgda ville seie noko om kvinnas sosiale rang. Kvinna kunne lett trakke inn i skoa og ho var klar for å ta i mot gjestar. For ein amerikansk eksklusiv, sa han at det ville vere greitt å bære ein passande cobcob tre fot høg. «Joking aside» var det veldig rart, sa Jones, å sjå fruene i Damaskus vandre rundt i sine hus i dette. Korleis kan Jones påpeike at det var rart å sjå kvinnene slik? Han har ikkje ein einaste plass beskrive eit slikt møte med ei av dei syriske kvinnene i deira hus. Ein kan anta at han baserer seg på nokon andres framstilling eller at dette er einaste gongen han nemner dette, at han ikkje har så særleg interesse for dette ornamentet enn å nemne det ein gong. Dei fleste klede og ornament dei syriske kvinnene bære vert for det

¹⁹⁸ Hogg, Edward. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol. II. London: Saunders and Otley, Conduit Street, 1835, s.77; Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight, 1836, s.348-9.

¹⁹⁹ Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.348-9.

meste behandla som noko eksotisk og fasinerande, noko som ein berre tok som underhaldande, og ikkje noko å sette seg fast i politisk.²⁰⁰

Jones humoristiske framstilling og samanlikning med biskopsermer gjev eit inntrykk av at han ikkje var noko tilhengar av nokon av delane, og latterleggjer, om ikkje begge, så i alle fall treskoen. Han kunne nemnt kva som helst anna enn biskopsermer å samanlikne med. «Would it not be well for our ladies to adopt the cobcob as an excellent accompaniment to the bishops' sleeves?»²⁰¹

Det var ikkje før over 10 år seinare at vi igjen møtte på tresko i Isabella Romers vante kritikk. Ho og hennar selskap vart i Sidon tatt godt i mot av den engelske konsularagenten, ein syrisk kristen, og hans familie. Damene tok på seg finstasen for å ta dei imot, og Romer vart behageleg overraska av hans kone når ho trer inn. Ho vart slått av hennar utrulege skjønnheit og imponerande høgde, og tenkjer ho hadde aldri sett ei så flott ung dame før. Skuffelsen kom fort derimot når kona tok av seg eit par tresko som var ein fot og ein halv høg, og sank ned i det Romer kalla ei lita og tjukk kvinne. I det eine augeblikket var Romer full av beundring for denne kvinnas skjønnheit, som ein kunne anta ut i frå framstillinga at det var høgda som gjorde ho vakker i Romers auge, mens i det neste var ho lita og tjukk, og det eva tydeleg at Romer vart skuffa. Treskoa framstilte Romer som *interessant* dekorert med perlemor, og fortalte, slik både Jones og Hogg fortalte, at det var vanleg for dei syriske kvinner å bruke desse inne i husa sine.²⁰²

Ulik korleis Jones framstilte at jo høgre treskoa er, jo høgre sosial rang har du, fortel Romer at kvinnene i dei første åra som gift får tresko laga så overdriven høge at dei ganske så effektivt kunne rage over sin ektemannen og sjå ned på han. Ei slik framstilling fortel at Romer var alt anna enn positiv til denne skikken, og det var sannsynleg at ho såg på dette som respektlaust ovanfor mannen og ein måte å tamannens rolle i huset. Ho fortalte sjølv ikkje kva ho meinte om høgda eksplisitt, men om kona var naturleg høg ville Romer syns ho var ekstremt vakker, men ikkje når ho gjer det bevisst tydelegvis. Romer framstilte og same høgda på skoa der ho seinare i Damaskus treffer den austerriske konsularens frue som tok i

²⁰⁰ Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.349.

²⁰¹ Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.349.

²⁰² Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt*, Vol. II., s.161-62.

mot ho og hennar selskap i hennar vakre opne gardsplass, med eit par dekorert tresko på, ein for og ein halv høge.²⁰³

Frå eit sosialt teikn til ein måte å overskygge sin mann, har dei ein annan funksjon for Mary Eliza Rogers. På veg tilbake til Hâifa frå Nasaret besøkte Rogers ein tyrkisk guvernør i landsbyen Sherfar'am aust for Hâifa, som inviterte ho vidare inn til haremet der ho vart ønska velkommen av to kvinner, ein eldre og ei yngre. Guvernøren introduserte den yngre som hans kone og mor til hans son David. Mens dei pratar, skyt guvernøren inn og ber hans unge kone lage litt limonade til gjesten. Ved den korte trappa ved podiet stod eit par høge tresko, nesten som stylter, laga av dekorert mørkt tre og perlemor med knallraude reimar. Desse festa ho på sine henna dekorerte føter, for golvet var veldig fuktig og skittent, i tillegg til vatnpyttar her og der. For Rogers var skoa praktiske for å lettare kunne bevege seg rundt i eit slik miljø.²⁰⁴

5.4.2 Tantour

Ein av dei mest omtala utsmykkingane som både fasinerte og vekka avsky hos forfattarane er den tradisjonelle drusiske tantour. Denne var for det meste observert i Libanonfjella, ikkje berre blant drusarane, men også blant maronittane. Ut i frå forfattaranes framstillingar kjem det fram ulike reaksjonar som overrasking, forakt og interesse, ulike forklaringar på bruken av tantouren, framstillingar av undersøkingar av ornamentet osv.

I 1816 i Rasheyah ved foten av Hermonfjellet skreiv Buckingham at dei unge drusiske kvinnene byrja å bære den ved pubertetsalder, og då var den laga av stift papir eller andre billige materialar. På bryllaupsdagen vart bruda presentert ein i sølv av sin ektemann. At denne er i sølv tydar på at dette var kvinner av den høgare klasse, men Buckingham nemnar aldri noko om kva klasse desse kvinnene tilhøyrt. Baron Géramb i 1831-32 opphaldt seg i Bteddin, sørvest for Beirut, i palasset til den lokale fyrsten Emir Kassem, som hadde ei dotter han vart presentert for, saman med hennar bror. Den unge prinsessa bar det Géramb kallar eit uhyre horn som han ikkje var lite overraska over å sjå at ho bar. I følgje Géramb var dette ein del av kleda som alle dei gifte kvinnene i Libanon bar, men at dei av høgare status, som

²⁰³ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt*, Vol. II., s.161-62, 351-60.

²⁰⁴ Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.155-56.

prinsessa, hadde åleine rett til å bære denne før giftarmålet. Hornet var lengre eller kortare basert på kvinnas sosiale status, og prinsessas var ein full to og ein halv fot lang.²⁰⁵

Kven av kvinnene som brukte den var for det meste likt i framstillingane blant forfattarane. I mange av framstillingane var det dei gifte kvinnene som bar den, men og at kvinner av høgare stand kunne bruke den før giftarmål. Nokon av framstillingane verkar motstridande, mens det ved andre verkar som dei har forstått annleis. Buckinghams framstilling gir inntrykk av at alle dei drusiske kvinnene bar tantouren før giftarmålet, mens Gérambs viste eit bilet av at dette var ein del av dei gifte kvinnenes drakt, og at berre den øvste elite hadde rett til å bære den før giftarmålet. Veldig få av forfattarane nemnte noko om den sosiale status til kvinnene, men prata gjerne i veg om lengde og utsmykking, om korleis kvinnene bar den og om korleis dei dekte over den med sløret. Den vart ein kuriositet og eit eksotisk ornament enn eit politisk eller religiøst symbol.²⁰⁶

John Carne stod ved eit seinare tidspunkt i 1821-25 i Beirut og kommenterte at kvinnene i Libanon hadde ein tradisjon frå svunne tider, nemleg å bære eit sølv horn på deira hovud, men at denne tradisjonen ikkje hadde strekt seg til Beirut. John Kinnear, rundt 15 år seinare i 1839, finn i Beirut ikkje berre drusiske, men og maronittiske damer som bar tantouren. Den vart berre bært av dei gifte kvinnene og var ikkje noko del av drakta som var sømmeleg, skriv Kinnear, den som elles var så enkel og grasiøs. Den einslege utsmykkinga tantouren, hadde Edward Hogg i 1832 sett for første gong i landsbyen Hadeed, kor ein innbyggjarar hadde gifte seg med ei drusisk kvinne som hadde behaldt hennar tradisjonelle drakt.²⁰⁷

I si framstilling frå Aaleih rett aust for Beirut, måtte George Jones i 1834, presisere at han ikkje spørte, men skreiv sanninga når han fortalte at det var på mote for kvinnene å sette eit horn på deira hovud som var forma som ein ropert, om ein tok vekk ropertens munnstykke. Jones var tydeleg fasinert av dette eksotiske ornamentet i måten han skreiv på, og legg ut om lengde, materiale og bærermåte. Kva som gjer at han må forsikre sin leser om at dette ikkje var ein spøk, men faktisk så, nemnar han ingenting om. Kan det vere at folk syntest dette høyrest for sprøtt ut? Dette var før fotografiens tid, som seinare hjelpte til med å verifisere denne typen ornament og drakter for lesaren. Det må ha vert ein merkeleg utsmykking å

²⁰⁵ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.394-95; Baron Géramb, *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II., s.93-94. Rasheyah = Rachaiya, Libanon. Bteddin = Beit ed-Dine, Libanon.

²⁰⁶ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.153-55.

²⁰⁷ Carne, *Letters from the East*, s.404-5; Kinnear, *Cairo, Petra, and Damascus*, s.244; Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. I., s.247. Hadeed = mogleg Hadida, Syria.

førestille seg, og sikkert like merkeleg å sjå for første gong, som mange av forfattarane gav eit inntrykk av at det var. På veg frå Shefa 'Amer til Haïfa fekk Mary Eliza Rogers auge på ei gruppe litt spreidde figurar som såg så unaturleg høge og rart proporsjonert ut at ho ikkje skjønte kva dette kunne vere, før nokon fortalte ho at dei var drusiske kvinner. Rogers fortalte at dei bar røyrforma horn, ein til to fot i lengde, festa godt på deira hovud.²⁰⁸

Frederika Bremer drog frå byen Beirut mot nordvest til ei lita høgd kalla Beth-Maré der dei treffe den lokale Emir og hans familie. Dei satt i samtale med Emiren og hans kone når Emirens syster Sitti Amuna meldta sin ankomst. Bremer fortalte at Emiren og hans familie hadde tidlegare hørt til drusarane, men var no gått over til maronittane, altså romersk kristne. Sitti Amuna hadde vert gift med ein drusisk fyrste og hadde på den tid bært det drusiske sølvhornet tantour, men hadde lagt denne frå seg etter at ho vart enke. Det hadde gitt ho svære hovudplager, som ho endå leidd av. I følgje Bremer leidd nesten alle som bar dette sølvhornet av slike hovudplager, blir skalla eller får byll på staden der den sitter. Bremer syns ikkje dette var underleg ettersom den var over ein fot lang, og var av gjennomgåande sølv, og dermed veldig tung. Frå hornets spydspiss heng det ned eit kvit langt slør, ei drakt som såg veldig staselege ut, men meir underleg enn vakker, og gav mykje stivheit til hovudet og haldninga. Hornet vart av fleire av dei drusiske fruer lagt ned, men dei som fortsette tradisjonen med denne utsmykking sov til og med, med den på natta på grunn av styret med å sette den på.²⁰⁹

Dette hornet, som dei fleste kalla tantouren, var ofte dekt med eit slør som hang ned og dekte kvinnene på ulike måtar. John Carne fortalte korleis kvinnene han møte på i Beirut som bar sløret over tantouren, lòt sløret falle på den eine sida av ansiktet, noko som gav dei eit teatralsk og grasiøst inntrykk. Hornet under sløret var ofte ein fot og ein halv lang, i følgje Carne, med uvanlege variasjonar av figurar rissa inn i den og festa til hovudet med eit silkeband. Dette var ein heil fot kortare enn Emir Kassems dotters tantour som var den lengste fortalt om av forfattarane, og det viste eit eksempel på at lengda varierte etter sosial status. I utvalet her var ikkje tantouren ofte ein fot og ein halv, som Carne påpeikte, men forfattaranes framstilling går frå under ein fot til to og ein halv fot.²¹⁰

²⁰⁸ Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.330; Rogers, *Domestic Life in Palestine*, s.158-59. Aaleih = Aalay, Libanon. Shefa 'Amer = Shefar'am, Israel.

²⁰⁹ Bremer, *Livet i gamla världen*, s.371-72. Beth-Maré = Meit Meri, Libanon.

²¹⁰ Carne, *Letters from the East*, s.404-5.

Damene kasta òg sløret over tantouren i Baron Gérambs framstilling i åra 1831-32. Ein tantour som i følgje Géramb ikkje berre var av sølv, men kunne og vere i gull, og var forma som ein ropert. Ingen andre enn Géramb nemnte noko om gull, så det kan ha vert ein måte å gjere den meir eksotisk på for sine lesarar eller så var den faktisk og laga i gull. Han nemnar og eit anna horn som kvinnene festa på den eine sida av hovudet slik at den dekte øyre og kinn, og spissen peikte bak over skuldra. Dess form minnte han om horn brukt av døve menneskjer. Géramb framstilte dette som eit anna horn enn tantouren kvinnene bar på hovudet sitt, mens George Jones framstilte den som tantour i ulik stil i 1834. Han fortalte korleis tantouren vart bært litt frampå toppen av hovudet, men og nokon gongar plassert på sida av hovudet over tinningen, alt etter kva den vakre eller frua hadde lyst til. I Jones framstilling var dette det same hornet, om den var på hovudet eller over tininga.²¹¹

På veg til Balbec over fjella aust for Beirut møte Edward Hogg i 1832 eit einsleg individ på ein av slettene vegen gjekk over. Ei kvinne som bar tantouren stikkande ut frå hennar panne, eit horn som forma ein særeigenheit i Drusarane drakt, dekt med eit blått bomullsslør. Seinare fortalte Hogg om landsbyen Barook, som i hovudsak var buset av drusarar, men der mange var sagt å ha adoptert prinsippa til sine maronittiske naboor. Her var og kvinnene tilslørt i blå slør, som var kasta over det Hogg kalla den uunnverlege del av den drusiske luksuriøsitet, tantouren, noko som skapte ein iaugefallande figur.²¹²

I Barook får Hogg den ære av å undersøke denne tantouren, når vertens kone, av det Hogg kalla verdsetting for teen dei hadde servert verten og hans kone, tar av sin tantour så dei får sjå. Hogg beskriv den dekt av blomstra, stjerner og andre mønster, rissa inn i sjølve sølvornamentet, slik Carne framstilte den. I lengde var den ikkje meir enn ein fot, og i form minna den ikkje mykje om eit horn, men meir om eit uthola rør som auka i diameter frå ein og ein halv tomme i den eine enda, og til tre tommar på den andre enda, der den vidar seg ut som munnen på ein trumpet. Han foreslo at om den eine sida vart lukka igjen, kunne den brukast som ein drikkekopp, lik dei som fortsatt var brukt i Tyskland. Dette rare ornamentet, som han kalla det, vart plassert på ei lita pute på hovudet før den vart festa sikkert på den

²¹¹ Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.330; Baron Géramb, *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II., s.93-94. Balbec = Baalbek, Libanon.

²¹² Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. I., s.247; Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.91-92. Barook = Barouk, Libanon.

øvste del av panna med to silkeband, som hang nesten ned til bakken. Desse hadde store duskar i endane, som hos dei meir sosialt velståande var dyppa i sølv.²¹³

Dei fleste tantourar som vart beskrive såg ut til å tilhøyre dei meir sosialt velståande; dei var lange, oftest i sølv og ofte med mønster og symbolar rissa inn. Buckingham fortalte om tantour i stift papir eller andre billige materialar, mens Jones fortalte om tantour i papp dekt med gull,- eller sølvpapir utan å nemne kven dette var eller i kva anledning dei bar den. Framstillingane generelt gjev eit inntrykk av at alle dei drusiske kvinner bar tantour i sølv, men det var jo lite sannsynleg at alle kunne ha råd til det. Ein kan tenke seg at lesaren kanskje ville forstå dei sosiale teikn, men ein kan ikkje heilt anta det. Hoodfar påpeike at for den vestlege leser var det av lite interesse det faktum at den store majoritet av befolkninga budde ute på landet, kor dei dyrka jorda og produserte i heimen, liv som var veldig annleis enn det den vesle minoriteten av eliten som budde i meir urbane område levde. Det ville forklart kvifor forfattarane vel å skrive mest om dei meir velståande. Disse velståande som ikkje berre hadde tantour i ekte sølv, men og innsett med juvelar.²¹⁴

I Beirut i 1839 beskrev John Kinnear tantouren forma som eit kjegleforma sølvrør. Omrent 18 tommar langt som støtte seg ut frå panna lik einhjørningens horn. Isabella Romer er òg i Beirut, men ein 6-7 år seinare, og har ein underleg lik forklaring og ordlyd til Kinnears framstilling. Kvinnenes drakt var lik i stil til den som dei muslimske kvinnene i Egypt gjekk med, med unntak av hovudplagget som bestod av tantouren, festa til panna støytte den ut lik ein einhjørnings horn.²¹⁵

Dei mange historiene om opphav og bruk av tantouren har mange likskapstrekk, samtidig som dei er ganske så ulike. Buckingham fortalte om korleis det var ein populær oppfatning, både blant dei muslimske, dei kristne og dei andre sektene i dette området, at drusene tilbad sine emblem av generasjonar, som var lagt i ein liten flyttbar heilag oppbevaring, og det hadde vert spekulert i om tantouren hadde originalt vært til ære for guden av ektesenga; og ettersom historia og prinsippa av drusaranes religion var så mystiske og obskure, var ikkje det usannsynleg, mente Buckingham. Den forma dette emblem hadde der under musselin sløret

²¹³ Hogg, *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem*, Vol. II., s.91-92.

²¹⁴ Hoodfar, Homa. «The Veil in Their Minds and on Our Heads: The Persistence of Colonial Images of Muslim Women». *Resources for Feminist Research* 22, nr.3/4 (1992): 5-18, s.11; Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.330.

²¹⁵ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.153-54; Kinnear, *Cairo, Petra, and Damascus*, s.244.

den vart alltid dekt med, kunne kanskje vere forklaringa for denne originalitet så populært fortalt om kvifor ein brukte den.²¹⁶

I følgje Géramb var tilknytinga til hornet hos nokre av kvinnene meir lidenskaplege; dei la den aldri til sides, verken på gode dagar eller ved sjukdom, ikkje ved god helse eller på dødssenga. Dei gjekk ut av denne verda med dette ornamentet på. Hornet vart deretter selt, og det ein fekk for den vart deretter brukt til å betale for å få lest messe for sjefred over den avdøde, noko som i følgje Géramb kunne mogleg vere derfor dei viste ein så lidenskapelege tilknytinga til tantouren. Jones fortalte ein annan historie av kva som skjedde med den etter bruk enn den som Baron Géramb fortel. Den vart i følgje Jones, gitt vidare frå mor til dotter gjennom mange generasjonar. Den vart ikkje sold slik Géramb skreiv, men følgde generasjonane i følgje Jones. 217

Romer hadde ein litt meir grotesk historie om kva som kunne skje med ei utru kone og kva tantouren symboliserte i dette tilfellet. Når den drusiske brur vart på hennar bryllaupsdag tildelt sin tantour, gav ho hennar ektemann ein dolk og bad han om å bruke den til å drepe ho, om ho skulle vise seg å ikkje vere trufast mot han. Denne forordning feila ein drusisk ektemann aldri å oppfylle om han skulle finne ut at hans kone hadde vert utru mot han, og så snart han hadde drepe ho ville han ta av ho tantouren, legge den i ein sekk og sende den til hennar familie som eit bevis på den skam ho hadde ført over seg og sin familie. Skulle han likevel vise seg for godhjarta og ikkje klare å utføre dette strenge påbod på sin svake partner, var det hennar bror som med ein gong tok over og utførte avrettinga. I hennar framstilling av historia brukar Romer ord som visar sympati med begge partar i dette drama; den svake partner og den godhjarta ektemann. Kva ville ho framstille ved å fortelje denne historia? Heile Romers framstilling av kvenna verkar kritisk og med ein oppgitt tone, men likevel med eit slags sympati. Til forskjell frå Rogers, fortel Romer om alt ho finn feil, men gjev ikkje noko alternativ, noko som får det heile til å verke berre fordervat og utan noko håp om kunne rettast opp.²¹⁸

Dei reisandes reaksjonar var blanda og ulike. Nokre, som Buckingham og Jones skriv ikkje noko om korleis dei reagerte på denne utsmykkinga eller kva dei syns om dette. Ulik tilslørkinga og utsjåande var ikkje fokuset på kva dette gjorde med kvinnene, deira fridom eller

²¹⁶ Buckingham, *Travels Among The Arab Tribes*, s.394-95.

²¹⁷ Baron Géramb, *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II., s.93; Jones, *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*, s.330.

²¹⁸ Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.153-55.

moralske liv, men fokuset låg på sjølve tantouren og dess utforming. Dei framstilte fortsatt korleis dei syns dette fekk kvinnene til å sjå ut, men ikkje med ein kritikk på kvinnenes person, mot islam eller det osmanske styret. Tantouren var rett og slett berre eit eksotisk ornament.

Carne meinte tantouren med sløret som falt over den eine sida av ansiktet, gav dei eit grasiøst og teatralsk inntrykk, mens Hogg som merkar seg at det gav ein iaugefallande figur. Merk at i begge tilfella var det saman med sløret at forfattarane gav kritikk på kvinnenes utsjåande. John Kinnear gjør det same når han skriv at tantouren var ikkje noko del av *drakta* som var sørmeleg, den som elles var så enkel og grasiøs, og Romer framstilte at når kvinnene gjekk ut var dei og dette underlege vedhenget, som ho kalla det, dekt frå topp til tå i enorme kvite omslagsslør i bomull som fekk dei ikkje berre til å sjå lite grasiøse ut, men rett og slett groteske.²¹⁹

Thomas Skinner i 1833 møte ein druse og hans kone på veg mot Nasaret. Skinner er mykje meir kritisk i sitt møte med denne utsmykking enn nokon av dei andre forfattarane. «I have never met these horned animals before». Tantouren antyda Skinner å vere fulle to fot lang, og så godt festa at den kunne ha vert brukt som eit forsvarsvåpen. Det verka som det kvite sløret hang frå den, og ein såg ingenting av kvinna enn to stirrande øye. Munnen deira var grave ned i tøyet, og han samanliknar det med beskrivinga av korleis nederlendarane hadde utførte sin vatntortur mot sine offer ved Amboyna. Om dei to vene kvinnene var vakre, var dei ikkje villig til å vise det til ein nyfiken reisande, så godt skjult var dei i sine slør. Dei nådde snart fram til landsbyen som det vesle følgje dei hadde møtt på kom frå. Den bestod av både drusar og kristne, som samla seg ved vegen for å sjå. Kvinnene var av førsteklasse, viste sørte og smilande uttrykk, mens kvinnene i andre enden, var lik figurar kledd for å skremme barn og støyte deira horn inn i mengda. Skinner var tydeleg ikkje ein fan av denne delen av ei drusisk kvinnes drakt, og var frykteleg kritisk i si framstilling .²²⁰

Vi ser igjen og igjen at sløret er det som får dei syriske kvinnene til å verte beskrive som grasiøse og lite grasiøse, figurar og dyr, og rett og slett groteske. Om tantouren i seg sjølv var ein eksotisk og framand utsmykking, vart vanskelegare å lese jo lenger utover 1800-talet ein

²¹⁹ Kinnear, *Cairo, Petra, and Damascus*, s.244; Romer, *A Pilgrimage to The Temple and Tombs*, Vol. II., s.153-55.

²²⁰ Skinner, *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. I., s.108-109.

kjem. Kritikken vart sterkare og tantouren i seg sjølv forsvann litt i kritikken. Den stod fortsatt fram som eit eksotisk ornament, ikkje som eit politisk eller religiøst symbol.

5.5 Avslutning

Framstillinga av dei syriske kvinnene på områdar som utsjåande, klede og tilsløring trer ved analysen fram som full av individuale oppfatningar. Nokre verkar som dei har førestillingane klare allereie før dei kjem som Isabella Romer viser seg kritisk til alt som har med kvinnenes fysikk, andre reflekterer over det dei ser slik Thomas Skinner først nemne at den blå fargen dei hadde på leppene var den verste av slik design og såg ikkje kva det skulle vere godt til, men kjem fram til at skjønnheit er objektiv og sidan han skulle vere der ei stund var det like godt at han lærte seg å vere ein beundrar av slikt.

Kvinnenes utsjåande og fysikk vart framstilt under eit kritisk blikk i mange av reisebøkene, og spesielt frå dei kvinnelege forfattarane. Dei tidlege mannlege reisande var ikkje like opptatt av å framstille kvinnene på denne måten og ein får intrykk av at dei ikkje var så interessert på desse områda frå framstillingar av Ali Bey og James Silk Buckingham. Det er heller ikkje eit så politisk betent område som det er rundt og etter 1850, slik ein kan sanse ein meir kritisk og politisk belyst framstilling enn før.

Tilsløring har politiske og religiøse overtonar, om enn noko mindre enn haremet, mens klede med eksemplar frå sko og tantour var meir eksotiske element enn eit politisk element i frigjering av kvinnene. Det viste seg eit mangfold av individuelle meningar om kvinnene utsjåande og deira klede. Det var tydeleg med eksemplar frå sko som dei gule støvlane og cobcobs, tantouren og kvinnenes utsjåande at dette var meir eksotisk element enn tilsløring og elementa diskutert i førre kapittel. To motsetnadar ved deira påkledning var tilsløring og tantouren, der tilsløring hadde tydelege politiske overtonar, til og med når dei omtala sløret dei dekte tantouren med var dei mykje meir kritisk. Tantouren var meir eit eksotisk ornament enn noko anna, og behandla så i framstillingane.

Kjønnsperspektivet endrar verkeleg diskusjonen når ein samanliknar både menn og kvinner, og dette viser seg Dei var begge objektifiserande, men kvinnene viser seg mykje meir kritiske. Begge kjønn tar for seg dei same elementa, men i omtala om desse kjem det fram eit

mykje meir nyansert bilete av individuelle måtar å framstille kvinnene, og mange ulike meininger om aspekta.

I innleiinga til dette kappitlet nemnte eg korleis Nancy Stockdale har argumentert for at dei reisande satt kvinnene og deira klede inn i ein bibelsk kontekst. Gjennom analysen i dette kappitlet har det komme fram eksemplar på korleis kvinnene vart samanlikna, ikkje berre med bibelske men og kulturelle aspekt. Frederika Bremer og Lady Elizabeth Butler var dei einaste som faktisk satt kvinnene og deira klede inn i ein bibelsk kontekst når ho samanlikna dei betlehemitiske tenestejentene med figurar frå bibelen. Framfor alle andre beundrar ho dei mest, i sine betlehemitiske drakter, antakeleg assosiert med den bibelske Betlehem der Jesu var fødd. Ho nemnar blant anna Biskop Gobats kokk og hennar eigen tenerinne som kunne stå for modellar for dronninga av Saba og Judit. Ved eit tilfelle samanliknar og glede Lady Butler seg over dei mange skikkelsar av ‘Our Lady’ med spedbarn i hendene ho fekk sjå rett utanfor Betlehem. Her måtte dei gamle italienske meistrane fått sine modellar frå, der kvinnene gjekk i blå og raude kapper, akkurat sånn som dei italienske målarane hadde målt dei.

Blant dei andre verkar det å vere meir som ein bi-setning, ein interessant observasjon som fekk dei der og då til å samanlikne det med noko kjent heimanfrå, eller element som var kjente brukt til å samanlikne med det ukjente dei møtte på for å lettare forklare det til sine lesarar. I kapittel 4 såg vi allereie tendensar til dette med John Lloyd Stephens som samanlikna kvinnenes separasjon frå samfunnet med korleis ein i England regulerte kvinnenes oppførsel ved at ein var eksponert til det offentlege auge som såg det minste du gjorde. Dette oppretthaldt ein viss verdigheit i dei offentlege samlingane, der det som skulle verte heldt separert frå resten ville nok vere mindre verdig enn den var. Stephens merka seg og at menn med rikdom øydsalar, slik ein i England kjøper ein ny hest, mens ein i Syria kjøpar ei ny kone.

Isabella Romer samanlikna kvinnenes utsjåande med kvinner i Paris’ eller Londons ballrom og deira sminka ansikt med dei unaturlege voksfugurane i frisørsalongar i Europa. Baron Géramb vert omringa av kvinner som fekk han til å tenke på heksene i stykket Macbeth, Ali Bey nemnar at kvinnene i Jerusalem gjekk med ansiktet avdekt slik dei gjorde i Europa og Edward Hogg samanliknar tantouren med ein drikkekopp han meinte dei fortsatt brukte i Tyskland.

Når ein ser reisebøkene i sin heilheit var ikkje dette noko som stakk seg ut. Det var tydeleg at dette var samanlikningar som vi alle gjer i møte med noko ukjent, vi samanliknar det med noko kjent for oss sjølv og for andre slik at det er lettare å forstå kva ein forsøker å framstille. Framstillingane låste ikkje nødvendigvis fast orienten i ein bibelsk tid, men tidlegare tid, med referanse til dei tidlegare reisande ved omtale av dei same overordna tema.

6 Konklusjon

Gjennom denne oppgåva har eg analysert kva reisebøker har kunne fortelje oss om vestleges framstillingar av kvinner i Syria på 1800-talet. Eg har forsøkt å sjå om det var noko som endra seg, om det var element som kom til eller forsvann, og om Edward Saids orientalisme og kjønnsperspektiv som teori held mål mot kjeldematerialet presentert her. I dette konklusjonskapittelet vil eg samanfatte det eg har funne gjennom analysen og korleis dette svarer på problemstillinga mi, trekke fram eksemplar som vise korleis Orientalisme som felt hadde bygd på kunnskap som allereie var ein integrert del av ein europeisk materiell sivilisasjon og kultur der den ‘andre’ ikkje fekk delta, og løfte fram eit kjønnsperspektiv for å vise eit nyansert bilet av korleis reisebøkene framstille dei lokale syriske kvinnene.

Gjennom heile analysen har fokuset vert korleis vesten såg på Det osmanske riket, enn om korleis det faktisk var. Derfor fortel dei eksemplane som har vert tatt opp her meir om dei reisande, deira fordommar og kultur, enn om dei lokale syriske kvinnene.

Eit overordna aspekt ved kjeldegrunnlaget, eit aspekt som bekreftar at i Orientalisme resirkulere kunnskap, er at det er mange av dei same tema som går igjen. Forfattarane skriv sine bøker rundt eit utval tema som tar opp det meste av plassen i framstillingane. I vedlegg 2 er det vedlagt eit oversyn over dei femten mest nemnde stikkorda som vise at gjennom heile 1800-talet var det ikkje mykje som endra seg i framstillinganes tema i takt med dei sosiale, politiske og kulturelle endringar som tar plass i Syria, og Det osmanske riket. Vi såg korleis dei syriske kvinnene vert omtala i form av dei tradisjonelle draktene til tross for at det meir og meir vart vanleg med parisisk mote blant eliten. Ikkje ein einaste av reisebøkene snakka om ein endring i dei syriske draktene og kleda, men brukar opp igjen dei same kunnskapane og dei same observeringane.

Eit spesifikt eksempel på same observasjon var Isabella Romer som i Beirut 1845 hadde ein underleg lik forklaring og ordlyd til Thomas Kinnears framstilling frå 1839, der dei begge beskrev tantouren festa til panna og at den støyte ut lik ein einhjørnings horn. Det er tydeleg at dei reisande las dei som kom før, og i sine reiser forsøkte å finne og bekrefte det som dei hadde sett. Dette kunne vere brukt til å gi autoritet til deira eigne bøker og stoff ved at dei refererte til det som hadde vert der før. Ein ser at valet av tema som går igjen ofte var dei som er mest kontroversielle og appellerande til lesarane. Tema som haremet som Reina Lewis ikkje kunne unngå å ha med i sin tittel for å pirre lesaren å ta med til tross for dei mange

assosiasjonar som ho sleit med å kontrollere. Tema som tilsløring som vart eit symbol for den reisande på kvinners avskjerming og noko som vekka menn sin fantasi om noko som ikkje eksisterte, i følgje Romer. Orientalisme som eit fagfelt vart fylt opp av kunnskap basert på dei same tema og dei same observasjonane. Eit eksempel på dei same observasjonane var tilsløring, der alle som ein omtalar det store sløret som er kvit og dei mindre ansiktssløra som fargerike i gult, grønt eller svart, ofte i silke med blomar malt på. Dette var gjennomgåande blant framstillingane.

Ein orientalisme som ved gjentatte gongar byggar på gamal kunnskap og ikkje tek omsyn til at der var endringar over århundre, framstilte ein Syria låst i tid, ein stad som ikkje endra seg med dei skiftande tidene, moter eller teknologi. Dei leitar etter dei same tinga, Ali Bey som Lady Butler. Det var ein stad som var låst fast i tidlege tider, underlegen vesten i sivilisasjon og framgang. Slik såg vi Bremer samanlikna dei betlehemitiske kvinnene med figurar frå bibelen og framfor alle andre beundrar ho dei mest i sine betlehemitiske drakter, antakeleg assosiert med den bibelske Betlehem der Jesu var fødd. Ho fann vakre kvinner i Nasaret, men ingen med det ansiktsuttrykk som ein måtte tilegne Jesu moder, mens Lady Butler gleda seg over dei mange skikkelsar av ‘Our Lady’ med spedbarn i hendene ho fekk sjå rett utanfor Betlehem. Her måtte dei gamle italienske meistrane fått sine modellar frå, der kvinnene gjekk i blå og rauda kapper, akkurat sånn som dei italienske målarane hadde målt dei.

Bremer og Lady Butler var ikkje åleine om å samanlikne, men dei var blant eit fåtal som samanlikna med bibelen. Det var heller ikkje mykje dei samanlikna med bibelen eller andre stader nokon av dei, slik som Nancy Stockdale seier at kvinnene sette det dei såg av korleis kvinnene klede seg inn i ein bibelsk kontekst. Med Frederika Bremer vil eg seie meg einig i at ho set dei inn i ein bibelsk kontekst og forsøker å finne det bibelske i det ho ser, men blant dei andre er det meir som ein bi-setning, ein interessant observasjon som fekk dei der og då til å samanlikne det med noko kjent heimanfrå.

John Lloyd Stephens samanlikna kvinnenes separasjon frå samfunnet med korleis ein i England regulerte kvinnenes oppførsel ved at ein var eksponert til det offentlege auge som såg det minste du gjorde. Dette oppretthaldt ein viss verdighet i dei offentlege samlingane, der det som skulle verte heldt separert frå resten ville nok vere mindre verdig enn den var. Stephens merka seg og at menn med rikdom øydsalar, slik ein i England kjøper ein ny hest, mens ein i Syria kjøpar ei ny kone.

Andre som vi såg samanlikna det dei såg med noko kjent var Isabella Romer som ofte samanlikna kvinnenes utsjåande med kvinner i Paris' eller Londons ballrom og deira sminka ansikt med dei unaturlege voksfugurane i frisørsalongar i Europa. I sitt møte med den blå farge kvinnene brukte på leppene resonerte Thomas Skinner seg fram til at det finnast ulike skjønnheitsideal verda rundt, til tross for det lite appetittelege utsjåande fargen gav kvinnene. Den var kanskje endå meir logisk enn den vestlege sminke som var til for å bringe tilbake skjønnhet som hadde visna, var denne typen sminke brukt til å bringe fram noko som naturen aldri hadde tenkt på. Om der var anerkjenning for originalitet var det dei syriske kvinnene som skulle ha den største applausen meinte Skinner.

Dette var nokre av dei få som samanlikna med bibelen eller vestlege element, men i det store og det heile var dette små merknadar når ein ser på reisebøkene som ein heilheit. I kjeldematerialet var det berre Bremer som satt kvinnenes klede inn i ein bibelsk kontekst, slik Stockdale meinte dei kvinnelege reisande gjorde, mens dei andre samanlikna med noko kjent heimanfrå. Framstillingane låste ikkje nødvendigvis fast orienten i ein bibelsk tid, men tidlegare tid, med referanse til dei tidlegare reisande ved omtale av dei same overordna tema.

Under temaet harem har fleire forskrarar som Leila Ahmed, Shirley Foster og Thisaranie Herath, i tillegg til fleire reisande, påpeikt korleis harem var strengt lukka for menn utanfor familierelasjonar. Billie Melman derimot nemne at eit fåtal fekk tilgang, og dette seier eg meg eining i når ein ser at både James Silk Buckingham, Edward Hogg og Baron Géramb fekk komme inn blant kvinnene i deira del av huset. I kulissane såg ein og andre som fekk komme inn som Baron Géramb nemnar ein katolsk armensk biskop og ein lege av ukjent nasjonalitet som fekk komme inn i Emir Bechirs harem, og ein eldre bebuar av fjella som er med han inn i Boutrous harem. Det at eit fåtal fekk tilgang såg vi at John Carne tok opp der han nemnar ved eit harem i Egypt at den som var lege var heldig, for han fekk komme inn og beundre dei vakraste skjønnheitene, føle deira puls og sjå deira hudfarge. Så til tross for desse tydelege framstillingane der menn sjølv fortel frå harem og at det finnast forsking på området, har denne oppfatninga om at harem var lukka for det mannlege kjønn haldt ved opp til vår tid.

Ein framstilling som eg vil presisere fortel noko om eit skilje mellom framstillinga av harem og det faktiske harem som kvinnene del av huset, er James Silk Buckinghams framstilling av hans besøk hos ein entusiastisk mann med det han meinte var ein innrissa stein av stor verdi. Denne steinen var i kvinnenes del av huset, der mannen fører Buckingham

inn i utan noko oppstyr, og kvinnene følgje nyfikne med. Buckingham omtalar aldri dette med ordet harem, men det er tydeleg ut i frå at dette var der kvinnene opphaldt seg, og ordets tyding, at dette var haremet. Seinare på omvising av Pasjaen av Damaskus' tomme palass fortel Buckingham at dei vart vist rundt i hans harem, eit ord som for engelske øyre bringa fram assosiasjonar om ein stad med seksuelle utskeiingar, som var laga for å gje dei mest feilaktige førestillingar om tyrkisk liv, der haremet var utan tvil ein stad for både grusom vald og gjensidig kjærleik.

Til og med tidleg 1800-talet var Buckingham klar over dei feilaktige assosiasjonar som omgrepene ‘harem’ bringa med seg, eit ord som til og med Reina Lewis sleit med å kontrollere frå starten med dei mange idear som er assosiert med omgrepene. Det er eit eksempel på korleis den ‘andre’ ikkje har fått vere med i omtala om seg sjølv, og at eit feilaktig bilet vert malt basert på vestens forståing, konklusjon og tolking, ut i frå vestens synspunkt.

Eit anna eksempel som eg har vist i analysen i kapittel 4, var korleis dei kvinnelege reisande unngjekk å spørje kvinnene spørsmål om oppseding og utdanning, i heimen eller ved ein institusjon av noko slag. Vi har sett ved andre kjelder korleis kvinnene av eliten hadde moglegskapar når det gjaldt utdanning, og mellom linjene i framstillingane var det mange aspekt ved kvinnenes oppseding som kom fram, slik som matlaging og matkonservering. Ved å ikkje gje kvinnene noko plass i framstillinga vert kvinnene objektifisert som noko ein såg utanfrå, og framstillingane vert fylt av kva den vestlege såg og forstod enn kva som faktisk var. Kvinnenes oppførsel vart framstilt som vilkårleg, og ofte samanlikna med barn. Dei tilreisande kvinnene kritiserer dei lokale syriske kvinnene ut i frå eigne fordommar om korleis ting bør vere, og behandlar dei i framstillingane ofte med eit ovanfrå og ned blikk, som kvinner utan moral og kunnskap som må reddast. Til tross for antydingar om eit kunnskapsrikt repertoar, vert kvinnene framstilt som tomme i hovudet og utan edlare mål.

Fleire forskrarar som Valerie Kennedy, Reina Lewis og Billie Melman, har kritisert Edward Said med at han utelata eit kjønnsperspektiv i sin kritikk av fagfeltet orientalisme. Kennedy påpeikte at å ta med eit kjønnsperspektiv ville endre heile diskusjonen, og det er eg einig med. I sine eigne analyser har dei argumentert med at kvinnene normaliserte og domestiserte, og at gjennom sine representasjonar har vestlege kvinnelege reisande vist sympati og søstersamhald. Reina Lewis utfordra Said i hans argument at orientalisme er ein homogen diskurs forkynt av ein målbevist, samla og unekteleg mannleg kolonialborgar.

Eg vil seie meg eining i at kvinnene normaliserte haremets sine framstillingar, men eg vil også seie at dei mannlege gjorde det same i sine framstillingar. Kvinnene var godt kledd, høflege og respektable i Baron Géramb og Edward Hoggs framstillingar. Buckinghams framstilling er normalisering excellence, der ein får inntrykk av at dette berre er ein normal del av huset og ikkje ein stad som er avstengd frå andre. Det var ikkje noko teikn på eksotisme eller halvnakne damer. John Carnes framstilling seier ikkje mykje, bortsett frå at kvinnene kunne observere dei, sjølv om dei sjølve var ute av syn. Kvinnene normaliserte haremets frå ein seksualisert og sensuelt stad i menn sin fantasi, men dei var like objektifiserande, til dels meir enn dei mannlege forfattarane var.

Til tross for at dei kritiserer Said for hans mangel på kjønnsperspektiv og diskuterer kor viktig det er å ta dette med i diskusjonen, tar dei sjølve ikkje dette med i sin forsking. I sine analysar fokusere dei berre på kvinnelege framstillingar, og ein sit med to halver av eit puslespel som ikkje vert satt saman. Dette har eg forsøkt å gjer her, der eg ser på både mannlege og kvinnelege framstillingar over tid. Eit kjønnsperspektiv endrar heile diskusjonen og gjev ein meir nyansert og fleirfaldig representasjon av framstillingar og kunnskapar om austen. Framstillingar frå både menn og kvinner viser fleire perspektiv, meiningar og interesser som går på tvers av tid. Dei tar for seg dei same tema, både menn og kvinner, men korleis dei omtalar desse tema og kva aspekt ved tema dei vel å fokusere på er annleis. Menn får naturleg nok ikkje eit like stort innblikk i dei lokale kvinnenes liv, og dermed vert ein del av deira framstillingar litt tynne når det kjem til tema som haremets og klede.

Dei politiske overtonane får sitt eksplisitte utsegn i Frederika Bremer. Ho er mykje meir eksplisitt i sin kritikk av det osmanske samfunnet og korleis kvinnene vert behandla og lever. Dei er adskilt, skjerm og avstengd frå alt godt som utdanning, oppseding, intelligens, legar og omsorg. Deier forventa å skulle styre eit hushald og oppdra borna til gode medborgarar, når dei sjølve vert gift bort som berre barn. Dei åra dei treng til å lære seg alt dette under ei god mors omsorg vert kutta kort ved eit tidleg ekteskap. Den som lide mest er staten, reflektert i haremets underprivilegerte status, der dei er fråtatt all moglegskap til å vekse og trivast utan eit morskaps gode omsorg. Kvinnene normaliserer på eit viss, men det er tydeleg og at det er like mykje med som mennene å bygge opp under ‘kunnskapen’.

I kapittel 5 tok eg for meg dei litt mindre politisk betente tema. Tilslo ring har politiske og religiøse overtonar, om enn noko mindre enn haremets, mens klede med eksemplar frå sko og tantour var meir eksotiske element enn eit politisk element i frigjering av kvinnene. Her viste

det seg eit mangfald av individuelle meininger om kvinnene utsjåande og deira klede. Det var tydeleg med eksemplar frå sko som dei gule støvlane og cobcobs, tantouren og kvinnenes utsjåande at dette var meir eksotisk element. To motsetnadar ved deira påkledning var tilslørting og tantouren, der tilslørting hadde tydelege politiske overtonar, til og med når dei omtala sløret dei dekte tantouren med. Tantouren var meir eit eksotisk ornament enn noko anna.

Ein ser tydeleg at Orientalisme ved reisebøker bygde på kunnskap som allereie var ein integrert del av europeisk materiell sivilisasjon og kultur, der reisebokforfattarane vel å forhaldar seg til dei same tema som andre før dei har tatt opp, med ein nokolunde lik omtale av dei same element ved temaet. I denne kunnskapen fekk aldri den ‘andre’ delta, som var tydeleg i korleis dei kvinnelege reisande omrent aldri tok seg tid til å spørje kvinnene dei møtte spørsmål om korleis relasjonar, religion eller utdanning fungerte blant dei.

Kjønnsperspektivet endrar verkeleg diskusjonen når ein samanliknar både menn og kvinner. Dei er begge objektifiserande, men kvinnene har vist seg mykje meir kritiske. Dei tar for seg dei same tema, ofte med same element, men i omtala om desse kjem det fram eit mykje meir nyansert bilet av individuelle måtar å framstille kvinnene, og mange ulike meininger om dei aspekta som har vert analysert. Så sjølv om ein tek for seg dei same tema og dei same element, viser det seg eit mangfald av ulike meininger og oppfatningar om ulike områder, mykje meir ved dei mindre politisk betente områda som utsjåande og ornament som tantouren, enn til haremets. Til tider har framstillingane politiske overtonar, mens det andre gongar har ein eksotisk forteljing.

Litteraturliste

Baron Géramb. 1840. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart.

Baron Géramb. 1840. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. II. Philadelphia: Carey and Hart-

Ben-Arieh, Asher. 1983. *The Rediscovery of the Holy Land in the nineteenth century*. Jerusalem: Magnes Press, Hebrew University.

Bey, Ali. 1816. *Travels of Ali Bey in Marocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*. Philadelphia: William Fry.

Bremer, Frederika. 1995. *Livet i gamla världen*. Stockholm: Atlantis.

Bonine, M., Amanat, S. og Gasper, M.E. 2012. *Is There a Middle East?: The Evolution of Geopolitical Concept*. Stanford: Stanford University Press.

Bosworth, C.E. 1986. *The Encyclopaedia of Islam: 5: Khe-Mahi*, bind 5, red. C.E. Bosworth et.al. Leiden: Brill.

Bosworth, C.E. 1997, *The Encyclopaedia of Islam: 9: San-Sze*, bind 9, red. C.E. Bosworth et.al. Leiden: Brill.

Buckingham, James S. 1822. *Travels in Palestine Through the Countries of Bashan and Gilead, East of the River Jordan*, Vol. I. London:Longman, Hurst, Rees, Orme and Brown.

— 1825. *Travels Among The Arab Tribes*. London: A. & R. Spottiswoode.

Butler, Elizabeth. 1906. *Letters from the Holy Land*. London: Adam and Charles Black.

Cabañas et.al. 2016. *Politics, Identity, and Mobility in Travel Writing*. New York og London: Routledge.

Carne, John. 1826. *Letters from the East*. London: Henry Colburn, New Burlington Street.

Corm, G. 2010. *A History of the Middle East*. Reading: Garnet Publishing Limited.

Devlin, John F. 1983. *Syria: Modern State in an Ancient Land*. Boulder, Colorado: Westview Press.

Duara, Prasenjit. 2002. "Ch.23: Postcolonial History". I *A Companion to Western Historical Thought*, redigert av Sarah Maza og Lloyd Kramer, 417-431. Malden, MA: Blackwell Publishing.

Forsdick, Charles. 2012. *Travel Writing. Critical Concepts in Literary and Cultural Studies*, bind 4, red. Tim Youngs og Charles Forsdick, *Approaches to Travel*. London: Routledge.

Foster, Shirley. 2004. "Colonialism and Gender in the East: Representations of the Harem in the Writings of Women Travellers." *The Yearbook of English Studies* 34.

Gelişli, Yücel. 2004. «Education of women from the Ottoman Empire to modern Turkey». *SEER -South-East Europe Review for Labour and Social Affairs*, 04.

Gelvin, James. 2016. *The Modern Middle East*. New York: Oxford University Press.

Haider-Wilson, Barbara, and Dominique Trimbur. 2010. *Europa Und Palästina 1799-1948: Religion, Politik, Gesellschaft = Europe and Palestine 1799-1948: Religion, Politics, Society*. Wien: Verlag Der Österreichischen Akademie Der Wissenschaften.

Hanioğlu, M. Şükrü. 2008. *A Brief History of the Late Ottoman Empire*. Princeton: Princeton University Press.

Harris, William. 2014. *Lebanon: A History, 600 – 2011*. New York: Oxford University Press.

Herath, Thisaranie. 2015. «Women and Orientalism: 19th century Representations of the Harem by European female travellers and Ottoman women». *Constellations* 7, nr.1: 31-40.

Hoodfar, Homa. 1992. «The Veil in Their Minds and on Our Heads: The Persistence of Colonial Images of Muslim Women». *Resources for Feminist Research* 22, nr.3/4: 5-18.

Hogg, Edward. 1835. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol. I. London: Saunders and Otley, Conduit Street.

Hogg, Edward. 1835. *Visit to Alexandria, Damascus, and Jerusalem, During the Successful Campaign of Ibrahim Pasha*, Vol. II. London: Saunders and Otley, Conduit Street.

Hunter, F.R. 2004. «Tourism and Empire: The Thomas Cook & Son Enterprise on the Nile, 1868-1914». *Middle Eastern Studies* 40, nr. 5: 28-54.

Johnson, Samuel. «Naratives of travelers considered.» *Samuel Johnson's Essays (blogg)*. 08.11.2016. <http://www.johnsonessays.com/the-idler/narratives-travellers-considered/>

Jones, George. 1836. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight.

Keatinge, Margaret, C. «Origin of Levantine Costumes,» *Al Mashriq, The Levant* (nettsted). 19.04.04.2018.

http://almashriq.hiof.no/general/600/640/646/costumes_of_the_Levant/origin.html

Keighren, Innes, Chareles W.J. Wither og Bill Bell. 2015. *Travels into print: exploration, writing, and publishing with John Murray, 1773-1859*. Chicago: University of Chicago Press.

Kennedy, V. 2000. *Edward Said: A Critical Introduction*. Cambridge: Polity Press.

Kinnear, Thomas. 1841. *Cairo, Petra, and Damascus*. London: John Murray.

Koppes, C.R. 1976. «Captain Mahan, General Gordon, and the origins of the term 'Middle East'». *Middle Eastern Studies* 12, nr.1: s.95.

Lewis, Reina. 2004. *Rethinking Orientalism*. New Brunswick, New Jersey: Rutgers University Press.

Mazower, Mark. 2002. «Travellers And The Oriental City, c. 1840–1920». *Transactions of the Royal Historical Society* 12: 59-111.

McKay, J. 2011. *A History of Western society* (10th ed.). Boston: Bedford/St.Martin's.

Marshall, Ian. «Passage East». *New York Times Books*. 17.11.2017.

https://archive.nytimes.com/www.nytimes.com/books/first/m_marshall-east.html?_r=1

Melman, Billie. 1995. *Women's Orient: English women and the Middle East, 1718-1918: sexuality, religion and work*. Basingstoke: Macmillian.

Palestine Royal Commission, (Juli 1937). *Report* (CMD 5479). London: His Majesty's Stationary Office. 25.04.2017. <https://palestinianmandate.files.wordpress.com/2014/04/cm-5479.pdf>

— (16 mars 1937). *Report* (CMD 5479). London: His Majesty's Stationary Office. 25.04.2017. <https://palestinianmandate.files.wordpress.com/2014/04/cm-5974.pdf>

Quataert, Donald. 2005. *The Ottoman Empire, 1700-1922* (2nd ed). New York: Cambridge University Press.

Roberts, Mary. 2007. «Pleasures in Details». I *Intimate Outsiders: The Harem in Ottoman and Orientalist Art and Travel Literature*, 59-79. Durham: Duke University Press. 17.04.2018. <https://read.dukeupress.edu/books/chapter-pdf/101328/9780822390459-004.pdf>

Rogan, Eugene, L. 2011. *Araberne: Historien Om Det Arabiske Folk*. Oversatt av Gunnar Nyquist. Oslo: Gyldendal.

Rogers, Mary Eliza. 1865. *Domestic Life in Palestine*. Cincinnati: Poe & Hitchcock.

Romer, Isabella. 1846. *A Pilgrimage to The Temple and Tombs of Egypt, Nubia and Palestine, in 1845-6.*, Vol. II. London: S. & J. Bentley, Wilson, and Fley.

Rugberg Rasmussen, and Erslev Andersen. 1995. *Mellemøst-håndbogen. Fakta om Landene i Mellemøsten og Nordafrika*. 2.utg. ed. København: Systime.

Said, Edward. 2001. *Orientalismen*. Oslo, De norske bokklubbene.

Shepherd, Naomi. 1987. *The Zealous Intruders: the Western Rediscovery of Palestine*, London.

Skinner, Thomas. 1837. *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. I. London: Richard Bentley, New Burlington Street.

Skinner, Thomas. 1837. *Adventures During a Journey Overland to India*, Vol. II. London: Richard Bentley, New Burlington Street.

Somel, Selçuk Akşin. 2001. *The Modernization of Public Education in the Ottoman Empire, 1839-1908*. Leiden, Boston og Köln; Brill.

Stephens, John Lloyd. 1862. *Incidents of Travel in Egypt, Arabia Petræa*. New York: Harper and Brothers Publishers.

Stockdale, Nancy L. 2007. *Colonial Encounters Among English and Palestinian Women, 1800-1948*. Gainsville: University Press of Florida.

Thorbjørnsrud, B. 2001. «Innledende Essay». I: *Orientalismen*, Edward Said, s.VII-XLII. Oslo, De norske bokklubbene.

University of Toronto Libraries. «Kinnear, John Gardiner (1794-1865)». 22.05.2018.
<https://armorial.library.utoronto.ca/stamp-owners/KIN006>

Warren, Charles. 1876. *Underground Jerusalem*. London: Richard Bentley and Son.

Wilson, Charles, Charles Warren og Walter Morrison (red.). 1871. *Recovery of Jerusalem*. New York: D. Appleton & Company.

Ziff, Larzer. 2000 «John Lloyd Stephens». I *Return Passages*. New Haven and London: Yale University Press.

Vedlegg 1

Ali Bey el Abbassi var pseudonymet til Domingo Fransisco Jorge Badía y Leblich, og er antatt å vere fødd i Barcelona 1.april 1767. Han var ein spansk oppdagingsreisande, soldat og spion som støtta den franske okkupasjonen av Spania, og arbeidde for administrasjon under Bonaparte. Ali Bey hadde fått ein liberal utdanning og hadde studert arabisk språk og arabisk kultur og skikkar. I 1803 reiste han til Marokko, der han oppholdt seg i to år under den marokkanske sultan Slimanes tak, mens han lata som han var ein etterkommer av abbasidane under pseudonymet Ali Bey el Abbassi. Slik kunne han dra vidare til Mekka for å utføre Hadj. Ved å utgje seg for å vere muslim kunne han få tilgang til områder elles forboden for andre, som for eksempel Mekka, moskear, bønnestader osv. På veg tilbake frå Mekka reiste han gjennom Syria før han kom til Konstantinopel, der han for første gong vert mistenkt for ikkje å vere muslim, og flyktar tilbake til Spania. Han oppheldt seg i Syria i litt over 2 månader frå midten av juli til slutten av september 1807, og skrev «*Travels of Ali Bey in Morocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*» (1816) om reisa si langs Nord-Afrikas kyst og dei arabiske landa aust for Middelhavet.²²¹

James Silk Buckingham, forfattar av «*Travels in Palestine Through the Countries of Bashan and Gilead, East of the River Jordan, Including a Visit to the Cities of Geraza and Gamala in the Decapolis*» (1825), var fødd i Cornwall, England i 1786. Han hadde lite utdanning og tilbringa ungdomstida si på sjøen, og etter mange år på vandring, der han mellom anna tok reisa gjennom Syria som resulterte i boka over, slo han seg ned i India. Her etablerte han eit tidsskrift, *Calcutta Journal*, i 1818, som fikk stor suksess, før tidsskriftets kritikk av *East India Company* fekk han kasta ut av India i 1823. Det vart rettssak mot *East India Company* som enda med 500 pund i årleg pensjon til Buckingham som plaster på såret. Han fortsette sin journalistikk heime i England og døyde i 1855.²²²

John Carne var ein engelsk forfattar og reisande, fødd i Cornwall i 1789 til ein dedikert metodist familie. Hans far, William, var ein handelsmann, mineagent, redar og bankmann, og hans eldste bror, Joseph, var ein berømt geolog og mineralsamlar. Han gifta seg i 1780 med

²²¹ Bey, Ali. *Travels of Ali Bey in Morocco, Tripoli, Cyprus, Egypt, Arabia, Syria and Turkey*. Philadelphia: William Fry, 1816, s.340; Encyclopaedia Britannica (11th ed.), s.v. «Ali Bey». *Encyclopædia Britannica*, Cambridge University Press, 1911, s.659; Encyclopædia Britannica, (9th ed.), «Domingo Badia y Leblich». New York: Charles Scribner's Sons, 1878, s.227–228.

²²² Shepherd, Naomi, *The Zealous Intruders: the Western Rediscovery of Palestine*, London, 1987, s. 59; *Encyclopædia Britannica*, (11th ed.), «John Silk Buckingham». Cambridge University Press, 1911, s.727.

frøken Anna Cock. Han var medlem av Queens' College (Cambridge) ved ulike tider både før og etter hans reise til austen, men var ikkje medlem lenge nok til å få ein grad. Hans far ville han skulle følgje i hans og hans eldre brors fotspor, men etter ei kort prøvetid i bedrifta var det klart at John hadde store litterære forteljar evner, og faren lèt han få følgje sine eigne ynskjer. Før han drog mot aust, gav han ut ei dikt samling i 1820, «*Poems containing the Indian and Lazarus*». Han forlét England 26.mars 1821 og besøker Konstantinopel, Hellas, Syria og Egypt. I Syria vart han tatt til fange av beduinlar som lét han få gå etter nokre dagar i fangenskap. Vel tilbake i England byrja han på ei brevserie om reisa si for *New Monthly Magazine*, kalla «*Letters from the East*», som hanfor kvar artikkel fekk 20 guineas for. Dette vart seinare satt saman til ei bok, dedikert til Sir Walter Scott, og til saman gitt ut i tre utgåver. Spesielt med denne boka er at det ikkje finnast ein einaste dato, bortsett frå på tittelsida.²²³

Baron Géramb var munk av Trappistordenen, ein katolsk munkeorden som lever etter Benedikts regel. Han var fødd Ferdinand de Géramb 1772 i Lyon, sagt å komme frå ein gamal adeleg familie i Ungarn. Nokre historikarar satt spørsmålsteikn ved både hans fødestad og fødselsdato, og ved hans adelege aner. Han tok ein aktiv rolle i monarkias kamp i Europa mot den franske revolusjon og steig til løytnant-general. I 1808 vart han fanga av Napoleon som kasta han i eit fangehol i Vincennes til 1814 når allierte makter kom seg inn i Paris. Etter at han hadde sagt sitt adjø til keisaren av Austerrike, hadde han bestemt seg for å forlate denne verda. Det var her at han møtte Abbott Eugene av Nortre Dam du Port du Salut som han bedde iherdig om å få lov til å verte tatt opp i ordenen. I 1817 gav han løfta sine. I 1827 vart han sendt til Mt. Olivet klosteret i Alsace, der dei ved revolusjonen i 1830 fekk besøk av ein tropp opprørere på plyndringstukt av klosteret. Sjølv om dei sjølve vart jaga vekk og spreidd, vart klosteret spart for plyndring. Det var her at Baron Géramb bestemte seg for å reise på pilgrimsreise til Jerusalem. I form av sitt embete, var han i stand til å komme inn til kvinner områder som andre menn ikkje hadde tilgang til.²²⁴

Major Thomas Skinner var fødd 1804 i St.John's, New Foundland, til ein Britisk militæroffiser av the Royal Artillery. I 1811 flytta Thomas saman med faren til England og studerte i Shaftesbury, Dorsetshire. Misfornøgd med utdanning, reiste han til Ceylon, India, i 1819 for å besøke faren som var stasjonert i Trincomalee. Her vart han innrullert i Ceylon

²²³ Dictionary of National Biography. «Carne, John». London: Smith, Elder & Co. 1885–1900, s.135.

²²⁴ Baron Géramb. *Pilgrimage to Jerusalem and Mount Sinai*, Vol. I. Philadelphia: Carey and Hart, 1840, s.4-5; «Baron Ferdinand de Géramb». *Catholic Encyclopedia*, Vol.6. New York: Robert Appleton, 1913.

Rifle Regiment som andre løytnant. Han steig i gradene i løpet av åra til sjef for forsvarsgarden i Colombo i 1825, løytnant Quartermaster general og surveyor general i 1833 og endeleg Commissioner of Highways i 1841. Hans reisebok: «*Adventures During a Journey Overland to India By Way Of Syria, and the Holy Land*» var truleg skrevet på ein av hans reiser mellom India og England, kanskje i forbindelse med hans forfremming same året, 1833.²²⁵

George Jones var ein episkopal prest under den amerikanske marine, akademikar og forfattar. Han var fødd i Pennsylvania, USA, yngste son av Robert og Elizabeth Jones. Utdanna ved Yale University, kor han uteksaminerte valedictorian klassen 1823. Etter to år som lærar i Washington D.C., tente han som lærar om bord US marinefregattane USS Brandywine og USS Constitution, og som sekretær for Commodore Charles Morris. Han vart ordinert i den episkopale kyrkja i Hartford, Connecticut i 1831, og deretter tente som sokneprest i Middeltown, Connecticut. I 1832 jobba han igjen med den amerikanske marinens om bord flagskipet USS United States til flåta stasjonert i Middelhavet, og vert overrekt sin ordre som feltprest for den amerikanske marinens 20.april 1833, 3 månader før han ankom Alexandria.²²⁶

John Lloyd Stephens(1805-1852) skreiv: «*Incidents of Travel in Egypt, Arabia Patraea and the Holy Land.*» (1837). Han var ein amerikansk oppdagingsreisande, skribent og diplomat, født i Shrewsbury, New Jersey, son av ein suksessfull handelsmann. Familien flytta til New York når han var eit år gammal, og det var her han fekk si utdanning i klassiske studiar ved to privatskular. 13 år gammal fekk han plass ved Columbia High og uteksaminerte i 1822 på topp i sin klasse. Etter å ha studert juss ved Litchfield Law School stod han på sin eksamen og byrja praktisere i New York. I 1834 valte han å ta ei reise til Europa, og reiste til Egypt og Levanten, før han kom heim i 1836. Seinare skreiv han bøker om reisa si, og andre reiser og utforskingar han føretok seg ved seinare anledningar.²²⁷

John Gardner Kinnear var fødd i Edinburgh, Skottland, 31.desember 1800, som andre son til George og Fearne Kinnear. Han var medlem av bankselskapet, Thomas Kinnear & Sons, som kollapsa i 1833. Deretter fekk han seg jobb hos Henry Watson & Co., Glasgow handelsmenn,

²²⁵ Skinner , Thomas. *Fifty Years in Ceylon: An Autobiography*. Asian Educational Services, 1995, s.3-7.

²²⁶ Jones, George. *Excursions to Cairo, Jerusalem, Damascus and Balbec*. New York: Van Nostrand and Dwight, 1836, s.13-15. Schmitt, Joseph. «Chapel of Hope dedicates hall to historical chaplain». DVIDS. 22.05.2018.

<https://www.davidshub.net/news/109956/chapel-hope-dedicates-hall-historical-chaplain#.VR8PcmIaySP>

²²⁷ Ziff, Larzer. «John Lloyd Stephens». I *Return Passages*. New Haven and London: Yale University Press, 2000, s.61-63.

og var sekretær for Glasgow handelskammer. I 1839 reiser han til Levanten på forretningsreise.²²⁸

«*A Pilgrimage to the Temples and Tombs of Egypt, Nubia and Palestine in 1845–6.*» (1846) av Isabella Frances Romer (1798-1852). Engelsk novelle, reisebok og biograf forfattar født i Marylebone, London, mest kjent for sine reisebøker. Ho var dotter av ein offiser i den engelske hæren, generalmajor John William Augustus Romer og hans kone Marianne, née Cuthbert. Isabella hadde minst ein bror, men lite er det å vite om hennar privatliv. Ho gifta seg med Major Hamerton av det 7nd Fusiliers i 1818, med separerte seg i 1827, og tok tilbake sitt pikenamn. Ho døyde av kreft i London i 1852.²²⁹

«*Domestic Life in Palestine.*» (1860) av Mary Eliza Rogers (1828-1910). Ho var engelsk og reiste i ein alder av 27 år til Palestine med hennar bror, Tom Rogers, som var i britisk diplomatisk teneste. Dei reiste landet rundt på hesteryggen i møter med arabiske leiarar for å forhandle fred mellom stammene. Ho forblei single hele hennar liv, og tok seg av fleire familiemedlemmar. Ho hadde ein sirkel av vennar i artistiske og litterære srklar i London, inkludert William Holman Hunt, John Ruskin og professor Francis Newman (bror til kardinal Newman) som nære vener. I Syria vart ho ikkje berre akseptert i selskap med menn som såg på henne som vis som ein skjeik, men og besøkte harem og holdt samtalar med dei skjerma konene og barna. Ho lærte arabisk ganske fort og teikna kor enn ho reiste, noterte samtalar og observasjonar etter kvart. Ho vart verande med sin bror i Syria i ca. 4 år før ho reiste heim att til London. Her forfatta ho bok nemnt ovanfor. Ho var ein omtenkSAM dame som tok seg av sine foreldre, og tok inn sin bror Harry Rogers tre yngste etter at han og kona Mary Ann døyde i 1873, og hennar bror Edwards fem barn etter at han og kona Laura døyde mens dei budde i Egypt i 1884.²³⁰

Frederik Bremer (1801-1865) skreiv «*Liten pilgrims resa i det heliga landet: första afdelningen: öfversigt af land och folk, Karmel, Nazareth, Cana, Genesareth, Tabor.*» (1865). Ho var svensk, født på Tuorla nær Åbo, Finland, som då høyrde til Sverige. Ho var forfattar, kvinneforkjempar, dyreakтивist og velgjerar. Ho betraktast som den svenske kvinnebevegelsens fremste pioner og som forfattar introduserte h oden realistiske romanen i

²²⁸ University of Toronto Libraries. «Kinnear, John Gardiner (1794-1865)».

²²⁹ Jones, Catherine A.. «Romer, Isabella Frances (bap.1798, d. 1852)». *Oxford Dictionary of National Biography*. Online ed. Ed. Lawrence Goldman. Oxford: OUP. Web. 10 March 2011.

²³⁰ The Woodcarver's Children William Gibbs Rogers, «Mary Eliza Rogers (1828-1910) Author of "Domestic Life in Palestine".» 14.04.2017. <https://woodcarverschildren.weebly.com/mary-eliza-rogers1.html>

Sverige. Hennar roman *Hertha* vart det leiande biletet som førte til at riksdagen i 1858, etter ein heftig debatt, bestemte at ugifte kvinner skulle få rett til å søke om å verte myndiggjort (noko gifte kvinner først fekk i 1921). 27 mai 1856 setter Frederika ut for ein ‘grand tour’ gjennom Sveits, Brussels, Paris, Italia, Malta og vidare til Orienten, der ho ankom 30 januar 1859. Ho vokt opp i Stockholm der familien flytta i 1805. Faren, Karl Fredric Bremer, var ein suksessrik forretningsmann, som gjorde familien veldig velståande, og kjøpte godset Årsta slott i Stockholm for å vise fram si formue. Som i dei fleste velståande familiar vart barna oppdratt og undervist av ei guvernante i heimen. Faren var autoritær og tungsinna, men mot familien styrt av følelsar og humørsjuk. Mor var sosietetsdame med fransk utdanning, og Frederika lærte fransk frå ganske ung. I 1821 reiste familien til kontinentet på ein danningsreise for å eksponere døtrene til språk og kultur. Dei besøkte Tyskland, Sveits, Frankrike og Nederland. Etter at dei kom heim i 1823 deltok Frederika i Stockholms selskapsliv eller broderte, samtalte, leste dikt osv. som passa seg for ei ung dame av hennar stand. Faren dør i 1830 og mora i 1855. Etter at ho kjem tilbake til Stockholm i 1861 deltok ho i politiske debatter. Ho dør etter kort tids sjukdom nyttårsaftan 1865. Var internasjonalt kjent for sine bøker.²³¹

Frederika Bremer og Eliza Rogers møter kvarandre ei kort stund den dagen Rogers må reise tilbake til England og Bremer kjem til Haifa.²³²

Charles Warren var ein britisk general, arkeolog og Metropolitan Police-kommisjonær i London frå 1886-1888. Han var fødd i Wales, son av generalmajor Charles Warren. Han utdanna seg ved Royal Military Academy Sandhurst og Woolwich. 27.desember 1856 fekk han kommisjon som fenrik i Royal Engineers. Han gifte seg med Fanny Margaretta Haydon i 1864. Han var ein hengiven anglikanar og ein entusiastisk frimurar. Han arbeidde blant anna som landmålar ved Gibraltar og som instruktur i landmåling ved Royal School of Military Engineering i Chatham før han reiste med Palestine Exploration Fund til Syra i 1867. Han gjennomførte den første betydelege utgravinga av Jerusalem og starta ein ny epoke i bibelsk arkelologi. Dårleg helse bringa Warren tilbake til England i 1870.²³³

²³¹ Encyclopædia Britannica, s.v. «Frederika Bremer». 22.05.2018.
<https://www.britannica.com/biography/Fredrika-Bremer>

²³² Bremer, Frederika. *Livet i gamla världen*. Stockholm: Atlantis, 1995, s.329; Rogers, Mary Eliza. *Domestic Life in Palestine*. Cincinnati: Poe & Hitchcock, 1865, s.422.

²³³ Coetzer, Owen. *The Anglo-Boer War: The Road to Infamy, 1899-1900*, Arms and Armour, 1996, s.1; Farwell, Byron, *The Great Boer War*, Allen Lane, London, 1976, s.159-161.

Elizabeth Thompson, Lady Butler, var ein av dei få kvinnelege malarane som vart berømt for sine historiske maleria, spesielt dei som viste scener frå slag i krig. Nokre av dei mest kjente er frå Napoleon krigane. Ho var født i Lausanne i 1846, dotter av Thomas James Thompson og Christiana Weller. Ho burja med instruksjonar i kunst i 1862 mens dei budde i Italia. I 1866 reiste ho til London, der ho fekk plass på Female School of Art. Ho vart romersk katolsk etter at familien flytta til Florence i 1869, og det var her ho fekk trening under sin menotr Giuseppe Bellucci og på Accademia di Belle Arti. Hennar maleriar fekk etter kvart stort rykte og var beundra. Det var ein stor oppgang i viktoriansk stoltheit og romantikk for det veksande britiske imperium. Hennar kariere stoppa med hennar giftarmål med Sir William Francis Butler i 1877. Han var ein betydeleg offiser i den britisk hæren, frå Irland. Med han reiste ho rundt i det store britiske imperiet og oppdrog seks barn. Gjennom denne tida vart Lady Butler eksponert for hennar manns overbevisning om at kolonial imperialisme av Storbritannia og andre europeisk land ikkje var det beste for dei innfødde i dei koloniserte landa. Likevel fortsette ho å male scener som viste den vanlege britisk soldats tapperheit. Når hennar mann pensjonerte seg i 1905, flytta dei til Irland, til slottet Bansha.²³⁴

²³⁴ Wikipedia. «Elizabeth Thompson». 19.11.2018.
https://en.wikipedia.org/w/index.php?title=Elizabeth_Thompson&oldid=816512577

Vedlegg 2

Stikkord og nemningar:

Når eg gjekk gjennom stoffet eg fant i reisebøkene der det er nemnt om kvinner i Syria, byrja eg med å sette stikkord til det forfattarane fortalte om i desse møta, og kor mange gongar det same området stikkordet forklarte vart tatt opp. Desse satt eg opp ved kvar av dei reisande i kronologisk rekkefølgje og studerte korleis desse samstemte, om noko skilte seg ut eller endrar seg til visse tider eller med visse personar. Dette resulterte i den statestikken som eg har satt opp i tabellen under.

Logisk sett kan ein tenke seg at jo lenger ein oppheldt seg ein stad, jo meir har ein observert og jo meir kan ein fortelje. Og dette stemmer for så vidt med mine reisebokforfattarar. Mary Eliza Rogers er der lengst av alle, fire år, og ho har eit høgt antal nemningar på alle dei 15 stikkorda som dukka opp mest blant forfattarane. Eg ser og at John Carne, som eg ikkje har rekna meg ut til kor lenge han var i Syria basert på det faktum at han ikkje har nokon datoar i si bok, som mogleg kan ha vert i Syria i opptil fire år basert på årstal på framsida, manglar berre tre stikkord, og Baron Géramb og John Lloyd Stephens, som reiser nokon henholdsvis 10,5 mnd og eit år, manglar óg berre tre stikkord. Den som derimot stikk seg ut er George Warren som er der i tre år, men manglar dobbelt så mange stikkord som Carne, Stephens og Géramb.

Eg ser ein tendens nedover i kor lenge dei oppheldt seg og kor mange av desse stikkorda dei nemner i møte med kvinnene. Edward Hogg og George Jones er dei som er i Syria den kortaste tida, og det reflekterast i at dei har minst antal og nemningar av stikkorda. Likevel er det eit par stykk som går utanfor normen; Isabella Romer som var der i to og ein halv månad, og Frederika Bremer som var der i fem månader. Romer manglar bere eit meir stikkord enn Géramb og Stephens, og Bremer manglar berre eit stikkord totalt. Eg kan tenke meg at dette reflekterer at dei er kvinner, og derfor har fleire naturlege møter med kvinnene, meir å observere og dermed meir å skrive, i forskjell til mennene.

Vidare ser eg at Kinnear, Butler og Bey reiser like lenge som både Romer og Bremer, men manglar mykje fleire stikkord. At dei to er kvinner kan forklare at dei har fleire stikkord enn Kinnear og Bey, men det forklarer ikkje Lady Butlers store mangel på stikkord. Om mogleg kan ein forklare dette med at det Lady Butler inkluderer i reisebøkene vil reflekterer hennar

individuelle interesser, eller kan det ha noko samanheng med at Lady Butler skriv mot slutten av 1800-talet og forutsette at visse emne er allereie kjent og ikkje trengs å forklarast? Ho har generelt veldig få stikkord og få nemningar, så eg kan tenke meg at enten er det mykje ho forvente at folk veit om, eller så er ho ikkje så interessert i å skrive så mykje om syriske kvinner, men heller fokuserer på andre områder.

Interessant er det å sjå at dei første seks stikkorda er ganske godt representert i både antal reisebokforfattarar som nemne dei, men og i antal gonger dei er nemnt gjennom bøkene. Dei siste ni stikkorda viser ein gjentatt tendens til at det er færre enn 4 nemningar på dei forfattarane som skriv om det, bortsett frå Rogers og Bremer som har til dels ein gjennomgåande høg nemninga på alle stikkorda. Bremer manglar berre sørge, og har forhaldsvis ein og to nemningar på reinsleight og helsing. Eit unntak er Skinner som eg har registrert ti nemningar på stikkordet tene.

	Klede	Utsjåande	Tilsløring	Arbeid	Adskilt	Haldning	Harem	Giftarmål	Sørge	Mange	Religiøs	Tene	Reinslegheit	Morskap	Helsing
Ali Bey	7	8	6	2	10	4									
James Silk Buckingham	4	3	1	2	4	2	2	1	1			1	1		
John Carne	2	9	3	7	4	1		1	4	1	2			1	1
Baron Gáramb	9	4	8	8	8	7	3	1	1	1	5		3		
Edward Hogg	5	2	6	1	3	5	1							1	
Thomas Skinner	10	x	11	x	8	4			3	2	3	10	2		2
George Jones	2		2		3		1	1							
John Lloyd Stephens	5	6	5	7	9		1		4	3	1	5	1	2	
John Kinnear	3	2	3		1	2			2			4			1
Isabella Romer	6	4	5	2			1	1	1	2	4	1			1
Mary Eliza Rogers	x	x	x	x	x	x	x	x	13	8	12	x	9	13	x
Frederika Bremer	x	x	13	x	7	x	5	12		13	6	9	2	11	1
Charles Warren		3		10	5	2		2	1	1			2	2	
Lady Butler	1	3		2		1		1			1				

235

²³⁵ Kvar boks markert med eit tall betyr at det er omtalt av den respektive reisebokforfattar, og viser antal gonger eg har observert dette i reiseboka i samanheng med dei stader eg fann syriske kvinner omtala av forfattarane. Der det er markert med ein x har eg registrert meir enn 15 tilfelle. Eliza Rogers viser flest tilfelle av alle reisebokforfattarane per stikkord, men dette reflekterer og at ho var kvinne og var i Syria i 4 år.

